

Kommunismens medløparar?

Fem norske venstreintellektuelle og haldningane deira
til Sovjetunionen i perioden 1945-1948.



Mari Torsdotter Hauge

Masteroppgåve i historie

Institutt for arkeologi, konservering og historie

UNIVERSITETET I OSLO

Hausten 2014

*Gud bevare meg fra noengang å
fullføre noe. Hele denne boken er bare et
utkast - nei, bare utkastet til et utkast.
Å, tid, styrke, kontanter og tålmod!*

Herman Melville, *Moby Dick* (1851)

Føreord

«Det verkar som du har trivst med skrivinga,» sa rettleiaren min, Øystein Sørensen, på den siste store manusgjennomgangen av denne masteroppgåva for nokre veker sidan, og han hadde heilt rett. Sidan eg starta på masterprogrammet i fjor vinter og famla meg fram i ukjende arkiv, har det vore ein fest og eit privilegium å få bruka såpass mykje tid på å fordjupa meg i ein organisasjon og ei gruppe fascinerande menneske som på mange måtar er gløynde i Noreg i dag, og det er mange som skal ha takk for at arbeidet har glidd framover og skrivinga har vore noko eg (for det meste) har trivst med.

Først og fremst ein stor takk til rettleiar Øystein som fekk meg interessert i dette temaet, og som har ført meg inn på rett spor kvar gong eg har vingla litt ut av kurs. Eg skuldar også ein stor takk til det venlege personalet på Spesiallesesalen på Nasjonalbiblioteket, som har vist veg i arkivesker og kartotek kort. Å skriva master i historie hadde neppe vore like lett utan gode vener og humørspreiarar på pauserommet i 3. etasje på Niels Treschows hus. Takk til alle som har drukke kaffi i tide og utide dei to siste åra, og ein særleg takk til Ingrid, Maria og resten av Kvinnegruppa Ottar Dahl for å vera gode forbundsfeller i kampen for eit mindre mannsdominert historiefag. Takk også til Elli for god tyskbistand, til Thale, som er min yoda, og til min fantastiske familie, som har heia på meg sidan 1987.

Oslo, 9. november 2014.

Copyright Mari Torsdotter Hauge

2014

Kommunismens medløparar? Fem norske venstreintellektuelle og haldningane deira til
Sovjetunionen i perioden 1945-1948.

Mari Torsdotter Hauge

<http://www.duo.uio.no>

Trykk: Reprosentralen, Universitetet i Oslo

Samandrag

Denne masteroppgåva handlar om forfattarane og journalistane Johan Borgen, Torolf Elster og Sigurd Evensmo, om dramaturg og filmskapar Olav Dalgard og skodespelar og teatersjef Hans Jacob Nilsen. Alle fem var i den første tida etter krigen involverte i organisasjonen Norsk-Sovjetrussisk Samband, og eg undersøker kva haldningar dei hadde til Sovjetunionen og Stalins regime i perioden frå krigen var slutt og Sambandet vart skipa i 1945, og fram til kuppet i Tsjekkoslovakia og debatten som kom i ettertid våren 1948. Dei hadde bakgrunn i den kulturradikale tradisjonen i mellomkrigstida, og fleire av dei kom til å høyra til eit nyradikalt miljø rundt *Orientering* på 1950-talet. Kor norske venstreintellektuelle kulturradikalistar stod i perioden rett etter krigen er lite undersøkt tidlegare, og eg vil her gje eit bilete av haldningane til fem av dei.

Innhaldsliste

Føreord	V
Samandrag	VII
Innhaldsliste	IX
1: Innleiing	1
Problemstillingar	2
Avgrensing, utval og representativitet	3
Kjeldematerialet	4
Kort historiografisk riss	4
Kommunismens medløparar?	7
Oppbygging av oppgåva	11
Om ortografi	12
Om dei sentrale aktørane	13
2: Den norske kulturradikalismen	15
Mot Dag	16
Sosialistisk kulturfront	19
3: Norsk-Sovjetrussisk Samband	25
Sovjet-Unionens Venner	26
Norsk-russisk kultursamband	27
Samlingsforhandlingane	29
Felles framtid med fellesprogrammet	30
Skipinga av Norsk-Sovjetrussisk Samband	31
Delegasjonsreisene	33
4: Reiseskildringar frå Sovjetunionen	35
Reisebrevet som sjanger	36
Sarkastisk forsvarsmekanisme?	36
Hardt debattklima	39
Krigen og atterreisinga	39
Kollektivbruket	43
Samanfatning	45
5: Demokrati og samfunn	47
Sovjet i 1945: Totalitær stat eller demokrati?	47
Val og demokrati	49
Russiske arbeidsleirar?	55
Spaniakomiteen og Haakon Lie	57
Samanfatning	59
6: Kunst og kultur i Sovjetunionen	61
Eit riss av kulturpolitikken i Sovjetunionen før og etter andre verdskrig	61
Johan Borgen om Sovjetunionen under krigen	64
«En veldig respekt for kunsten»	65
Møter med russiske kunstnarar	66
Samanfatning	67

7: Meiningsfellane som svikta	69
Yogien og kommissæren	70
«Det har ringt for annen gang»	74
Frihetens nekrolog over Øverland	76
«Lørdagssmell» for Øverland	77
Ein «forrådt revolusjon»	79
«Hvis der ikke er anden Udvej, saa kast den!»	80
Samanfatning	81
8: Kuppet i Tsjekkoslovakia	83
Norske reaksjonar på kuppet	84
Evensmo: Åleine blant alle andre	85
Forfatarprotesten	86
«Naturlig å stå på kommunistenes side»	87
Elster og Tsjekkoslovakia	88
Samanfatning	92
9: Avslutning	93
Sovjetbegeistringa	95
Debattklimaet	96
Etter Tsjekkoslovakia-kuppet	97
Eit endeleg oppgjer?	98
Orientering og «det tredje standpunktet»	100
Vidare forskning?	101
Konklusjon	102
Kjelder og litteratur	103
Aviser og tidsskrift	103
Arkivmateriale	103
Brev	103
Trykte kjelder	104
Litteratur	105
Vedlegg	108
A: Lista over dei som signerte oppropet for å skipa Sambandet i 1945	109
B: Lista over kulturdelegasjonar til Sovjetunionen i regi av Sambandet 1947-1952	110

1: Innleiing

«Norsk-Sovjetrussisk Samband er et ledd i det viktige arbeid for fred og vennskap mellom folkene. Ved å spre kjennskap til de geografiske, historiske, økonomiske og sosiale forholdene i Sovjetunionen vil Sambandet bidra til å fjerne den mistillit som bunder i uvitenhet og usaklig propaganda.»¹

Denne framstillinga skal handla om fem venstreorienterte åndsarbeidarar i Noreg i tida rett etter at den andre verdskrigen var over: forfattarane og journalistane Johan Borgen, Torolf Elster og Sigurd Evensmo, dramaturgen og filmskaparen Olav Dalgard, og teatersjefen og skodespelaren Hans Jacob Nilsen. Dei stod for ein balansegang i utanrikspolitikken, og brukte posisjonen sin som akta skribentar og samfunnsdebattantar til å agitera for tettare band mellom Noreg og Sovjetunionen då den kalde krigen var under oppsigling. Felles for dei var mellom anna at dei engasjerte seg i organisasjonen Norsk-Sovjetrussisk Samband som vart skipa fredssommaren 1945.²

I denne avhandlinga søkjer eg å kartleggja kva haldningar dei hadde til Sovjetunionen i tida rundt frigjeringa i 1945 og dei påfølgjande åra, og eg vil vidare sjå på *om* og *korleis* desse haldningane eventuelt endra seg etter kvart som norsk utanrikspolitikk vart meir vestvendt – med det definitive brotet våren 1948 med kommunistkuppet i Tsjekkoslovakia og det sovjetiske tilbodet til Finland om ei forsvarspakt. Nokon av dei viktigaste intellektuelle radikale i Noreg og internasjonalt, som Arnulf Øverland, Sigurd Hoel og Arthur Koestler, hadde vendt Sovjetunionen ryggen alt i mellomkrigstida, då Moskva-prosessane vart kjende. Andre venta lenge – kanskje *før* lenge – med å ta eit skikkeleg oppgjær med det totalitære regimet i aust.

Kva haldningar kultureliten i Noreg hadde til Sovjetunionen i denne brubyggingsperioden, som denne fasen ofte blir kalla i norsk utanrikspolitikk, er ikkje undersøkt før, og det er mitt mål at denne avhandlinga skal kunna fylla eit lite tomrom i den elles omfangsrike historia om den

¹ Frå ein udatert vervebrosjyre for organisasjonen Norsk-Sovjetrussisk Samband, som vart skipa i 1945. Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek, ARK-1741/F.

² Norsk-Sovjetrussisk Samband endra namn til Sambandet Norge-Sovjetunionen på landsmøtet i 1963. Eg bruker difor namnet Norsk-Sovjetrussisk Samband i denne oppgåva, og forkortar namnet på organisasjonen til Sambandet.

norske venstresida. Sjølv om dei radikale åndsarbeidarane eg skildrar her stod langt til venstre på den norske politiske arenaen, var ingen av dei medlemmer av Norges kommunistiske parti (NKP), og dei avviste alle merkelappen «kommunist».

Utanom Johan Borgen, som ein periode var journalist i *Friheten*, var dei alle meir eller mindre lauseleg knytt til Det norske Arbeiderparti (DNA). Sigurd Evensmo og Torolf Elster var medlemmer av DNA som journalistar i partiets hovudorgan, *Arbeiderbladet*, men Evensmo meldte seg ut av partiet då landsmøtet gjekk inn for norsk NATO-medlemskap våren 1949. Olav Dalgard var blant DNA sine kandidatar til det første styret i Sambandet sommaren 1945 og var medlem av partiet frå 1933, men elles dukkar namnet hans sjeldan opp i DNA-samanheng etter krigen.³ Hans Jacob Nilsen var engasjert i folketeaterforeininga lenge før krigen, og understreka ofte at han hørde til på venstresida i DNA.⁴

Problemstillingar

Hovudproblemstillinga mi er denne: Kva haldningar hadde ei gruppe venstreintellektuelle som Johan Borgen, Olav Dalgard, Torolf Elster, Sigurd Evensmo og Hans Jacob Nilsen til Sovjetunionen i perioden frå 1945 til 1948? Den raude terroren var velkjend i Noreg på denne tida, men sigeren i krigen, antiamerikanisme og begeistringa for russisk kunst og kultur gav fleire intellektuelle skylappar i omgang med Sovjetunionen. I kva grad gjaldt det desse fem?

Eg ynskjer særleg å undersøka kva haldningar dei hadde til det sovjetiske styresettet og samfunnsordninga, som ikkje var særskild demokratisk, og korleis dei såg på organiseringa av kunst- og kulturliv i Sovjetunionen. Her vil eg mellom anna sjå på om positive haldningar til kunst og litteratur gjorde at dei aksepterte sovjetmakta si samfunnsorganisering og manglande menneskerettar.

Eg vil også undersøka korleis haldningane deira endra seg med tida, og eg vil særleg undersøka om dei følgde den styrande linja i norsk utanrikspolitikk i perioden og vart meir vestvende og meir sovjetkritiske etter kuppet i Tsjekkoslovakia i 1948, og korleis det i så tilfelle kom til

³ Geir Bentzen, «En tid for begeistring. Nordmenn og Sovjetunionen i 1945», *Arbeiderhistorie* (2002), 137 (note 46).

⁴ Sidsel Marie Nilsen, *Helst mot urolig vær. Teatermannen Hans Jacob Nilsen* (Oslo: Aschehoug, 1997), 279.

uttrykk. Ei anna underproblemstilling vil vera å drøfta i kva grad det er fruktbart å bruka eit omgrep som «medløparar» på denne gruppa.

Avgrensing, utval og representativitet

For at ikkje analysen skal bli for omfattande har eg avgrensa perioden eg ser på frå Sambandet vart skipa i 1945 og til kuppet i Tsjekkoslovakia og debatten rundt det våren 1948. Samtidig med kuppet kom også tilbodet til Finland om ei forsvarspakt med Sovjetunionen, noko som gjorde at norske styresmakter kjende ein grunn til å engsta seg ytterlegare. Einar Gerhardsen heldt Kråkerøy-talen på skotårsdagen i 1948 med kraftig brodd mot kommunismen, noko som skulle bli eit vasskilje i norsk politikk. Rotihaug har vist korleis dette var den definitive slutten for den første glansperioden til Sambandet. Etter kuppet og Kråkerøy-talen leverte mange medlemmer skriftlege utmeldingar til organisasjonen.⁵

Av dei mange hundre menneska som på ein eller annan måte var tilknytt Sambandet i perioden 1945 til 1948 har eg valt ut fem venstreradikale intellektuelle som eg har ynskja å studera haldningane til. For å kunna analysera og gå i djupna på nokon sine haldningar, ein rein kvalitativ eigenskap, må ein gå grundig til verks med tekstanalyse, og det seier seg sjølv at det ville vore vanskeleg å inkludera særleg fleire enn ein handfull innanfor rammene av ei masteroppgåve. Eg har teke utgangspunkt i dei som var med i Sambandet sine kulturdelegasjonar i denne perioden og har valt meg ut personar som a) har kulturarbeid som sitt hovudvirke, b) ikkje var medlem av Noregs Kommunistiske Parti og c) kom til orde nok i norsk presse i denne perioden til at eg hadde eit godt nok kjeldegrunnlag til å vurdera haldningane deira.

Ein kan difor spørja seg om desse fem, Borgen, Dalgard, Elster, Evensmo og Nilsen er representative for alle norske intellektuelle som stod til venstre for sentrum av DNA i denne perioden. Det synest eg vanskeleg at ein kan seia at fem personar er, uansett kva gruppe dei skal representera. Når ein i tillegg er inne på normative vurderingar som desse haldningsanalysane er, kan ståstaden i nokre spørsmål sjølvstøtt disharmonera med ståstaden i andre spørsmål ein kunne trudd dei ville ha felles oppfatningar om. I haldningsanalysane som kjem fram i denne avhandlinga vil eg difor understreka at dei ettertrykkjeleg berre representerer seg sjølve. Kva er då poenget, kan nokon spørja? Eg meiner det er viktig å få fram synspunkt og haldningar til fem av

⁵ Ingunn Rotihaug, "Sambandet Norge-Sovjetunionen 1945-1970. Kulturambassadør eller politisk reiskap?" (hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 1998), 80.

tidas viktigaste kulturutøvarar, som var med på å farga aust-vest-debatten og gje folk kulturopplevingar både i samtida og i lang tid framover.

Lillelord-trilogien til Johan Borgen er framleis på leselistene i dei fleste norske vidaregåande skular. *Englandsfarere* av Sigurd Evensmo var det for førre generasjon, og er eit viktig skjønnlitterært verk om dramatiske krigsopplevingar. Torolf Elsters antifascistiske *Historien om Gottlob* (1941) er kåra til ein av dei beste norske kriminalromanane gjennom tidene,⁶ mens Hans Jacob Nilsen vart legendarisk som Peer Gynt på nynorsk på Det Norske Teatret i 1948, kor Olav Dalgard var litterær rådgjevar gjennom eit halvt hundreår. Og sjølv om desse fem ikkje kan reknast som representative for ein samla norsk intelligentsia i ein tidsperiode, kan ein rekna med at haldningane deira ikkje var oppstått i eit vakuum, og at ein truleg kan finna liknande tendensar hjå fleire andre forfattarar, film- og teaterfolk i perioden om ein berre ser etter.

Kjeldematerialet

Kjeldematerialet eg har nytta i denne oppgåva er for det aller meste aviser. Eg har nytta det digitaliserte avisarkivet på Nasjonalbiblioteket, og gjort søk i avisene *Aftenposten*, *Arbeiderbladet*, *Dagbladet* og *Friheten*, som alle er tilgjengelege innafor min tidsperiode. Her har eg gjort søk på Sambandet, og på namna til dei fem personane eg skriv om, og gjennomgått alle treff i perioden. Dermed har eg fanga inn det mest essensielle av lesarinnlegg, kronikkar og kommentarartiklar. Gjennom artiklane og notisane som er skrivne om Sambandet har eg fått eit bilete av aktiviteten og omtalen av denne organisasjonen i perioden.

I tillegg til dette materialet har eg gjennomgått arkiva etter Torolf Elster og Johan Borgen i Nasjonalbiblioteket, og ein del materiale etter Hans Jacob Nilsen i Teatersamlingen ved same institusjon. Her har eg særleg gjort bruk av nokre manuskript, avisartiklar frå utanlandske aviser, og brev. Boka *Fra Leningrad til Armenia*, utgitt av Sambandet i 1947, etter delegasjonsreisa det året, er ei anna nyttig kjelde. Eg har også brukt memoarbøkene til Sigurd Evensmo og Olav Dalgard for å sjå korleis dei omtalte perioden eg skriv om på 1970-talet.

Kort historiografisk riss

⁶ *Dagbladet*, 23. juli 2009, <http://www.dagbladet.no/2009/07/23/kultur/litteratur/krimk/krimkaring/krim/7324116/> [lesedato: 01.11.2014]

Som tittelen avslører, er dette meint å vera eit kort historiografisk riss, og å gje ei uttømmende skildring av tidlegare norsk sovjetforskning vil ikkje berre sprenga rammene for denne oppgåva, men også bidra til å forvirra meir enn å klargjera, noko som jo er siktemålet med ei kvar historiografisk framstilling. Eg går heller nærmare inn på det som er mitt vesle hjørne av det store sovjetforskningsfeltet, nemleg haldningar til Sovjetunionen på norsk venstreside. Eg går også gjennom kva som tidlegare er undersøkt andsynes norsk-russiske venskapssamband og kjem litt inn på litteratur kring norsk-russisk samarbeid.

Haldningar til Sovjetunionen på venstresida har blitt kartlagt i fleire master- og hovudoppgåver. Til dei nyleg ferdige undersøkingane høyrer Eirik Wig Sundvall sin analyse av synet på Sovjetunionen i Arbeidarpartiet frå 1939 til 1940, og Halvor Meling si kartlegging av haldningane til Sovjetunionen i Mot Dag.⁷ Sundvall påviste korleis ikkjeangrepsakta med Tyskland og vinterkrigen mot Finland førte til eit nytt syn på Sovjetunionen i Arbeidarpartiet, at mange i partiet byrja å trekkja parallellar mellom Sovjetunionen og fascismen, og at ord som «nazikommunisme» og «totalitær» kom i bruk om arbeidarstaten. Meling har vist at det i Mot Dag eksisterte ei grunnleggjande begeistra haldning til Sovjetunionen i perioden 1930 til 1936, noko som tilbakeviser ein påstand frå Mot Dag-historikar Trygve Bull om at organisasjonen avviste Sovjetunionen fullstendig i 1928. Andre førkrigs-kartleggingar er til dømes Eli Irene Tubaas' undersøking av haldningane til den russiske revolusjonen og det nye sovjetstyret i den norske arbeidarrørsla gjennom ein analyse av fem sentrale aktørar i arbeidarrørsla i første del av 1900-talet.⁸

I den for meg viktige perioden frå 1945 til 1948 har Palle Roslyng-Jensen i ein ny artikkel undersøkt kva haldningar til Sovjetunionen som kom til uttrykk gjennom skandinavisk presse i denne perioden. Han viser at det var ei generell positiv haldning i dei første månadene etter krigen, men at dette snart snudde til å bli meir kritisk ettersom den kalde krigen var i emning. Roslyng-Jensen er også opptatt av framveksten av ei «tredje røyst» i pressa i alle dei tre landa, eit

⁷ Eirik Wig Sundvall, "Nazikommunisme? - Arbeiderpartiets syn på Sovjetunionen 1939-1940" (masteroppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 2013); Halvor Meling, "En ny verden.' Mot Dags syn på Sovjetunionen 1930-1936" (masteroppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 2013).

⁸ Eli Irene Tubaas, "Holdninger i norsk arbeiderbevegelse til den russiske revolusjon og det nye sovjetstyret. En analyse av Adam Egede-Nissens, Arvid G. Hansens, Emil Stangs, Edvard Bull (d.e.)s og Michael Puntervolds holdninger til den russiske revolusjon og det nye sovjetstyret" (hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 2000).

segment som ynskja ei meir faktabasert framstilling av Sovjetunionen ettersom dei meinte sovjetkritikarane var propagandistiske og baserte kritikken sin på eit falskt grunnlag.⁹

Blant andre avisundersøkingar er Erling Tore Sahr, som har sett på norske pressereaksjonar på den sovjetiske politikken i Aust-Europa i perioden frå 1948 til 1968, og Peter Christopher Aam, som har undersøkt synet på Sovjetunionen i *Arbeiderbladet* frå 1945 til 1948. Her er Torolf Elster ein viktig aktør. Kjetil A. Knarlag har teke føre seg perioden etter Stalins død og ser på haldningane til Sovjetunionen slik dei kom til uttrykk i avisa *Orientering*, med Sigurd Evensmo som første redaktør, i perioden 1952 til 1964.¹⁰ Historikar og journalist Arnhild Skre har undersøkt vestvendinga i norsk presse i perioden 1947 til 1949, kor ho mellom anna har omtalt «utfrysinga» av Sigurd Evensmo i *Arbeiderbladet*.¹¹

Ingen av desse framstillingane har undersøkt haldningar blant intellektuelle. Undersøkingane av kva synspunkt som kjem fram i ei eller fleire aviser er innimellom gjort, som hjå Knarlag, Aam og Meling. Men sentrale åndsarbeidarar – skribentar og andre kulturarbeidarar – særmerkte seg i den norske offentlegheita. Å kasta lys over kva representantar for ein generasjon med viktige røyster meinte om Sovjetunionen i desse åra er viktig, og difor meiner eg at denne avhandlingsa kan vera eit nyttig tilskot til den stadig veksande litteraturen om historia til den norske venstresida.

Når det gjeld dei norsk-sovjetiske venskapssambanda som dannar utgangspunktet for mi undersøking, er det eit aspekt ved dei gjennomstuderte norsk-russiske relasjonane som har vore overraskande lite undersøkte i den historiske forskinga tidlegare. Den første og til no einaste hovudoppgåva om norsk-russiske venskapssamband kom i 1998, og er skriven av Ingunn Rotihaug. Ho har kartlagt Sambandet i perioden frå 1945 til 1970, og har sett særskilt på om det «berre» var ein kulturell utvekslingsorganisasjon eller om han også fungerte som frontorganisasjon for kommunistane. Rotihaug har basert oppgåva si på kjelder frå det russiske statsarkivet, GARF. I tillegg har historikar Geir Bentzen skriva ein nyttig artikkel om nordmennene som engasjerte seg

⁹ Palle Roslyng-Jensen, “From World War to Cold War: Scandinavian media attitudes to the Soviet Union 1945-1948,” *Scandinavian Journal of History* 37, nr. 4 (2012): 526-548.

¹⁰ Erling Tore Sahr, “Norske pressereaksjoner på Sovjets politikk i Øst-Europa i perioden 1948-1968” (hovudoppgåve i historie, Universitetet i Bergen, 1974); Peter Christopher Aam, “Arbeiderbladet og synet på Sovjet 14. mai 1945 – 21. juli 1948” (hovudoppgåve i historie, NTNU, 1997); Kjetil A. Knarlag, “Orientering og synet på Sovjetunionen 1952-1964” (hovudoppgåve i historie, NTNU, 1999).

¹¹ Arnhild Skre, “En kostbar og farlig tid’. Vestvendingen i norsk presse 1947-1949,” *Norsk pressehistorisk tidsskrift* (november 2010): 40-106.

i Sambandet i 1945. Han har hatt tilgang andre kjelder enn Rotihaug, og har hatt høve til å visa ein kontinuitet frå organisasjonane i mellomkrigstida og fram til Sambandet vart skipa i 1945, som manglar i framstillinga til Rotihaug.

Utover desse bidraga er nokre delar av aktiviteten til Sambandet også nemnt i *Norsk utanrikspolitisk historie* og i Lund-rapporten frå 1996. Her er det særleg Sambandet som mogleg frontorganisasjon og politisk reiskap for sovjetiske styresmakter som er tema. Historikaren Ole Martin Rønning har arbeidd i fleire år med ulike tilnærmingar til norsk-russiske relasjonar. I 2002 skreiv han ein artikkel om norsk-russiske relasjonar i mellomkrigstida, både når det gjeld handel, diplomati og kontakt gjennom arbeidarrørsla. I 2010 kom doktorgradsavhandlinga “Stalins elever” om dei norske kommunistane som deltok på kaderskulane i Sovjetunionen på 1920- og 1930-talet.¹² I 2012 kom det dessutan ut ein antologi over norsk-russiske diplomatiske bindingar frå 1814 til i dag, ei av fleire utgjevingar frå eit stort norsk-russisk forskingsprosjekt ved Norges arktiske universitet (UiT), kor Åsmund Egge og Sven G. Holtsmark har bidrege med ein artikkel om sovjetiske diplomatar og den norske venstresida.¹³

Kommunismens medløparar?

Ein del av den såkalla sovjetforskinga både i Noreg og internasjonalt etter krigen føyer seg også inn i eit område-overgripande felt kalla totalitarismeforskning, som fekk ny vind i segla etter Sovjets fall, og som på Blindern har hatt ei eiga tverrfagleg forskingsgruppe kalla Nettverk for studier av totalitarisme og demokrati (NEST) sidan 2008. Det som særleg skil NEST og mykje internasjonal forskning på totalitarisme i dag frå tidlegare periodar, er ei skjerpa interesse for totalitære ideologiar: ein er meir interessert i det tankesettet som ligg bak ulike totalitære rørsler og regime, enn av den realhistoriske kartlegginga av forløp og framgangsmåte i slike regime.¹⁴

¹² Ole Martin Rønning, “Norsk-russiske forbindelser i mellomkrigstiden. Noen trekk ved den norske virksomheten i Russland,” *Arbeiderhistorie* (2002): 33-51; Ole Martin Rønning, “Stalins elever : Kominterns kaderskoler og Norges kommunistiske parti 1926-1949” (doktorgradsavhandling i historie, Universitetet i Oslo, 2010).

¹³ Åsmund Egge og Sven G. Holtsmark, “Soviet diplomats and the Norwegian left, 1921-1939,” i *Caution & Compliance. Norwegian-Russian Diplomatic Relations 1814-2014*, red. Kari Aga Myklebost og Stian Bones (Stamsund: Orkana akademisk, 2012): 101-112.

¹⁴ Omtale av siktemålet med NEST på nettsidene til nettverket:

<http://www.hf.uio.no/iakh/forskning/nettverk/totalitarisme/> [lesedato: 23.10.2014]

Terrorhandlingane 22. juli 2011 aktualiserte for alvor forskinga på høgrekstreisme i Noreg. NEST arrangerte ein konferanse om høgrekstre ideologiar på Litteraturhuset 9. februar 2012 og følgde opp med fleire bøker, mellom anna antologien *Høgrekstreisme* som samla trådane frå konferansen. Året etter svinga pendelen over til venstrekstreismen, som stod i fokus for ein tilsvarande konferanse i februar 2013.

I opningsføredraget på denne konferansen kom professor Øystein Sørensen inn på eit litt gløymd omgrep i den norske debatten dei siste tiåra, «fellow-travellers», eller medløparar på norsk, eit fenomen som er særmerkt for det ekstreme venstre. Ein fellow-traveller er ein person som sympatiserer med og forsvare kommunistiske rørsler eller regime utan sjølv å forplikta seg til kommunismen gjennom til dømes medlemskap i eit kommunistisk parti. I heile verda har kunstnarar, forfattarar, pressefolk og andre intellektuelle stått i kø for å sleppa inn i kommunistiske regime for å med eigne auge sjå resultatet av proletariatets revolusjon.

Medløparar i litteraturen

På 1920- og 1930-talet var trafikken til Sovjetunionen frå Vesten stor. Det var då Lev Trotskij lanserte dette omgrepet (russisk: *poputtsjiki*), som han brukte på dei intellektuelle frå Vesten som han meinte hadde si rolle i verdsrevolusjonen som formidlarar av sosialismens suksess til heimlanda sine, der revolusjonen enno ikkje hadde fått fotteste.¹⁵ Internasjonalt er det skrivne fleire bøker om slike medløparar, med Paul Hollanders *Political Pilgrims* og David Cautes *The Fellow-Travellers* som dei viktigaste bidraga. Hollander tek føre seg vestlege intellektuelle sine reiser til Sovjetunionen, Kina og Cuba i perioden frå 1928 til 1978, og kartlegg kven som reiste, kva det var som appellerte, og korleis reisetrendane var i ulike periodar.¹⁶ Boka til Cauter kom i to utgåver, den første i 1972, den neste, som eg har brukt, i 1988. Her har han oppdatert kjeldematerialet sitt til også å dreia seg om Vietnam, og han går meir direkte inn på fellow-traveller-omgrepet enn Hollander.

Omgrepet fellow-traveller er også politisk lada. Det var det dei vart kalla, dei som vart skulda for å støtta kommunismen i USA, ei skulding som kunne få alvorlege følgjer for ein person under

¹⁵ David Cauter, *The Fellow-Travellers. Intellectual Friends of Communism* (New Haven: Yale University Press, 1988), 1.

¹⁶ Paul Hollander, *Political Pilgrims. Travels of Western Intellectuals to the Soviet Union, China, and Cuba 1928-1978* (New York: Oxford University Press, 1981).

McCarthy-tida på 1950-talet. I åra like etter andre verdskrig vart medløparane første gong tema for historisk forskning, men memoarane og dei pro-sovjetiske reiseskildringane frå mellomkrigstida drukna lenge i anna vestleg sovjetforskning som eksploderte i omfang etter kvart som den kalde krigen utvikla seg og realhistorie vart viktigare enn intellektuell historie.¹⁷ Eit sentralt spørsmål i medløparlitteraturen har vore å forsøkja å finna svar på korleis intelligente, høgt utdanna menneske så til dei grader kunne la seg blenda av lyset frå «sosialismens fyrtårn», eit spørsmål som også er aktuelt for mitt prosjekt.

Borgen, Dalgard, Elster, Evensmo og Nilsen tenkte neppe på seg sjølve som medløparar i denne perioden, og blei i liten grad kalla det i dagspressa. Derimot vart omgrepet «salongkommunist» eller «salongradikal» brukt, gjerne i ein nedsetjande tone, for å omtala personar ein meinte hadde radikale eller kommunistiske synspunkt utan å omsetja desse ideane til praktisk handling. Dalgard vart mellom anna identifisert som «salongradikal» i selskap med Trond Hegna i ein kommentar i *Christianssands Tidende* i 1948.¹⁸

Dei intellektuelle

Øystein Sørensen har skrivt vidare om fellow-travellers i *Venstreekstremisme. Ideer og bevegelser*, antologien som kom ut etter konferansen i februar 2013. Her har han mellom anna blinka ut kva det er som kjenneteiknar ein fellow-traveller, og seier at det ofte dreier seg om intellektuelle:

Personer som passer til beskrivelsen, er gjerne intellektuelle. De er fundamentalt sympatiske til kommunismen som ideologisk fenomen, eller til konkrete kommunistiske regimer og partier. De har en forestilling om et grunnleggende fellesskap som skiller «oss» fra «dem».¹⁹

Ein kunne kanskje vore freista til å seia at det finst like mange oppfatningar av kva ein intellektuell er, som det finst intellektuelle, og å gi ein presis definisjon av dette omgrepet eller denne gruppa, kan vera ei vanskeleg øving. Sosiologen Karl Mannheim var ein av dei første til å forska på intellektuelle som ei gruppe, og han definerer intellektuelle som personar som har ei særskilt ansvar for å fortolka verda for samfunnet, og blir trekt fram av Paul Hollander. Han viser også til Julien Benda, som skriv at intellektuelle er «unable to hurt a fly [they] are capable of

¹⁷ Michael David-Fox, "The Fellow Travelers Revisited: The 'Cultured West' through Soviet Eyes," *The Journal of Modern History* 75 (June): 300-335.

¹⁸ *Christianssands Tidende*, 9. januar 1948.

¹⁹ Øystein Sørensen, "Venstreekstremismen og dens omland," i *Venstreekstremisme. Ideer og bevegelser*, red. Øystein Sørensen, Bernt Hagtvet og Nik. Brandal (Oslo: Dreyers forlag, 2013): 7-33.

becoming ferocious in the name of an idea».²⁰ At intellektuelle i særleg grad beskjeftigar seg med idear går att i mange oppfatningar. Øystein Sørensen viser til Thomas Sowell, som i boka *Intellectuals and Society* frå 2010 definerer intellektuelle som «people whose occupations deal primarily with ideas – writers, academics, and the like».²¹ Andre vil også trekkja fram at intellektuelle arbeidar med kultur (gjerne i ei vid forståing av kulturomgrepet), eller at dei er særskilt aktive i den offentlege debatten. Dette kan utelukkja personar som me definitivt tenkjer på som intellektuelle, men som til dømes ikkje var aktive i debatt. Men for dei fem kulturarbeidande i varierende grad debatterande personane det her skal dreia seg om, høver ein slik definisjon godt.

Blant dei intellektuelle medløparane som vitja Sovjetunionen før krigen er dei unge revolusjonære diktarane Rudolf Nilsen (1901-1929) og Nordahl Grieg (1902-1943) dei mest kjende norske einskilddøma. Nilsen var på to reiser til Sovjetunionen i 1926 og 1927, noko som sterkt prega diktsamlinga hans *På gjensyn* (1927), med fleire dikt med motiv frå Moskva. Nordahl Grieg budde i Moskva i 1933-34 for å omsetja Jack London og studera russisk teater. Romanen *Ung må verden ennu være* (1938) er skriven på bakgrunn av opphaldet i Moskva, og vekte stor merksemd då han kom ut. Romanen skildrar forholda i Sovjetunionen i byrjinga av 1930-åra, og forsvarer Moskvaprosessane.

Professor Hans Fredrik Dahl har bidrege med ein artikkel til antologien *Intellektuelle og det totalitære* om nettopp Nordahl Grieg. Dahl samanliknar Grieg med ein annan norsk intellektuell med totalitære trekk: Knut Hamsun. I artikkelen går Dahl særleg inn på kva det var som dreiv dei to forfattarane til dei ekstreme synspunkta. Der Sørensen meiner at intellektuelle er meir predisponert for å gi seg hen til totalitære ideologiar, vel Dahl å søkja etter forklaringa i oppveksten og diktinga til dei to forfattarane.²²

²⁰ Hollander, *Political Pilgrims*, 40.

²¹ Øystein Sørensen, «Intellektuelle og det totalitære – en trist historie,» i: Sørensen, Hagtvat og Steine (red.), *Intellektuelle og det totalitære – pervertert idealisme?* (Oslo: Dreyers forlag, 2014), 10.

²² Hans Fredrik Dahl, «Knut Hamsun og Nordahl Grieg – norske intellektuelle i totalitære bevegelser,» i: Sørensen, Hagtvat og Brandal (red.), *Intellektuelle og det totalitære – pervertert idealisme?* (Oslo: Dreyers forlag, 2014): 16-29.

Oppbygging av oppgåva

Eg startar i kapittel 2 med å gå tilbake til mellomkrigstida og den kulturradikale tradisjonen som prega ein stor del av offentlegheita på den tida. Gjennom Mot Dag og Sosialistisk Kulturfront etablerte Olav Dalgard, Torolf Elster og Sigurd Evensmo med fleire seg som røyster i det offentlege ordskiftet, og dei vart tilhøyrande den kulturradikale tradisjonen i mellomkrigstida med Sigurd Hoel, Helge Krog og Arnulf Øverland i front. Etter at det kulturelle bakteppet for 1945 ligg nokon lunde klart, går eg også litt nærmare inn i historia om Norsk-Sovjetrussisk Samband og forløparane til denne organisasjonen i kapittel 3.

På bakgrunn av undersøkingar i digitale avisarkiv og privatarkiv har eg funne fram til ein del av det dei fem kulturarbeidarane skreiv og sa om Sovjetunionen i denne perioden. For å halda ein viss orden, og for at analysen skal gje meir mening, har eg valt å ordna undersøkingane tematisk heller enn kronologisk. I kapittel 4 går eg gjennom kva dei kommuniserte om Sovjetunionen gjennom ulike reiseskildringar i bøker og aviser frå denne perioden. Eg går vidare inn på kva haldningar dei hadde til styresett og samfunnsorganisering i Sovjetunionen i kapittel 5. Vidare meiner eg det er grunn til å sjå litt nærmare på kva dei meinte om forholda for kunstnarar i Sovjetunionen. Som representantar for kultureliten med engasjement i eit kulturelt venskapssamband er det rimeleg å venta at dei forsøkte å orientera seg særskilt om situasjonen på dette feltet, meir enn på andre område. Eg kjem inn på dette i kapittel 6 om kunst og kultur i Sovjetunionen.

To viktige intellektuelle på denne tida var den engelsk-ungarske forfattaren Arthur Koestler, og Arnulf Øverland. Dei var begge ganske raudglødande kommunistar og antifascistar i mellomkrigstida, men tok mot slutten av 1930-åra sterk avstand frå Sovjetunionen. I kapittel 7 ser eg nærmare på korleis dei som stod på same side som Øverland før krigen, reagerte på at han og andre meiningsfeller no «svikta» saka.

Mot slutten av perioden skjedde det som fekk mange på norsk venstreside, som ikkje allereie hadde snudd, til å leggja flørtinga med sovjet-kommunismen bak seg: kommunistkuppet i Tsjekkoslovakia vinteren 1948. Eg kjem inn på korleis dei reagerte på det, og kva betydning det eventuelt fekk for haldningane deira i kapittel 8. Gjennom desse ulike temaa skal eg altså forsøkja

å streka opp eit bilete av fem norske venstreintellektuelle sine haldningar til kommunistregimet i Sovjetunionen i den perioden som i norsk utanrikspolitikk ofte er kalla for brubyggingsperioden.

Om ortografi

Denne oppgåva er basert på tekstkjelder frå 60-80 år tilbake i tid med sitt opphav i dagspressa. Den som trudde at norske aviser var fulle av skrivefeil i dag, kan ta seg ein tur inn i avisarkivet på Nasjonalbiblioteket og sjå at tilstanden ikkje var betre i 1945. I tillegg til mykje ortografisk slurv var også språket (openbart) annleis før, der ein del skrivemåtar som blir rekna som feil i dag, var gangbare då. I tillegg hadde fleire av dei personane eg studerer gjerne si heilt eigne tilnærming til språk og rettskriving. Det gjeld særleg nynorskbrukaren Olav Dalgard, som aldri hadde lært det relativt nye landsmålet skikkeleg, og skreiv heilt i sin eigen stil, i eit poetisk, særeige, men innimellom frykteleg underleg nynorsk. Innimellom skreiv han også på bokmål. Men det gjeld også den innbitne riksmålsforkjemparen Arnulf Øverland, som skreiv nærmare dansk enn norsk. For å unngå å stadig bryta opp sitata med [sic], gjer eg her merksam på at eg bruker sitata slik dei vart trykte – skrivefeil og alt. Om det skulle utfordra meiningsinnhaldet vil eg heller kommentera det i ei fotnote der eit slikt behov måtte oppstå.

Om dei sentrale aktørane

Johan Borgen (1902-1979). Forfattar og journalist.

Johan Borgen, fødd 1902 i Oslo, debuterte med novellesamlinga *Mot mørket* i 1925. Han byrja som journalist i *Morgenbladet* nokre år seinare, kor han vart kjend under pseudonymet Mumle Gåsegg. Det tok han med seg over til *Dagbladet*, kor han skreiv frå 1933 og til han vart arrestert i september 1941. Resten av krigen var han i Sverige, fram til han 5. mai 1945 var han på plass i Danmark som presseattaché ved den norske ambassaden. Her var han til nyttår. Tilbake i Noreg vart han styreformann i det nyskipa Falken Forlag i 1946. Frå 1947 var han teater- og litteraturmeldar i *Friheten*. Borgen er mest kjend som forfattar av *Lillelord-trilogien* (1955-1957) om den unge Wilfred Sagen frå det fornemme borgarskapet som veks opp og blir nazist, men han skreiv og omsette også fleire teaterstykker. Borgen var også ein nær ven av Hans Jacob Nilsen.

Olav Dalgard (1898-1980). Dramaturg og filmskapar.

Olav Dalgard var fødd i Follidal, men vaks opp i Oppdal. Han vart magister i litteratur og kunsthistorie ved Det kongelige Frederiks Universitet i 1929. Då hadde han også vore med i Sosialistisk studentforening og Mot Dag i fleire år. I 1933 fekk han høve til å delta på den internasjonale amatørteaterkongressen i Moskva, og i 1935 var han med på å skipa Sosialistisk Kulturfront. Under krigen vart han arrestert og sat i tysk fangenskap frå 1942 til freden kom, på Grini og i Sachsenhausen. Dalgard hadde stillinga som litterær konsulent ved Det Norske Teatret i femti år frå 1930. Han skreiv bøker om teaterhistorie og var også blant pådrivarane for å etablere teatervitskap som universitetsfag i Noreg i 1965. I mellomkrigstida laga han fleire filmar om den norske arbeidarrørsla, mest kjent er *Gryr i Norden* (1939) med handling frå fyrstikkarbeidarstreiken. Han var ven og tidvis også kollega med Sigurd Evensmo i *Arbeiderbladet*.

Torolf Elster (1911-2006). Forfattar og journalist, kringkastingssjef.

Torolf Elster vart fødd i Kristiania 1911. I gymnastida på Fagerborg skole engasjerte han seg i gymnasiesamfundet og fekk sosialistiske idear frå Clarté. Hausten etter gymnaset tok han skrittet heilt inn, og vart medlem av Mot Dag. Han debuterte som forfattar med *Muren* i 1936, og skreiv fleire psykologiske thriller- og krimromanar. Elster var redaktør av den illegale avisa *Håndslag* i Sverige frå 1942-1945, og utanriksredaktør i *Arbeiderbladet* 1945-1946, då Sigurd Evensmo var

kulturredaktør. I 1946 slutta han i avisa for å bli redaktør for tidsskriftet *Kontakt*. Mest kjent er han nok som kringkastingssjef i perioden 1972-1981.

Sigurd Evensmo (1912-1978). Forfattar og journalist.

Sigurd Evensmo vart fødd på Hamar i 1912, og tok examen ved Hamar Høiere Offentlige Almennskole i 1930. Som Torolf Elster kom han i kontakt med radikale, sosialistiske idear gjennom gymnasiesamfunnet og Clarté. Evensmo vart aldri medlem av Mot Dag, men hadde kontakt med fleire motdagistar dei neste åra. Han var derimot aktiv i arvtakaren Sosialistisk Kulturfront og sat i redaksjonskomiteen for *Kamp og Kultur* frå 1935-1937. Han var journalist og tidvis kulturredaktør i *Arbeiderbladet*, og ein produktiv forfattar, med mellom anna *Englandsfarere* (1945) og *Grenseland*-trilogien (1947-1951), ei sosial og psykologisk oppvekstskildring.

Hans Jacob Nilsen (1897-1957). Skodespelar, instruktør og teatersjef.

Hans Jacob Nilsen vart fødd i Fredrikstad i 1897 og tok examen artium på reallinja ved gymnaset i byen i 1916. I studietida i Trondheim var han aktiv i studentrevyane, og teatret gav meirsmak. I 1922 debuterte han på Agnes Mowinckels turnéteater som Niels Stenssøn i *Fru Inger til Østraat*. I 1933 vart han sjef for Det Norske Teatret, i 1934 flytta han til Bergen for å ta over Den Nationale Scene. Her var han i nærmare seks år, og engasjerte (og provoserte) særleg i samarbeidet med Nordahl Grieg om oppsetjingane *Vår ære og vår makt* (1935) og *Nederlaget* (1937). Under krigen flykta han til Sverige, kor han var med å starta Fri Norsk Scene saman med andre teaterfolk. Etter frigjeringa vart han igjen sjef for Det Norske Teatret frå 1946, og for det nyskipa Folketeatret frå 1952 til 1955. Hans største kunstnarlege suksess var truleg oppføringa av *Peer Gynt* på nynorsk i 1948.

2: Den norske kulturradikalismen

«Men i mellomkrigstiden da sosialismens fremtidssyner ennu fylte sinnene med håp eller angst, hendte det seg at en gruppe unge begavelser av borgerlig opprinnelse for en tid gikk over til arbeiderbevegelsen, ja for en kortere periode endog til kommunismen. De kalte seg Mot dag. Borgerskapets natt stundet mot sin ende, og morgenrøden lyste på himmelen i øst. De utfoldet seg som en asketisk munkeorden under ledelse av Erling Falk, en moderne Loyola (dog uten Gud).»²³

Kulturradikalismen var kanskje det viktigaste straumdraget i norsk åndsliv i mellomkrigstida. Med boka *Drømmen om det frie menneske* har Leif Longum skrive eitt av få norske verk som går i djupna på den norske kulturradikalismen, der han har sett mellomkrigstidas «radikale trekløver», Sigurd Hoel, Helge Krog og Arnulf Øverland, i sentrum for ei utforsking som går både lengre tilbake i tid og forfølgjer straumdraget vidare inn i etterkrigstida.

Å klart definera kva ein kulturradikal er, eller kva ein legg i omgrepet «kulturradikalisme», er likevel ei vanskeleg øving. Sigurd Hoel peika sjølv i 1946 på ein samanhengande kulturradikal tendens i norsk litteraturhistorie dei siste 100-150 åra, og meiningsinnhaldet i kulturradikalismen har naturleg nok variert med tid. Longum forsøker difor å presisera omgrepet nærmare, og spør kva det eigentleg betyr å setja merkelappen «kulturradikal» på ein forfattar.

For å svara på spørsmålet gjev han først ei historisk framstilling av kulturradikalismen, som han delar inn i tre ulike periodar: Den første startar med Henrik Ibsen, Georg Brandes og det moderne gjennombrøtet rundt 1870. Denne tradisjonen får så ei ny oppblomstring med Hoel, Krog og Øverland i mellomkrigstida, før kulturradikalismen gjekk inn i ei krise etter krigen. Krog sa at «triumviratet gikk i oppløsning» i ein tale i høve 70-årsdagen til Arnulf Øverland i 1959.²⁴ Longum meiner å sjå ei tredje bølge for kulturradikalismen frå slutten av 1960-talet, med Jens Bjørneboe og «dagens marxist-leninistiske forfattere,» som han skreiv i 1986.²⁵ Med dette som historisk bakteppe går han laus på det han kallar den kulturradikale tenkjemåten. Longum meiner

²³ Daniel Haakonsen, *Arnulf Øverland og den etiske realisme 1905-1940* (Oslo: H. Aschehoug & co., 1966), 26.

²⁴ Leif Longum, *Drømmen om det frie menneske. Norsk kulturradikalisme og mellomkrigstidens radikale trekløver: Hoel – Krog – Øverland*. (Oslo: Universitetsforlaget, 1986), 14.

²⁵ *Ibid.*, 13.

det handlar om forfattarar i intellektuell opposisjon, at tenkjemåten er prega av rasjonalisme, positivisme og framstegstru, og ikkje minst det han kallar den liberale utopi: «drømmen om det frie mennesket».²⁶ Men sjølv om kulturradikalismen har forgreiningar både framover og bakover i tid, er det mellomkrigstida som er ankarfestet i framstillinga til Longum, og også den perioden dei fleste assosierer med omgrepet. Den sentrale plattformen for intellektuell radikal debatt i denne perioden var organisasjonen Mot Dag og tidsskriftet med same namn som kom ut frå 1921 til 1936.

Mot Dag

Historia om Mot Dag er fortald av Trygve Bull i *Mot Dag og Erling Falk* frå 1955, som framleis er referanseverket for studium av denne organisasjonen. Mot Dag vart til då Erling Falk, høvdingen i organisasjonen gjennom alle åra han eksisterte, kom heim til Noreg etter elleve år i USA, og samla eit knippe revolusjonære unge menn frå Den sosialdemokratiske studentforening rundt seg i ei av dei mest myteomspunne forgreiningane i norsk politisk liv som har vore. Det var Den sosialdemokratiske studentforening, med Falk i spissen, som byrja å gje ut tidsskriftet *Mot Dag* i september 1921, med Axel Sømme som redaktør for dei tre første nummera, før Sigurd Hoel kom inn som redaktør.²⁷

Frå 1922 stod organisasjonen formelt fram som «Den kommunistiske forening Mot Dag», og var tilknytt DNA. Føremålet med Mot Dag var mellom anna å utgjera ein revolusjonær elite etter mønster av sovjetiske bolsjevikar. Organisasjonen var sterkt prega av Erling Falks person, og medlemmene var underlagt strenge krav og plikter. Det var møteplikt, og medlemmene i den indre krinsen av organisasjonen – alle handplukka av Erling Falk – var venta å ofra svært mykje av fritida si på organisasjonen. I tillegg til den indre krinsen var det også ein lausare tilknytt krins, som framleis hadde arbeids- og møteplikt, men som utgjorde det Bull omtalar som «forgårdar» i organisasjonen.²⁸

²⁶ Ibid., 15.

²⁷ Trygve Bull, *Mot Dag og Erling Falk* (Trondheim: J.W. Cappelens forlag, 4. utgåve, 1987), 34.

²⁸ Ibid., 36.

Fram

Ein av desse forgårdane kan ein kanskje omtala *Fram* som. Fram var eit akademisk målblad skipa av målstudentane med trykkinga betalt av Mot Dag, mot at organisasjonen fekk annonseinntektene. Ifølgje Bull fanst det alltid ein krins av motdagistar – dei fleste bondestudentar – som arbeidde innafor Studentmållaget og bygdelaga. I den første perioden, fram til 1925, var Olav Dalgard den heilt sentrale mannen i dette arbeidet, mellom anna som redaktør av *Fram* frå oppstarten.²⁹

Oddmund Hoel skriv at denne alliansen med Mot Dag var viktig for at målstudentane skulle få gjennomslag for sakene sine i Studentersamfundet, og nå vidare ut enn den vesle krinsen i Studentmållaget. Enno i 1920 måtte målstudentane tola piping og flir om dei tok ordet på eige mål på eit av møta i Studentersamfundet.³⁰ Bladet *Fram* var viktig i så måte, og Oddmund Hoel har gjort grundig greie for skipinga av bladet i historia til Studentmållaget i Oslo. *Fram* overlevde i nærmare seks år før bladet gjekk inn i 1929.³¹ Dalgard var redaktør dei første åra til 1925, men då kjende han seg etter eiga fråsegn ferdig med Mot Dag, og skreiv ein krass artikkel om organisasjonen i *Fram*, der han meinte det var liten grunn til å frykta ein blodig revolusjon i Noreg:

Før ho (arbeidarrørsla) kan skape noko nytt og varande må ho vekse seg ut av den revolusjonære romantikk. Draumen om mindretalsdiktatur etter russisk mynster er eit døme på kva galskap denne har prestert. Eit samfunn er ikkje bygt etter sosialvitskaplege doktrinar.³²

Dette var Dalgards politiske farvel til Mot Dag, kommenterte han i 1973, men han var blant dei viktigaste bidragsytarane då restane av Mot Dag vart samla i Sosialistisk Kulturfront rundt 1934-1935, og det ser ut til at han heldt kontakten med fleire motdagistar også etter dette «opprøret».

²⁹ Ibid., 93-95.

³⁰ Oddmund Løkensgard Hoel, "Mellom venstrestaten og arbeidarpartistaten," i *Studentar i målstrid. Studentmållaget i Oslo 1900-2000*, red. Olaf Almenningen, Oddmund Løkensgard Hoel, Geir Martin Pilskog og Håvard Tangen (Oslo: Det Norske Samlaget, 2003), 99.

³¹ Ibid., 101-103.

³² Utdrag frå artikkel i *Fram* 28. juni 1924, sitert frå Olav Dalgard, *Samtid I: Politikk, kunstliv og kulturkamp i mellomkrigstida* (Oslo: Tiden Norsk Forlag, 1973), 80.

Clarté

Då Torolf Elster kom inn i *Mot Dag* som 18-åring i 1929, var organisasjonen i ein tilstand av «taktisk tilbaketrekning», ifølgje Elsters biograf, Sindre Hovdenakk.³³ Dei første åra Elster var medlem kom ikkje tidsskriftet *Mot Dag* ut, og mesteparten av den ytre aktiviteten skjedde i underorganisasjonen Clarté med det tilhøyrande tidsskriftet *Clarté*, der Arne Ording var redaktør. Clarté var ein open støtteorganisasjon for dei som ynskja å engasjera seg i *Mot Dag* utan å meir eller mindre via livet sitt til organisasjonen. Her var det korkje arbeids- eller møteplikt, og organisasjonen og tidsskriftet hadde internasjonalt utspring. Clarté oppstod som ei akademisk, sosialistisk studentforeining i Frankrike etter første verdskrig då Henri Barbusse grunnla tidsskriftet *Clarté* i 1919.³⁴ Den internasjonale Clarté-rørsla var vagt sosialistisk og pasifistisk orientert i byrjinga, men endra snart karakter i bolsjevikisk retning.³⁵ Clarté vart først viktig for *Mot Dag* etter brotet med DNA i 1925. Organisasjonen vart viktig for å rekruttera nye medlemmer, særleg studentar og gymnasiastar. I åra då *Mot Dag* ikkje kom ut i 1929-1931, vart *Clarté* særskilt viktig.³⁶

Her skreiv Elster sin første artikkel, og dei første åra hadde han som jobb å redigera ferdig tidsskriftet. Då tidsskriftet *Mot Dag* starta opp att i 1931, ynskja Falk at Elster skulle ta seg av dei praktiske oppgåvene også her. Elster vart stadig meir sentral i *Mot Dag*, og tidleg i 1932 kom han også med i kronikkgruppa. Den same hausten vart han leiar for studentgruppa i *Mot Dag*, og bidrog etter kvart i den store arbeidsdugnaden for *Arbeidernes Leksikon* på Minnesund. I 1934 vart Elster formann i Clarté, men allereie var det byrja å gå nedover med aktiviteten i både Clarté og moderskipet *Mot Dag*: middagshøgda var passert. Året etter gjekk organisasjonen meir eller mindre i oppløysing, og fekk, som me skal sjå, ein lausare organisert arvtakar i Sosialistisk Kulturfront.³⁷

³³ Sindre Hovdenakk, *Torolf Elster. Balansekunstneren* (Oslo: Pax Forlag, 2011), 33

³⁴ *Clarté* er fransk og betyr klarheit, Barbusse hadde også skrive ein roman med same namn i 1919.

³⁵ Nicole Racine, "The Clarté Movement in France, 1919-21," *Journal of Contemporary History* 2, nr. 2, april 1967, 195.

³⁶ Bull, *Mot Dag og Erling Falk*, 173.

³⁷ Sigurd Evensmo, "Kulturfronten som raknet. Et glemt kapittel om kunstnerne og arbeiderbevegelsen – og et perspektiv" i *Injurier*, red. Odd Eidem (Oslo: J.W. Cappelens forlag, 1965), 81.

«Tilliggende herligheter»

I tillegg til målstudentane og miljøet rundt Clarté var det også ein del andre som var assosierte med Mot Dag utan heilt å vera ein del av redaksjonen. Trygve Bull skildrar ei gruppe han kallar dei «tilliggende herligheter», eldre akademikarar og diktarar. Her trekkjer han særleg fram journalist og forfattar Paul Gjesdahl, som var «en av de meget få menn som næret respekt og sympati, ja stor beundring for Falk, og samtidig evnet å bevare en nøktern, kritisk innstilling». Denne haldninga meiner Bull også er til stades hjå Sigurd Hoel, sjølv om han var medredaktør i *Mot Dag*, så også han blir plassert hjå dei tilliggjande herlegheitane, saman med kulturradikalismens høvding, Arnulf Øverland.³⁸

Arnulf Øverland stod ifølgje Bull ikkje Mot Dag så nær i starten, og stilte i 1923 som motkandidat til formannsvervet i Studentersamfundet mot Mot Dag-kandidat Axel Sømme. «Men da han kom, så kom han også til gangs. Han ble den eneste mann av betydning i Falks egen generasjon som gjennom en lang periode helt gikk inn under hans lederskap,» skriv Bull, men er rask med å understreka at han ikkje som dei unge underkasta seg kritikkløst, men «ut fra et oppriktig tjenersinn overfor arbeiderbevegelsen, valgte han – sikkert ikke uten indre kamp – å innordne sin strie og selvrådige natur under den leder som han mente kunne ‘føre folket hjem’ mot ‘det lovede land’,» skriv Bull.³⁹

Sosialistisk kulturfront

I 1935 var helsa til Mot Dag-leiar Erling Falk så sviktande at organisasjonen meir eller mindre var gått i oppløysing, sjølv om han formelt ikkje vart avvikla før i 1936 og dei fleste medlemmene gjekk inn i Arbeiderpartiet. Sjølv om Arbeidarpartiet og Mot Dag samarbeida mot kommunistane i striden om Moskva-tesane tidleg på 1920-talet, var stemninga mellom dei to organisasjonane dårleg på 1930-talet. Særleg Martin Tranmæl var mistenksamt innstilt til intellektuelle, motdagistane ikkje noko unntak.

Våren 1935 kom ein komité saman for å samla dei kunstnarisk orienterte restane etter Mot Dag saman i ein ny organisasjon. Allereie hadde ei gruppe radikale, sosialistiske malarar med Willi Midelfart i spissen organisert seg måteleg og engasjert seg i debatten om politiseringa av kunsten

³⁸ Bull, *Mot Dag og Erling Falk*, 48.

³⁹ *Ibid.*, 49.

som følgde i kjølvatnet av den i norsk kunsthistorie vidgjetne «Tendens»-utstillinga i 1934. Med Olav Dalgard og Sigurd Evensmo blant dei som stod i front, vart denne målargruppa og restane av Mot Dag samla og Sosialistisk Kulturfront skipa 9. oktober 1935, med støtte frå Folketeaterforeningen.⁴⁰

Historikar og seinare utanriksminister Halvard Lange vart den første formannen, med Olav Dalgard som viseforman og arbeidarpartimann og seinare NS-medlem Håkon Meyer som sekretær. Revisor vart AFL-leiar Konrad Nordahl. Sigurd Evensmo har skrivne ein artikkel om korleis kulturfronten gjekk i oppløysing i artikkelsamlinga *Injurier*, redigert av forfattar og kritikar Odd Eidem, og gitt ut i 1965. Her fortel han også litt om kven som var med.

I løpet av et par år fikk foreningen og tidsskriftet en lang rekke medarbeidere som spilte en framtreddende rolle i mellomkrigstidens kulturliv, f. eks. Sigurd Hoel, Arnulf Øverland, Helge Krog, Hans Heiberg, Ingeborg Refling Hagen, Nic. Hoel (Waal), Reidar Aulie, Willi Midelfart, Axel Otto Normann, Agnes Mowinckel, Olav Dalgard. (...) blant bidragsyterne til «Kamp og kultur» var f.eks. kulturrådets formann Leif Wilhelmsen, Forfatterforeningens formann Odd Bang-Hansen, byråsjef i departementets kontor for kunst og kultur, Ingeborg Lyche, forfatteren og kritikeren Odd Eidem og ambassadør Dag Bryn.⁴¹

Sosialistisk Kulturfront heldt i Mot Dag-tradisjon fram med å gje ut eige tidsskrift, med tittelen *Kamp og kultur*. I dei åra tidsskriftet eksisterte, frå 1935 til 1937, kom det i 17 nummer, med Arne Stai som redaktør, og Dalgard, Midelfart, Meyer og Evensmo i redaksjonskomiteen.⁴² Føremålet med kulturfronten var «å samle på sosialistisk basis arbeidere, intellektuelle og kunstnere til større aktivitet i kunstnerisk og kulturelt arbeid,» ifølgje kunsthistorikar Kathrine Lund, som har skrivne ei bok om målarane i Sosialistisk kulturfront.⁴³ Evensmo skildrar i «Kulturfronten som raknet» at dei som engasjerte seg her kanskje ville «ha dumpet ved en elementær-prøve i planøkonomi og annen hjemlig realpolitikk,» men at til gjengjeld «var Kulturfrontens medlemmer og sympatisører usedvanlig sterkt engasjert i det europeiske dramaet». Kampen mot nazismen og fascismen var den fremste kampen for desse kunstnarane og kulturarbeidarane, held Evensmo fram.⁴⁴

⁴⁰ Longum, *Drømmen om det frie menneske*, 96.

⁴¹ Evensmo, «Kulturfronten som raknet,» 74-75.

⁴² Ibid.

⁴³ Kathrine Lund, *Kunst og kamp. Sosialistisk Kulturfront* (Oslo: Orfeus, 2012), 7.

⁴⁴ Evensmo, «Kulturfronten som raknet,» 77.

Kulturfronten var organisert i ulike faggrupper. Ei for bildande kunst, ei for litteratur, og ei for film og teater. Gruppene hadde separat møteverksemd, men også fellesmøte om tema som engasjerte på tvers av gruppene. Evensmo fortel at ein i mai 1936 hadde føredrag av Sigurd Hoel om «Åndsliv og konsentrasjonsleir», av den tyske flyktingen Hans Pettersen (Peter Blachstein) om tysk litteratur, og Arnulf Øverland «som leser sitt nye arbeide 'Du må ikke sove'».⁴⁵ Men sjølv om viktige arbeidarpartipolitikarar var engasjerte i kulturfronten, kom det snart til splid også med denne fraksjonen. Sigurd Evensmo har gjort greie for dette i «Kulturfronten som raknet,» og Leif Longum har også skrive om det i *Drømmen om det frie menneske*.

«Kulturoffensiven av 1935 – forening og tidsskrift – møtte lenge den store tausheten i Arbeiderbladet,» skriv Evensmo, og held fram: «Og da tausheten omsider ble brutt i mai 1937, var det en dødsdom som ble forkynt.» Dødsdommen kom i form av to leiarartiklar signert Martin Tranmæl, med titlane «Stimannsferd» og «En giftplante».⁴⁶ Sigurd Evensmo viser at konflikten hadde bygd seg opp med at kulturfronten «viste tenner overfor regjeringen Nygaardsvold» i samband med handsaminga av Trotskij i Noreg og mot utanriksminister Halvdan Koht særskilt for handsaminga av Ossietzky-saka. Dråpen kom då *Kamp og Kultur* i 1. mai-nummeret 1937 gjekk til angrep på *Arbeiderbladets* vekeblad, *Lørdagskvelden*.⁴⁷ Longum skriv at Tranmæl «som tidligere» avviste kritikken som usakleg og vondsinna og gjekk til frontalangrep mot

(...) dem som nu kommer i storstøvler og tramper så skitten skvetter. De rumsterer, utsteder karakterer og forlanger snart den enes, snart den annens hode på et fat. I dette tilfelle gjelder det Waages. Var det ikke bedre om de første gjorde klar sin *egen* stilling og sine *egne* ydelser til den sosialistiske arbeiderbevegelse? Dernest kunde kravene komme til andre.⁴⁸

Tranmæl følgde opp dei neste dagane med ein drepende karakteristikk av Kamp og kultur-redaktør Arne Stai («Hvad har han gjort i partiet som berettiger til å optre som selvbestaltet dommer? Vi kjenner ikke hans innsats»)⁴⁹ og vidare mot heile Sosialistisk Kulturfront, som han stilte spørsmål ved om i det heile tatt trongst. Ein burde i alle fall ha rådført seg med partiet,

⁴⁵ Ibid., 79.

⁴⁶ Ibid., 80.

⁴⁷ Ibid.

⁴⁸ Martin Tranmæl i *Arbeiderbladet* 5. mai 1937, sitert i: Longum, *Drømmen om det frie menneske*, 96.

⁴⁹ Martin Tranmæl i *Arbeiderbladet* 14. mai 1937, sitert i: Ibid.

meinte Tranmæl. «Å etablere seg ved siden av partiet innebærer alltid en fare for misbruk fra fraksjonsinnstilte personer,» åtvare han i *Arbeiderbladet*.⁵⁰

Arbeidarpartipolitkar og kulturfront-medlem Håkon Meyer svarte på denne kritikken med å peika på at det var partifeller, blant dei medlemmer av styret og sentralstyret i Oslo Arbeidarparti som tok initiativet til skipinga av kulturfronten. Dette vart avvist av Tranmæl som «lite relevant».⁵¹ Evensmo skriv at dødsdommen kom då Tranmæl stempla kulturfronten som «en trotskistisk giftplante, og dette var dødsdom god nok i de dager», men at det verkelege problemet var, som Longum var inne på, at kulturfronten bestod av intellektuelle, som hadde etablert seg utanfor partiet og med eigen organisasjon og eige blad, utan at denne skipinga var lagt fram for partiet for behandling først.⁵²

Longum viser korleis det var fleire enn Tranmæl og den sentrale krinsen i Arbeiderpartiet som reagerte mot kulturfronten. I *Arbeideravisa* spurte leiarskribenten (truleg redaktør Ole Øisang) i artikkelen «Salongradikalisme eller deltakelse i arbeiderbevegelsen?» om korleis menn som Helge Krog og Arnulf Øverland kunne kjenna samhoer med arbeidarklassen og samtidig vera del av kulturfronten.⁵³ Undergangen for Sosialistisk kulturfront kom ikkje lenge etter desse angrepa. «Døden inntrådte kvikt for 'Kamp og Kultur', som kom ut med sitt siste nummer i juni 1937, to måneder etter dommen i Arbeiderbladet,» skriv Evensmo og fortel vidare: «Foreningen Sosialistisk Kulturfront lå lammet en tid, for så å gjenoppstå i januar 1938 med navnet Sosialistisk Kulturlag og Aase Lionæs til formann».

Sosialistisk Kulturlag

Bromark og Tretvoll skriv at Sigurd Evensmo og Olav Dalgard, på det tidspunkt høvesvis nestformann og formann i kulturfronten, forsøkte å redde stumpene etter angrepa frå Martin Tranmæl tidleg på sommaren 1937. Dei formulerte i sommarferien eit skriv der dei forsøkte å få representantskapet i Folketeaterforeningen, som hadde gitt nådestøyten til foreininga, til å ombestemma seg. Evensmo og Dalgard tok også til motmæle mot eit krav om at kulturfronten

⁵⁰ Martin Tranmæl i *Arbeiderbladet* 15. mai 1937, sitert i: Ibid.

⁵¹ Martin Tranmæl i *Arbeiderbladet* 26. mai 1937, sitert i: Ibid., 97.

⁵² Evensmo, «Kulturfronten som raknet,» 80-81.

⁵³ Longum, *Drømmen om det frie menneske*, 97.

skulle knytast nærmare Arbeidarpartiet, ettersom det hadde eksistert eit samarbeid med Oslo Arbeidarparti sidan starten.⁵⁴

Sosialistisk Kulturlag vart skipa 24. januar i prøvesalen i folketeaterbygningen. Som nemnt vart Aase Lionæs frå Arbeidarpartiet leiar. Arne Stai og Håkon Meyer forsvann ut av organisasjonen, men «en del av de gamle (...) fulgte med på ferden med troens styrke og naivitet,» skriv Evensmo, og listar opp Torolf Elster, Olav Dalgard, Gunnar Janson, Willi Midelfart, Arnulf Øverland, Fredrik Wulfsberg, Finn Fåborg, Tryggve Larssen og seg sjølv blant styremedlemmene i den nye organisasjonen.⁵⁵ Også denne organisasjonen fekk sitt eige tidsskrift, *Revy*, med Evensmo som redaktør, og Olav Dalgard, Arnulf Øverland og Arve Moen i redaksjonskomiteen.⁵⁶ «Kulturlaget hadde også omtrent samme formålsparagraf som sin forgjenger Kulturfronten,» skriv Sigurd Evensmo, og legg til: «Men dertil den lille tilføyelse i paragrafen at laget nå var tilsluttet Det norske Arbeiderparti. Og så døde det.»⁵⁷

⁵⁴ Stian Bromark og Halvor Finess Tretvoll, *Sigurd Evensmo. Alene blant de mange. En biografi* (Oslo: Cappelen Damm, 2009), 101.

⁵⁵ Evensmo, «Kulturfronten som raknet,» 81.

⁵⁶ Bromark og Tretvoll, *Sigurd Evensmo*, 103.

⁵⁷ Evensmo, «Kulturfronten som raknet,» 81.

3: Norsk-Sovjetrussisk Samband

«Den sympati som fra alle sider er vist de russiske krigsfanger i Norge, er et talende vitnemål om den samkjensle med sovjetfolkene som er skapt i det norske folk under krigen. I alle lag av folket er det tilstede en levende trang til å styrke vennskapet og utviklet det kulturelle sambandet mellom Norge og Sovjet-Samveldet.»⁵⁸

Dette er eit utdrag frå eit flammande opprop som stod på trykk i fleire norske aviser ein sein junidag i 1945. Oppropet var signert av 101 personar, blant dei statsminister Einar Gerhardsen, general Otto Ruge og leiaren av Landsorganisasjonen, Konrad Nordahl. Etter at den andre verdskrigen var slutt, var oppslutninga om Sovjetunionen stor i Noreg. «De kjempet også for oss. Vi har en ubetalelig gjeld til det russiske folk» heitte det i kommunistavisa *Friheten* i mai 1945.⁵⁹ Men denne sommaren var det ikkje berre kommunistar som var samde i påstanden. Avisene var fulle av grufulle skildringar av lidningane dei russiske krigsfangane i Noreg hadde vore gjennom, og Den raude armeen vart heidra som ein frigjeringshær i Nord-Noreg.⁶⁰

Avisoppropet frå junidagane dette året, stila «Til det norske folk», var for å oppmoda så mange som mogleg til å engasjera seg i skipinga av ein ny organisasjon, Norsk-Sovjetrussisk Samband, som var under etablering. Dei som stod bak var engasjerte samfunnsmenneske, for det meste på venstresida, frå politikk, kulturliv, akademia og næringsliv. Dei brann for Sovjetunionen og ynskja nærare band med naboen i aust, i ein periode der utanrikspolitikk ikkje var eit heitt diskusjonstema i folket. Atterreisninga og rettsoppgjeret etter krigen tok det meste av merksemda. Til dømes var det oppsiktsvekkjande fritt for debatt i Stortinget då ratifiseringa av FN-protokollen skulle skje hausten 1945.⁶¹ Regjeringa førte i denne perioden ein såkalla «brubyggingspolitikk», som ikkje tok side for verken USA eller Sovjetunionen etter at det vart klart at alliansesamarbeidet frå krigsdagane ikkje ville halda fram i fredstid.⁶²

⁵⁸ *Friheten*, 26. juni 1945.

⁵⁹ Bentzen, "En tid for begeistring," 125.

⁶⁰ Ibid.

⁶¹ Jakob Sverdrup, *Inn i storpolitikken 1940-1949*, band 4 av *Norsk utenrikspolitisk historie*, red. Olav Riste (Oslo: Universitetsforlaget, 1996), 195-196.

⁶² Ibid., 201-203.

Sovjet-Unionens Venner

Dei mest engasjerte i kjernen av den nye organisasjonen hadde vore engasjerte i Sovjet-saka i årevis allereie. Somme snakka russisk, mange hadde vitja Sovjetunionen, og dei var svært engasjerte i dette sosialismens eksperiment i aust. Nokon var kommunistar, andre sosialdemokratar, men det var også mange partilause blant dei. Dette var på langt nær eit særnorsk fenomen. Sosialismen var i sin natur internasjonal, noko skipinga av Komintern i 1919 vel er det fremste dømet på. Over heile Vesten fanst det grupper av intellektuelle og andre (til dømes fagforeiningar) som engasjerte seg sterkt i Sovjet-saka. Mange reiste austover som fellow-travellers, som eg var inne på i kapittel 1, men det fanst også grupper med meir revolusjonære krefter som ynskja å importera den sosialistiske revolusjonen til eige heimland. I Moskva og fanst det fleire universitet som utdanna leiarkadRAR til kommunistparti i Vesten, kor også fleire nordmenn var elevar, særleg på 1920-talet.⁶³

I 1927 vart det skipa ein verdsorganisasjon kalla Sovjet-Unionens Venner under ein stor konferanse for arbeidarar og intellektuelle i Moskva i høve tiårsjubileet for revolusjonen. Hovudkontoret vart lagt til Berlin.⁶⁴ I 1928 vart ei norsk avdeling oppretta med ei rekkje kommunistar i styret, mellom dei Gunnar Lund som formann, Astrid Langseth som sekretær, og Jakob Friis, Godtfred Hølvold og Adam Egede-Nissen i styret. Den første kasseraren var Rudolf Nilsen.⁶⁵

Kjeldene til opplysningar om Sovjet-Unionens Venner (SUV) i Noreg er dessverre sparsame.⁶⁶ SUV skulle vera ein partipolitisk uavhengig organisasjon der føremålet var å gjera tilhøva i Sovjetunionen kjende for flest mogleg. I 1930 oppretta organisasjonen eit eige tidsskrift, *Russland Idag*, som seinare skifta namn til *Sovjetnytt*. Organisasjonen var også prega av russiske arbeidsmåtar, og importerte idear som dei russiske veggavisene, som vart brukte til å informera arbeidarane på store arbeidsplassar i Sovjetunionen. SUV lét seg også inspirera av dei russiske

⁶³ Sjø Rønning, "Stalins elever," for ei samlande framstilling av dette.

⁶⁴ Rotihaug, "Sambandet Norge-Sovjetunionen," 28.

⁶⁵ Ibid., 31; Bentzen, "En tid for begeistring," 123.

⁶⁶ Ein del spørsmål om SUV og Norsk-Russisk Kultursamband står utan svar i Rotihaug si oppgåve. Ho skriv at ho ikkje har lukkast i å finne organisasjonsarkiva til desse organisasjonane, ettersom det er uvisst kvar dei er. Nokre spor peikar i retning av at arkiva vart beslaglagde av tyskarane under ein razzia i redaksjonslokala til *Nytt Land* 16. august 1940, og så sende til Tyskland under krigen, før dei vart transporterte vidare til Sovjetunionen av russarane. Materialet kan altså i teorien vera i Moskva i dag.

teatergruppene «Blå Bluser», såkalla levande aviser som underheldt på møta i sovjetiske arbeidarorganisasjonar. Organisasjonen arrangerte delegasjonsreiser til Sovjetunionen i mellomkrigstida med føremål å visa delegatane korleis tilhøva i Sovjet «verkeleg» var.⁶⁷

SUV vart etter kvart ein relativt stor organisasjon. I 1933 hadde han 73 lokalavdelingar med til saman 3000 medlemmer, og 59 kollektivforeiningar med rundt 3000 medlemmer. Blant dei var det ei rekkje industriarbeidarforeiningar og skog- og landarbeidarforeiningar, men også kvinneforeiningar, ungdomslag og idrettslag. I ein periode samarbeidde SUV også med fråhaldsrørsla. Rotihaug meiner å kunna visa at kommunistane i Norges Kommunistiske Parti (NKP) øvde sterk innverknad på organisasjonen: Mange av medlemmene i SUV var som nemnt også medlemmer i NKP, og fleire av styremedlemmene var kommunistar. NKP omtala sjølve SUV som ein hjelpeorganisasjon i sine møtereferat, og diskuterte ofte SUV på partimøta.⁶⁸

Ifølgje NKP-politikaren Astrid Langseth var det også medlemmer frå Det norske Arbeiderparti (DNA) med i SUV, og ei gruppe som gjekk under merkelappen «partilause». Men snart skulle det sterke NKP-bandet bli eit problem for Arbeiderparti-medlemmene. Forholdet mellom DNA og NKP var ampert og spent på 1930-talet, og leiinga i DNA oppfatta SUV som ein del av NKP. I 1932 kom sentralstyret i DNA med ei sterk oppmoding til medlemmene sine om å gå ut av SUV, noko som vekte ulike reaksjonar nedover i partiet. Nokre lokallag valde å slutta opp om SUV, andre følgde oppmodinga frå sentralstyret.⁶⁹ Etter dette gjekk det raskt nedover med aktiviteten.

Norsk-russisk kultursamband

I 1932 vart det skipa eit nytt venskapssamband i Noreg, som fekk namnet Norsk-Russisk Kultursamband. Denne gongen var det russarane som tok initiativ til skipinga, etter at dei som hadde ansvar for kultursamarbeidet med Noreg på russisk side meinte at «SUV var ein organisasjon som i alt for stor grad hadde 'kompromittert' seg og avslørt eit for nært samband med NKP», skriv Rotihaug. Russarane ynskja å nå personar også i DNA.⁷⁰ Førstesekretær Semjon Mirnyj ved den sovjetiske legasjonen i Oslo åtvara russarane spesifikt mot å gjenta feila frå SUV,

⁶⁷ Rotihaug, "Sambandet Norge-Sovjetunionen," 32-34.

⁶⁸ Ibid., 30-31.

⁶⁹ Ibid., 37.

⁷⁰ Ibid., 40-41.

kor «Hansteens og venners initiativ ved dannelsen var alt for tydelig.»⁷¹ Mirnyj føreslo i staden for å bruka foreininga Mot Dag som samarbeidspartnar når dei skipa kultursambandet. Han vart overstyrt av representantane i Moskva, og få månader seinare fekk Mirnyj ordre om å ta kontakt nettopp med advokat og NKP-politikar Viggo Hansteen for å skipa ei initiativgruppe. Då Kultursambandet vart oppretta i 1932, var det for øvrig med Arnulf Øverland som den første formannen.⁷²

Opplysningane om Kultursambandet er endå færre enn for SUV. Organisasjonen gav ikkje ut noko tidsskrift, og er heller ikkje oppført som utgivar av bøker eller andre publikasjonar. I russiske kjelder har Rotihaug funne teikn til at russarane var misnøgde både med aktivitetsnivået og mediedekninga av organisasjonen, som var laber. Russarane hadde ei utfordring i det at dei på den eine sida ynskja å kontrollera aktiviteten i Kultursambandet så mykje som mogleg, men på den andre sida ynskja ein organisasjon utan NKP-dominans for å auka den sovjetiske innverknaden i Noreg.⁷³

Ifølgje Geir Bentzen vart korkje SUV eller kultursambandet suksessar. «Etter en kort periode med optimisme var det en stadig tilbakegang i oppslutning som særpreget de to organisasjonene før krigen.» SUV vart lagt ned i 1938, og i staden vart det oppretta endå ein ny organisasjon, Nytt Land, med den norske kommunisten og journalisten Christian Hilt som sekretær.⁷⁴ Siktemålet for Geir Bentzen har vore å visa at det var ein kontinuitet mellom opprettinga av Sambandet i 1945 og dei to førkrigsorganisasjonane. Han peikar på at mange av dei same personane som engasjerte seg i SUV og kultursambandet i mellomkrigstida også var aktive i Sambandet etter krigen. Blant dei han trekkjer fram er lege og motdagist Karl Evang, skodespelarane Gerda Ring og Agnes Mowinckel, kunstnarane Willi Midelfart og Reidar Aulie, og professor Alf Sommerfeldt. Bentzen har også synt korleis dei norske relasjonane til Sovjetunionen vart haldne oppe fram mot og under den andre verdskrigen.⁷⁵

⁷¹ Rapport frå Semjon Mirnyj 5. april 1931 om opprettinga av kultursambandet i det russiske statsarkivet RGASPI. Sitert i: Bentzen, «En tid for begeistring,» 123.

⁷² Bentzen, «En tid for begeistring,» 123.

⁷³ Rotihaug, «Sambandet Norge-Sovjetunionen,» 44-45.

⁷⁴ Bentzen, «En tid for begeistring,» 123.

⁷⁵ Ibid.

Opprettinga og den relativt mykje større suksessen for Sambandet var mogleg av to årsaker: kommunistane sin innsats i motstandskampen og den sovjetiske krigsinnsatsen hadde skapt eit heilt anna klima for Russland i Noreg, og dermed også eit anna forhold mellom DNA og NKP enn det svært bitre forholdet på 1930-talet.

Samlingsforhandlingane

Mot slutten av krigen vart det dermed forhandla om å føra dei to partia saman til eitt igjen. Tanken om dette oppstod i fangefellesskapa i ulike konsentrasjonsleirar i Noreg og Tyskland under krigen.⁷⁶ Under eit fagleg tillitsmannsmøte i Stockholm i 1943 vart det gjort eit samrøystes vedtak om politisk samling etter krigen, eit vedtak også Arbeidernes Faglige Landsorganisasjon (AFL) slutta seg til, ifølgje ein dokumentasjon gjeven ut av DNA seinare same året for å visa hendingsgangen i samlingsforhandlingane. På Grini var forhandlingane eit viktig tema, og her var det samtalar mellom DNA-folk som Einar Gerhardsen, Olaf Watnebryhn og Gunnar Bråthen, og NKP-arar som Jørgen Vogt, Alf Pettersen og Arne Pettersen. Dei kom fram til det såkalla Grini-vedtaket om partisamling og ein ny utanrikspolitikk etter krigen:

Norge må føre en nasjonal selvstendig utenrikspolitikk for ivaretagelse av landets også folkets interesser. [...] Et nært, vennskapelig forhold til Sovjetsamveldet må opprettholdes og i egen interesse må Norge gå inn for et øket økonomisk og kulturelt samkvem med arbeider- og bondestaten.⁷⁷

Like etter at krigen var slutt tok Landsorganisasjonen initiativ til at dei to partia skulle setja seg ned og prøva å finna fram til eit grunnlag for å samlast til eitt parti att. Utover våren og sommaren vart det forhandla intenst. Men berre éi veke før det skulle vera felles nominasjonsmøte til stortingsvalet stranda prosjektet, trass i at forhandlarane frå dei to partia vart samde om det politiske grunnlaget og nominasjonsreglar, og hadde sett ein dato for samlingskongressen.⁷⁸

I dokumentasjonen sin la DNA ikkje overraskande det meste av skulda for dette på NKP. I juli oppstod den første krise i forhandlingane ifølgje denne framstillinga, då sentralkomiteen i NKP gjorde vedtak om at ein «ikke ønsket en organisatorisk samling av Det norske Arbeiderparti og

⁷⁶ *En dokumentasjon. Forhandlingene om samling av Det norske arbeiderparti og Norges kommunistiske parti* (Oslo: Det norske Arbeiderpartis forlag, 1945).

⁷⁷ *Ibid.*, 11.

⁷⁸ *Ibid.*, 8-9.

Norges kommunistiske Parti på det nåværende tidspunkt.» Det går ikkje fram kven som har ført *En dokumentasjon* i pennen, men den vesle dokumentasjonen rettar hard skyts mot NKP etter dette, og mistenkte kommunistane for å sabotera forhandlingane med vilje:

Kommunistpartiets ledelse eller en bestemt fraksjon innen denne ønsker ingen samling før valget. De håper og tror at valgresultatet skal vise en så stor oppslutning om Kommunistpartiet at de skal kunne tvinge til seg store praktiske og organisatoriske innrømmelser ved eventuelle nye forhandlinger etter samlingen.⁷⁹

Likevel var det enno ikkje over og ut for samlingsforhandlingane. AFL klarte å få partane til å møtast igjen ved eit nytt forslag om fellesstyre frå dei to organisasjonane, og ein vart samd om nominasjonsreglane. Men i august det året gjekk kommunist-organet *Friheten* til eit kraftig personangrep på Martin Tranmæl og Lars Evensen, og meldte dei i tillegg til politiet. Dette torpederte samlingsforhandlingane, trass i at det var eit breitt ynskje om samling blant medlemmene i begge partia. *Verdens Gang* skreiv om dei fallerte forhandlingane at «en sitter uvergelig igjen med det inntrykk at den ledende fløy innenfor kommunistpartiet egentlig ikke har ønsket noen samling på det grunnlag forhandlerne i juli ble enige om».⁸⁰

Felles framtid med fellesprogrammet

Dermed var det likevel to arbeidarparti som gjekk til val ved stortingsvalet i 1945. Det var det første stortingsvalet på ni år, og valkampen det året var relativt snill. Krigen hadde ført folk nærmare saman, og ei samlingsregjering med Oslo-ordførar, motstandsmann og krigsfange Einar Gerhardsen styrte landet. Her var Arbeidarpartiet i fleirtal, men Høgre, Venstre og KrF hadde fått nokre statsrådar. Også NKP hadde to statsrådar, og folk frå motstandsørsla var også representerte i denne likevel DNA-dominerte regjeringa.

Alle partia gjekk til val på eit rundt fellesprogram som hadde sitt opphav i den såkalla *Blåboka*, eit skrift som la føringar for atterreisninga etter krigen. Det var AFL-formann Konrad Nordahl som var den aktive pådrivaren til *Blåboka*, men ho vart ført i pennen av seinare partisekretær Haakon Lie i 1944.⁸¹ Høgre var kritiske til den auka statlege intervensjonen i samfunnslivet som dette programmet opna for, men alle parti slutta seg likevel til. Ikkje uventa vart stortingsvalet 8. oktober 1945 ein triumf for DNA. Med ei oppslutning på 41 prosent hadde eit parti for første

⁷⁹ Ibid., 18-20.

⁸⁰ *Verdens Gang*, 25. august 1945.

⁸¹ Finn Olstad, *Frihetens århundre. Norsk historie gjennom de siste hundre år* (Oslo: Pax, 2010), 139.

gong sidan 1918 reint fleirtal i Stortinget. Men også NKP gjorde det overraskande skarpt. Partiet hadde falle ut av Stortinget ved valet i 1930, men fekk no nesten 12 prosent av røystene. Einar Gerhardsen kunne godt tenkja seg å halda fram med ei breiare samlingsregjering, men partitoppene elles meinte det høva best med ei rein Arbeidarparti-regjering.⁸²

Den første tida etter at landet igjen var blitt fritt, var det politiske ordskiftet sjølvsagt prega av røynslene frå krigen. Dei viktigaste sakene var atterreisninga – særleg i nord – og landssvikoppgeret. Rettsoppgeret med dei som hadde støtta NS under okkupasjonen var omtvista frå første stund. Hans Fredrik Dahl omtaler det som eit naudsynt overgangsritual.

Alt i alt må vi se slike oppgjør som uttrykk for at et samfunn tvinges til å markere en overgang, en passasje fra fortid til fremtid, der det gjelder å komme forbi fortiden og fortidens representanter på en ekstraordinært tydelig måte.⁸³

Elles vart det snart rasjonering og regulering som var det mest omtalte politiske temaet. Sjølv om krigen var slutt var det knapt med varer, og det var rasjoneringskort på alt frå smør og sukker til køyretøy. Spørsmål som engasjerte var kva som skulle avviklast når, og kor mykje skulle marknaden regulerast etterpå.⁸⁴

Skipinga av Norsk-Sovjetrussisk Samband

29. juni 1945 vart den nye organisasjonen, som fekk namnet Norsk-Sovjetrussisk Samband, skipa i Universitetets aula.⁸⁵ Då hadde to ulike grupperingar vore i sving i fleire veker i ulike komitear for å arbeida fram grunnlaget for organisasjonen. Den eine grupperinga var komitear utgjort av gamle og nye vener av Sovjetunionen, kommunistar og sympatisørar. I tillegg etablerte AFL eigne komitear, med framstående medlemmer av Arbeidarpartiet.⁸⁶ Ut frå dei to grupperingane vart det så oppretta éin felles organisasjonskomité, som skulle førebu grunnlaget for Sambandet. Komiteen vedtok at det skulle sitja viktige representantar for alle sider av norsk kulturliv i styret, og la også vekt på at ein måtte kunna visa til å ha gjort «dei riktige tinga» under krigen.⁸⁷

⁸² Hans Olav Lahlum, “Arbeiderpartiet i norsk politikk 1945-57,” førelesingsnotat i *HIS2353 Fra Nygaardsvold til Stoltenberg – Arbeiderpartiet i norsk politikk 1930-2010* (Universitetet i Oslo, 30. januar 2012), 3

⁸³ Hans Fredrik Dahl og Øystein Sørensen, *Et rettferdig oppgjør? Rettsoppjøret i Norge etter 1945* (Oslo: Pax, 2004), 11.

⁸⁴ Berge Furre, *Vårt hundreår. Norsk historie 1905-1990* (Oslo: Samlaget, 1991), 203.

⁸⁵ Rotihaug, “Sambandet Norge-Sovjetunionen,” 48.

⁸⁶ Bentzen, “En tid for begeistring,” 126.

⁸⁷ *Ibid.*, 127.

Føremålsparagrafen, som vart vedteken på stiftingsmøtet, var i samtida ikkje kontroversiell, eller kjelde til splid, men samsvarte i stor grad med den norske utanrikspolitikken overfor Sovjetunionen i 1945.

Norsk-Sovjetrussisk Samband som er en partipolitisk uavhengig organisasjon, har til formål å styrke vennskapet og utvikle det sosiale, økonomiske og kulturelle sambandet mellom Norge og Sovjet-Samveldet. Gjennom utveksling av foredragsholdere, utveksling av reiser, utstillinger og gjestespill, utgivelse av et tidsskrift, framvisning av film og på andre måter vil Sambandet søke å utdype kjennskapet i Norge til sovjetfolkets kulturliv og i Sovjet-samveldet til norsk kulturliv.⁸⁸

Rotihaug har imidlertid stilt spørsmål ved kor partipolitisk uavhengig Sambandet i røynda var, og meiner at både aktivitetar og publikasjonar vitnar om at ein hadda vanskar for å gjennomføra dette prinsippet. Ho viser til at Sambandet markerte kommunistiske høgtidsdagar med storslåtte festar, mellom dei Stalins 70-årsdag i 1949. I november kvart år var det festmøte i høve revolusjonsjubileet i fleire norske byar.⁸⁹

I tillegg til at fleire regjeringsmedlemmer skreiv under på oppropet eg nemnde innleiingsvis, støtta regjeringa opp under initiativet på andre måtar. Hausten 1945 heldt utanriksminister Trygve Lie tale på eit festmøte i Sambandet, kor han sa at utanriksdepartementet «følger denne organisasjonens arbeide med den aller største sympati, og vi vil vise aktiv interesse for nyttige tiltak som kan utdype det gjensidige kjennskap mellom begge land».⁹⁰ Departementet løyva i 1946 10.000 kroner til Sambandet, noko som svarer til 189.000 2013-kroner.⁹¹

Då det første styret vart konstituert, var det med arkitekt og reguleringssjef i Oslo, Harald Hals, som den første formannen. Hals hadde ein periode på 1930-talet vore aktiv deltakar i Stavanger-avdelinga av Clarté. Sjølv om han ikkje var medlem av noko parti i 1945, hadde han føreslege at Clarté-medlemmene i Stavanger skulle melde seg inn i DNA i 1934, to år før denne prosessen kom i gang i Mot Dag. Hals hadde vore fleire gonger i Sovjetunionen: for å studera byplanlegging i 1935, og som gjest på ein kongress for sovjetiske arkitekter to år seinare.⁹²

⁸⁸ AAB, Norsk-Sovjetrussisk Sambands arkiv, informasjonsskriv til fagforeningar om Sambandet.

⁸⁹ Rotihaug, "Sambandet Norge-Sovjetunionen," 77.

⁹⁰ *Tidsskriftet Samband*, 1946, nr. 1. Sitert i: Rotihaug, "Sambandet Norge-Sovjetunionen," 49.

⁹¹ Rotihaug, "Sambandet Norge-Sovjetunionen," 49. For omrekninga til 2013-kroner, konsultér priskalkulatoren til Statistisk sentralbyrå: <http://www.ssb.no/kpi?fokus=true> [omrekning gjort 23.10.2014].

⁹² Bentzen, "En tid for begeistring," 130-131.

Med seg i styret fekk han tolv styremedlemmer, kor to var utnemnde av NKP, seks av DNA, og fem var partilause. Frå NKP sat statsråd Kirsten Hansteen og sekretær Christian Hilt i styret. DNA oppnemnde AFL-formann Konrad Nordahl, som fekk nestleiarvervet. I tillegg sat Olav Dalgard i styret etter DNA-oppnemning, saman med journalist Finn Moe, idrettspolitikar Rolf Hofmo, høgsterettsadvokat Gustav Sjaastad og sekretær Rolf Hansen. Andre styremedlemmer i 1945 var forretningsmann Erling Steen, professor Harald Schjelderup, general Otto Ruge og næringslivsleiar Thorvald L. Moe.

I tillegg til styret organiserte Sambandet seg på ein liknande måte som Sosialistisk kulturfront med ulike komitear for ulike greiner av aktiviteten. Frå 1945 var det snakk om tre seksjonar: seksjonen for opplysing og presse med Olav Dalgard blant medlemmene, seksjonen for skule og utdanning der seinare kulturattaché i Moskva, August Lange, var leiar. I komiteen for teater, film, musikk og arkitektur var Olav Dalgard leiar, og både Sigurd Evensmo og Hans Jacob Nilsen var medlemmer.⁹³

I 1946 hadde Sambandet etablert seg med 31 lokale avdelingar rundt om i landet. Oslo var den største, med godt over 2000 individuelle medlemmer i 1946. På landsbasis var det om lag 6000 individuelle medlemmer. Som for forløparorganisasjonane sette også det nye Sambandet mykje inn på å få kollektivt tilslutta medlemmer. Det første året var det 19 organisasjonar med 6000 medlemmer kollektivt tilslutta i Oslo, noko som auka til 62 organisasjonar med 31.000 medlemmer i 1946.⁹⁴

Delegasjonsreisene

Ingunn Rotihaug reknar med at delegasjonsreisene frå Noreg til Sovjetunionen var den viktigaste av aktivitetane til Sambandet i perioden 1945 til 1952. Minst fire norske kulturdelegasjonar, to ungdomsdelegasjonar og tre faglege delegasjonar på besøk i Sovjetunionen i denne perioden. Delegasjonsreisene vart arrangerte i samråd med Det allunionelle sambandet for kulturell kontakt med utlandet (VOKS).

Den første kulturdelegasjonen reiste frå Oslo 20. april 1947 etter invitasjon frå VOKS. Blant dei som var med på turen var Johan Borgen, Olav Dalgard, Torolf Elster og Hans Jacob Nilsen. I

⁹³ Ibid., 133.

⁹⁴ Rotihaug, "Sambandet Norge-Sovjetunionen," 54.

Moskva slutta også kulturattaché August Lange seg til delegasjonen. Dei var i Sovjetunionen frå 23. april til 21. mai, og vitja Leningrad, Moskva, Georgia og Armenia.⁹⁵ I samlinga med reiseskildringar som dei gav ut hausten etter at dei kom heim, var også artiklar frå legen Hans Jacob Ustvedt. Ustvedt hadde vore på eit studieopphald i Sovjetunionen året før, og publisert artiklar frå denne turen i *Verdens Gang*.

Allereie den same hausten reiste det på nytt ein delegasjon frå Sambandet til Sovjetunionen. Denne gongen gjekk reisa til Moskva, og føremålet var å ta del i feiringa av trettiårsjubileet for den russiske revolusjonen. Sambandet hadde på førehand laga ein helsingsprotokoll til Stalin i høve jubileet, og denne var underteikna av 800.000 personar, og var med på reisa over. I motsetning til vår-turen vart det ikkje gjeve ut noko samanfattande bok etter denne reisa, og det var mindre stoff frå delegasjonen i avisene. Etersom *Tidsskriftet Samband* låg nede mellom 1947 og 1949 er det heller ikkje mogleg å finna noko oversikt der. Sigurd Evensmo gir i memoarboka *Ut i kulda* inntrykk av at turen kanskje ikkje var like godt planlagt som den førre reisa. Han fekk ein telefon frå Sambandet om han hadde lyst til å vera med på turen så seint som 2. november, og sat på toget mot Stockholm allereie dagen etter. Med på reisa var også journalist i *Friheten* Just Lippe og fagrørslerepresentanten Andreas Søvik.⁹⁶

I tillegg kom det også sovjetiske kulturdelegasjonar til Noreg. I slutten av juni 1946 kom til dømes ein kulturdelegasjon med mellom andre forfattaren Leonid Sobolev og operasjonarinna Vera Davidova, som var i Noreg i om lag éin måned. Journalisten og tolken Nina Krymova var også med. Ho snakka godt norsk og hadde vore i Noreg tidlegare. Delegasjonen vitja hovudstaden og byane Stavanger, Bergen, Trondheim og Lillehammer.⁹⁷ Ifølgje Rotihaug la russarane dei første åra etter 1945 meir vekt på å senda delegasjonar til Noreg enn på å underhalda norske gjester i Sovjetunionen, og sende seks kulturdelegasjonar og fleire faglege delegasjonar til Noreg i åra 1945-1952. Den norske fagrørsla var likevel skeptisk til kor verdifullt dette var, og var uroa for kva russarane ville fortelja om reisene tilbake i Sovjetunionen.⁹⁸

⁹⁵ Frå forordet til Sambandet si bokutgjeving frå ferda: Norsk Sovjetrussisk Samband, *Fra Leningrad til Armenia. Inntrykk og opplevelser fra den norske kulturdelegasjons reise i Sovjetsamveldet 1947* (Oslo: Falken Forlag, 1947).

⁹⁶ Sigurd Evensmo, *Ut i kulda*, (Oslo: Gyldendal, 1978), 58.

⁹⁷ *Aftenposten*, 26. juni 1946; *Arbeiderbladet*, 29. juni 1946; *Tidsskriftet Samband* årgang 1 (1946).

⁹⁸ Rotihaug, "Sambandet Norge-Sovjetunionen," 61.

4: Reiseskildringar frå Sovjetunionen

«Og alt som vi kan, skal vi gjøre for at det skal bli lettere for dere, ikke bare å tilkjenne deres sympati for Sovjetsamveldet, men også forsvare de tanker og forestillinger som dere har om Sovjetsamveldet på grunnlag av ugjendrivelige kjensgjerninger.»⁹⁹

Den første delegasjonsreisa til Sovjetunionen etter krigen la Norsk-Sovjetrussisk Samband ut på våren 1947. Det var fleire grunnar til at det tok så lang tid før ein delegasjon kunne koma av garde. Blant anna var det lite aktivitet i VOKS i dei første etterkrigsåra.¹⁰⁰ Men i april 1947 sat delegasjonen endeleg på toget mot Stockholm for å oppleva Sovjetunionen på nært hald i éin månad. Johan Borgen, Olav Dalgard, Torolf Elster og Hans Jacob Nilsen var blant dei som reiste.¹⁰¹ På tampen av året reiste Sigurd Evensmo med fleire til Moskva for å delta på 30-årsjubileet for den russiske revolusjonen. Olav Dalgard deltok i ein ny kulturdelegasjon i regi av Sambandet i 1948, då som leiar av organisasjonen, mens Hans Jacob Nilsen var blant dei norske utsendingane under 50-årsjubileet for Moskva kunstnereteater det same året. I det følgjande kapitlet skal eg undersøkje det dei fem skreiv om opplevingane sine frå desse reisene i dagspressa, i ulike tidsskrift, og i ei reisebok som Sambandet gav ut på Falken forlag hausten 1947.

Det er interessant å undersøkje kva inntrykk dei vidareformidla frå desse reisene, fordi det gjev eit inntrykk av kva haldningar dei hadde til dei ulike delane av det russiske samfunnet som dei fekk oppleva medan dei reiste. Også måten dei formidla heim erfaringar på, og vala dei gjorde når dei skreiv frå opphaldet sitt i Sovjetunionen, seier noko om kva haldningar som låg til grunn hjå dei som avsendarar. Kva skreiv dei til dømes om å reisa i ein delegasjon med skreddarsydd program, laga av VOKS for å gje utlendingar som dei det aller beste inntrykket av det sovjetiske samfunnet? Desse djupt kulturinteresserte, venstreorienterte intellektuelle var også opplyste reisande frå eit vestleg demokrati, som vitja ufrie menneske i ein totalitær stat. Gjorde dei seg nokre refleksjonar

⁹⁹ Direktør S. A. Losovski ved Sovjetsamveldets Informasjonsbyrå i Moskva, i samtale med den norske kulturdelegasjonen 30. april 1947. Sitert i *Fra Leningrad til Armenia*, 152.

¹⁰⁰ Rotihaug, "Sambandet Norge-Sovjetunionen," 56.

¹⁰¹ Sjå vedlegg b. for deltakarliste.

om det? Korleis ynskja dei å framstilla Sovjetunionen for eit blokkdelt norsk avispublikum? Det er spørsmål eg skal sjå nærmare på i det følgjande.

Reisebrevet som sjanger

Men først nokre ord om sjangeren. Mange av reiseskildringane eg går gjennom er såkalla reisebrev som delegatane sendte heim til avisredaksjonane undervegs, eller som dei skreiv etter at dei kom heim. Dette er det ein kan kalla ein utdatert avissjanger. Forutan *Korrespondentbrevet* i utanriksendingane på radioen – som ikkje er heilt det same – finst ikkje slike reisebrev i norske avisspalter lenger. Reisebrevet er ein subjektiv, reportasjeliknande sjanger der forfattaren fortel om inntrykk og opplevingar i eit anna, gjerne framand, land. Han kan vera tilsett i redaksjonen, men er i dei aller fleste tilfella på utanlandsreise i privat ærend, og signerer breva med fullt namn.¹⁰² I ei tid der folk flest ikkje hadde råd til å reisa på same måten som me har i dag, og der avisene ikkje heldt seg med korrespondentar kloden rundt, var reisebrev ein billeg måte å gje lesarane informasjon og inntrykk frå verda utanfor Noreg på. Dei reisande blanda inntrykk og opplevingar med nøytral (og «nøytral») faktainformasjon, dei krydra breva med anekdotar, og kom gjerne med eigne synspunkt og vurderingar av samfunnet dei vitja. Ofte samanlikna dei opplevingane med tilhøva i Noreg og med nordmenn. Reisebrev frå Sovjetunionen bør difor gje ein god peikepinn på kva haldningar dei fem hadde til kultur og samfunn i Sovjetunionen.

Sarkastisk forsvarsmekanisme?

Noko av det første som blir tydeleg i mange av reiseskildringane eg har undersøkt, er ein underliggjande nokså sarkastisk tone, som nok heng saman med dei harde frontane som var i utanrikspolitikken på den tida. Stadig kjem forfatarane med små stikk i teksten, som er meint å gjera det klart at dei *veit* kva den USA-venlege majoriteten heime meiner og trur om landet dei vitjar og reisemåten dei har valt, men at desse sjølvsgatt tek feil. «Delegaten i Sovjetsamveldet får treffe levende administratorer og overhodet folk han elles ikke ville ha noen mulighet for å treffe, ikke i noe land,» skriv Johan Borgen i sitt bidrag til *Fra Leningrad til Armenia*, og legg til: «Dette blir av onde tunger kalt å få skylapper på, mens man i virkeligheten får en kikkert.»¹⁰³

¹⁰² Journalistane i redaksjonane signerte i denne pre-byline-tidsalderen stort sett artiklane sine med signaturar eller pennenamn. Torolf Elster skreiv til dømes ei rekkje utanriksanalyser i *Arbeiderbladet* berre med ein E. til sist, mens Johan Borgens Mumle Gåsegg vart eit hushaldsnamn for nordmenn under krigen.

¹⁰³ Johan Borgen, "Sånn i sin alminnelighet," i *Fra Leningrad til Armenia*, 93.

Også Torolf Elster viser meir enn gjerne at han har fått med seg kritikken mot russlandsfararane, og let det skina gjennom at han ikkje er samd. I den første av fire artiklar frå delegasjonsreise våren 1947, «I delegasjon gjennom jernteppet», fortel Elster om då dei først kom til Russland: «Klokken to passerte flyet vårt den finsk-russiske grensen. Vi stilte klokken en time fram og stirret spent ut for å se om Koestler hadde hatt rett.»¹⁰⁴ For ein delegasjon aktive sambandsmedlemmer på reise til Russland i 1947, er det vanskeleg å førestella seg at dei kika ut flyvindaugo med ei slags objektiv, upåverka forventning om at Koestler kunne ha rett, kunne ha feil, no skulle dei få sjå. Elster fortel vidare om landinga:

Vi gikk ned på en ytterst primitiv flyplass i skogen utenfor byen, og fikk en hjertelig mottagelse. Men kanskje noen av oss følte seg litt krenket et øyeblikk seinere, over at vi ikke ble vurdert så høyt at noen hadde brydd seg med å sette opp de berømte Potemkin-kulissene som russerne skal være sånne mestre i når det gjelder å bløffe utlendinger. (...). For å gjenvinne vår tro på egen betydelighet, speidet vi ivrig etter de «tsjeka-agentene» som russerne, etter hva vi hadde hørt, alltid setter til å skygge utlendinger.¹⁰⁵

Det står for meg her som om Elster forsøker å visa at mottakinga dei fekk i Leningrad var av ein nokså nøktern karakter, og han tok dette til inntekt for at russarane ikkje gjorde som dei delegasjonsreisande frå før krigen hadde fortalt, heldt strengt organiserte turar for vennsgrupper og fagdelegasjonar der dei berre viste fram sovjetutviklinga frå ei progressiv og positiv side.¹⁰⁶ Samtidig ynskjer Elster å visa at han er klar over kritikken som blir retta mot delegasjonsreisene, men at denne etter hans meining ikkje stemmer med røynda. Han er heller ikkje redd for å bruka humor for å underbyggja poenga sine. Vidare om ankomsten og jakta på «tsjeka-agentene» fortel han: «Av og til fikk vi da også glimt av en person som så ganske lovende ut, men det viste seg hver gang bare å være Olav Dalgard som hadde sakkett litt akterut. Fra dette synspunkt var reisen en avgjort fiasko.»¹⁰⁷

Også Sigurd Evensmo startar med ein lett nedlatande, sarkastisk tone i reisebrevet frå eit kollektivbruk utanfor Moskva seinhausten 1947. Evensmo var del av ein delegasjon på tre personar som vitja Moskva i samband med 30-årsjubileet for revolusjonen. Besøket på kollektivbruket seks mil sør for Moskva var ein del av det omfangsrike programmet som russarane

¹⁰⁴ Torolf Elster, "I delegasjon gjennom jernteppet," *Arbeiderbladet*, 28. mai 1947.

¹⁰⁵ Ibid.

¹⁰⁶ Auvo Kostianen, "The Soviet Tourist Industry as Seen by the Western Tourists of the late Soviet Period" (paper presentert på XIII International Congress of Economic Historians, Buenos Aires, Argentina, 22.-26. juli, 2002.) Nettside besøkt 4.11.2014, <http://users.utu.fi/aukosti/Soviet%20Tourism.html>.

¹⁰⁷ Elster, "I delegasjon gjennom jernteppet".

hadde lagt for delegasjonen.¹⁰⁸ «Ordet 'kolchos' skulle være gammelt og velkjent også hos oss vestpå, mangt er skrevet om denne formen for landbruk i Sovjet-Samveldet, og vi er jo et politisk opplyst folk, som følger riktig god med, ingen må komme og si annet,» skriv Evensmo i opninga på artikkelen, og held fram:

Jeg dro ut på et slikt kollektivbruk likevel, for det kunne jo hende at det ennå fantes dunkle punkter i vår viten, som f. eks. dette: hvor langt går eiendomsfellesskapet? Jorda og grisen og katta og kjerringa? Eller bare jorda? Eller bare kjerringa?¹⁰⁹

Til grunn for teksten til Evensmo ligg det ein føresetnad om at det publikummet han skriv for, er grunnleggjande kritisk innstilt til Sovjetunionen. Evensmo ser det som si oppgåve å gjennom nøktern (eller «nøktern») presentasjon av tal og fakta overtyda lesarane om at den russiske kollektivordninga (og med det: den russiske ordninga) faktisk ikkje er særleg ille, men eigentleg ganske bra. Han spelar på fordommar (kor mykje deler dei russiske kollektivbrukarane eigentleg?) og syner på den måten at han er kjend med kritikken mot slike reiser. Gjennom å argumentera med harde tal, som han opplyser at han har fått frå formannen i kollektivbruket, ein mann «med markert ansikt, grånet hår, livlige bevegelser og en hjertelig buldrende stemme» som heiter Ashirkov, meiner han å kunna framstilla sanninga. Evensmo stiller aldri spørsmål ved om ein person i ei slik rolle ville ynskja, eller våga, å seia noko som ikkje harmonerte med retningslinjene frå partiet, men presenterer informasjonen som at det er hans ord han gjev att – «så får enhver reagere med avsky eller interesse, med tiltro eller urokkelig skepsis.»¹¹⁰

Det ein ser av det ovannemnte er at det er dei tre som levde av det skrivne ordet, som bruker språket mest aktivt. Både Borgen, Elster og Evensmo var dyktige og respekterte forfattarar og journalistar i samtida, og var med andre ord over gjennomsnittet drivne i omgang med språket. Sarkasmen blir ein avvæpnande forsvarsmekanisme, ei latterleggjering av motstandarane i det meiningsskismaet som rådde i desse sakene i den første fasen av den kalde krigen. Dalgard og Nilsen var heller ikkje fortapte med ein penn i handa, men deira tekstar er frie for denne sarkastiske tonen. Det heng truleg mest saman med at deira artiklane deira handla meir om personlege kunstopplevingar i Sovjetunionen, enn skildringar av landet for å overtyda folk heime om at det ikkje var like ille som motstandarane hadde påstått.

¹⁰⁸ Sigurd Evensmo, *Ut i kulda*, 68.

¹⁰⁹ Sigurd Evensmo, «På et kollektivbruk ved Moskva-elva,» *Arbeiderbladet*, 13. desember 1947.

¹¹⁰ *Ibid.*

Hardt debattklima

Ei god forklaring på denne tonen i fleire av tekstane, den skarpe brodden mot meiningsmotstandarane, er truleg at det offentlege ordskiftet om desse temaa kunne vera ganske brutalt i oppsiglinga av den kalde krigen. Slutten på andre verdskrig innebar også slutten på ei multipolar verd der Storbritannia var den viktigaste allierte Noreg hadde. Etter at alliansen frå krigsdagane mellom USA og Sovjetunionen raskt forvitra viste det seg snart eit nytt geopolitisk verdsbilette: to supermakter med motstridande interesser og latent spenning – med Noreg som låg litt midt i mellom: kulturelt og forsvarspolitisk drege mot USA, men samstundes med ein geografisk nærleik til Sovjetunionen som ein ikkje kunne unngå å ta omsyn til. Frontane mellom aust og vest, mellom kommunistar og «imperialistar» vart straks harde, og propaganda og rykte om fienden dominerte.

Dei venstreintellektuelle kjende seg sterkt plaga av dette, og gav uttrykk for det. Propagandaen og den manglande viljen til å sjå nøytralt på ting, gjorde at Sovjetunionen, landet som dei såg slik opp til, vart fordømt i store delar av pressa heime uansett kva dei skreiv og fortalde. I ein leiar i *Tidsskriftet Samband* frå 1950 stilte Dalgard spørsmål om Sovjetunionen var eit demokrati eller diktatur, og akka seg over at å diskutera slike spørsmål «med alvor, og aktiv kritisk erkjennelsestrang» ikkje var mogleg i pressa, fordi ein hjå dei aller fleste møtte «en fanatisk ensynthet og en hets-innstilling overfor historiske kjensgjerninger, som er dypt forstemmende».¹¹¹

Krigen og atterreisinga

At dei fem var opptekne av krigen i reiseskildringane sine, er ikkje så veldig underleg. Berre eit par år etter at han var slutt, var krigen sjølvsagt sterkt til stades i samfunnet, og i medvitet. Sovjetunionen var det landet som var blitt hardast ramma av dei allierte, med rundt 20 millionar døde.¹¹² Dei materielle skadane var ufattelege. I den første artikkelen om Russland, var krigsskadane i Leningrad noko av det første Torolf Elster kom inn på. Han skreiv at krigsherjingane var nærmast det einaste han kunne tenkja på medan han var i byen, og han undra seg over om det kunne vera at nordmennene sjølve hadde røynsle med å vera okkupert som var det «som gjorde at denne siste fasen [i byens utvikling] virket så sterkt på oss».¹¹³

¹¹¹ Olav Dalgard, «Sovjet og vi», *Tidsskriftet Samband*, 2. årgang (1950) nr. 1

¹¹² *Oxford Dictionary of Twentieth-Century World History*, s.v. «World War II.»

¹¹³ Elster, «I delegasjon gjennom jernteppet».

Elster meinte at delegasjonen på førehand var budd på at Leningrad ville vera prega av krigen, men det som møtte dei var langt verre enn han hadde sett føre seg. «Hele byen – absolutt hvert eneste hus – var voldsomt skrammet av granatsplinter. Det var ikke dype patetiske sår vi så, men et ansikt som var trampet grundig og ubarmhjertig ned i pukksteinen,» skreiv han.¹¹⁴ Han fortalde vidare at atterreisinga var komen «ganske langt,» men at det framleis stod att mykje. «Barna var underernærte, de voksne grå.» Elster meinte at det ikkje berre var kringsetjinga under verdskrigen som var skuld i problema i byen, mange av utfordringane var av langt eldre dato. Russarane hadde ikkje hatt råd til å vedlikehalda korkje den gamle tsar-hovudstaden eller dei andre storbyane sine på lang tid, og no var mykje forfalle, meinte han.

Dei veldige kjenslene som råka Elster i møtet med det utbomba Leningrad var i grunnen ikkje særleg typiske for den sindige utanrikspolitiske analytikaren frå *Arbeidarbladet*, som nyleg var gått over til å bli redaktør for vekemagasinet *Kontakt*, eit nytt blad spesialisert på sakleg utanriksstoff. Men krigen og okkupasjonen låg mindre enn to år tilbake i tid då kulturdelegasjonen sette seg på flyet mot Leningrad våren 1947. Heile grunnlaget for at delegasjonen reiste, for at Sambandet i det heile tatt vart oppretta til å byrja med, var å finna i andre verdskrig og den sovjetiske innsatsen for Noreg. Den norske sympatien med Sovjetunionen vart sterkare av at landet hadde lidd så harde tap sjølv. Elster er inne på dette i eit brev frå 1997, som eg skal koma tilbake til i kapittel 8, kor han understreka den sovjetiske rolla i krigen som *den* viktigaste faktoren for å forstå korleis så mange nordmenn kunne ha så positive haldningar til Sovjetunionen også i den første etterkrigstida.

Blant de mulige forklaringer han [Peter Christian Aam] nevner, er den rollen Sovjetunionen spilte i krigen mot Hitler. Dette, som forfatteren selv ikke har opplevd, er etter min mening den helt dominerende forklaring og også, etter min mening, helt umulig å sette seg inn i for alle som ikke selv har opplevd dette i voksen alder.¹¹⁵

Møtet med krigsherja Leningrad er også det første temaet for teatersjef Hans Jacob Nilsen, om enn med ei nokså kort og nøktern skildring av granatsplinter og bombekrater, dårlege vegar og bygningsreparasjon. «Leningrad bærer tydelig preg av krigen. En ser nesten ikke hus om ikke er flerret av granatsplinter,» skriv han, og held fram. «En ser store gårder gjennomskåret av bomber

¹¹⁴ Ibid.

¹¹⁵ Torolf Elster i brev til Peter Christian Aam, som hadde intervjuet han til hovudoppgåva om *Arbeiderbladet*, 14. april 1997.

eller med gapende hull i fasaden. Og i utkanten – hvor frontlinjen gikk – ligger ennå tanksperringar og piggråd mellom husrekkene,» oppsummerte han, før han gjekk vidare til ei skildring av ein flokk med tenåringsjenter i ein skuleklasse på vitjing i Eremitasjen.

Jamført med Torolf Elster si nokså intense oppleving av å vera så sterkt gripen av den dårlege forfatninga til byen Leningrad, er Hans Jacob Nilsen sitt bidrag ganske knapt. Han skiftar fort over til det anekdotiske, og er meir oppteken av å fortelja om kvinnene som arbeider som trafikkonstablar i dette likestilte landet, enn dei mange hola i vegbanen. Gjennom teksten held han seg for det meste til positive og lystige tema, og bruker mest plass på nokså panegyriske attforteljingar av dei ulike opplevingane sine på opera- og ballettførestellingar. Med tanke på at Nilsen var ein temperamentsfull og djupt kulturelt interessert teatersjef og skodespelar, er det kanskje ikkje rart at han vier mesteparten av plassen til kunstopplevingar heller enn samferdselsutfordringar.

Sigurd Evensmo vitja Leningrad om lag eit halvt år etter, på veg til Moskva og revolusjonsjubileet. I ein artikkel i *Arbeiderbladet*, som seinare vart gjeven ut i artikkelsamlinga *Ingen fred å finne*, fortel han om inntrykka sine frå byen. Han startar i utstillinga om Leningrads kamp under kringsetjinga, som varte i godt over to år. Her går han frå rom til rom og blir overvelda av byens nære og ganske fæle historie.

Det er så mange ting. Først de store linjene i byens 200-årige historie, deretter krigen og beleiringen i alle dens faser, gjengitt ved lysende kart, fotografier, montasjer og gjenstander av alle slag – fra svære tyske bomber som ikke eksploderte, til den daglige brødrasjonen på 125 gram, en liten, mørk klump på en vektskål. Til slutt står en i de aller største hallene som rommer tallrike fly, russernes egne og erobrede tyske, der er tanks, kanoner, «Stalin-orgel» og en vaskeekte torpedobåt midt på golvet.¹¹⁶

Noko av det som opprørte han mest under denne utstillinga var ei lita dagbok under ei glassklokke, skriven av 9 år gamle Tanja under kringsetjinga.¹¹⁷ Oppføringane hennar var knappe, men gjorde sterke inntrykk: «På den ene siden sto: 'I dag døde far.' På den annen sto: 'I dag døde mor.'» Tanja førte opp korleis ein etter ein av slektningane fall frå under kringsetjinga som kravde

¹¹⁶ Sigurd Evensmo, «Russiske høstdager.» Publisert i *Arbeiderbladet* 2.12.1947, trykt på nytt i Sigurd Evensmo, *Ingen fred å finne. Artikler, essays, innlegg 1935-1977. Utvalg og forord ved Thorleif Skjævesland* (Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, 1982), 67.

¹¹⁷ Evensmo har truleg sett dagbøkene til 11-12 år gamle Tanja Savisjeva og så har nokon bomma på alderen hennar. Notatene han viser til stammar frå 1942. Savisjeva døydde to år seinare, i 1944. Etter krigen vart dagbøkene hennar brukte under Nürnberg-rettsakene, og dei er i dag stilte ut på museum i Russland. Kjelde: http://www.pravmir.com/article_238.html [lesedato: 17.10.2014].

livet til rundt 900.000 av innbyggjarane i Leningrad. «På den siste siden (...) sto 4 ord, men skriften var blitt så skjelvende stor at de likevel fylte det meste av siden. Ordene var: 'Jeg er alene. Tanja.' Tanja lever ikke mer. Hun fulgte de andre før krigen var slutt,» avsluttar Evensmo.¹¹⁸

Resten av Leningrad-skildringa til Evensmo, som kberreun var i byen ei kort tid, handlar om feiringa av 30-årsjubileet for revolusjonen. Dei store folkemengdene, alt lyset og fyrverkeriet. Innbyggjarane – eit patriotisk og stolt folkeslag, ifølgje Evensmo – er stolte av den herja byen sin og kor raskt det trass alt har gått med atterreisninga. Han skildrar ein ny vår for Leningrad, og avsluttar artikkelen med å skildra eit maleri i Tretjakov-galleriet: «Vraket av en tank drukner langsamt i gress og blomster.»¹¹⁹

Krigsherjingane ser ut til å ha gjort sterke inntrykk på den norske delegasjonen, og det er vel ei naturleg årsak til at dei trer sterkt fram i skildringane både hjå Elster, Evensmo og Nilsen. Men det er nok to andre grunnar som gjer at det er desse sterke inntrykka heller enn andre inntrykk som blir formidla til lesarane heime i Noreg. Som Rotihaug nemner i *Sambandet Norge-Sovjetunionen* spelte Sambandet dei første etterkrigsåra sterkt på krigen og røynslene frå han i arrangement og andre samankomstar, fordi det skapte sympati blant nordmenn, og dermed oppslutning om venskapssamarbeidet. Det er ikkje utenkjeleg at Elster, Evensmo og Nilsen formidla desse inntrykka frå turane sine for å skapa den same sympatien for Sovjetunionen. Etter 1945 var det utbomba Leningrad mykje meir eigna til å mana fram støtte for Russland i Vesten enn all verdas imponerande «Potemkin-kulisser».

Kor vidt dette var individuelle innskytingar eller eit uttalt tema blant dei reisande - eller i Norsk-Sovjetrussisk Samband i det heile - har eg ikkje informasjon om, og dermed blir det umogleg for meg å trekkja nokre konklusjonar om dette. I tillegg viste krigsøydeleggingane tydeleg kva enorme atterreisingsoppgåver den sovjetiske staten stod overfor i dei første etterkrigsåra. Med det søker kanskje forfattarane å visa noko me seinare skal sjå at nokon av dei argumenterte for, at desse oppgåvene var meir presserande enn å reformera den sovjetiske styringsmodellen i vestleg, demokratisk retning.

¹¹⁸ Evensmo, "Russiske høstdager," 68.

¹¹⁹ Ibid., 71.

Kollektivbruket

Kollektivbruket er det tydelegaste uttrykket for opphevinga av den private eigedomsretten, det som for Marx og Engels samanfattar heile den kommunistiske teorien:

Men den moderne borgerlige privateiendom er det siste og mest fullstendige uttrykk for en framstilling og tilegning av produktene som grunner seg på klassemotsetninger, på at noen utbytter andre. I denne mening kan kommunistene sammenfatte sin teori i det ene uttrykk: opphevelse av privateiendommen.¹²⁰

For nordmenn var kollektivbruket soleis eit eksotisk og framand trekk ved det nye sovjetiske samfunnet, og rapportar frå slike bruk går igjen i mange av skildringane frå Sovjetunionen, både i mitt utval på slutten av 1940-talet, og frå andre fellow-travellers i inn- og utland. Kollektivbruket vart oppfatta som vesentleg annleis frå det norske landbruket. Livet i fabrikkane, med fagforeiningar på arbeidsplassane som hadde ei viss grad av medråderett i baa land, kunne nok dermed opplevast som meir likt, og dermed mindre eksotisk. Delegasjonane som vitja Sovjetunionen, både frå Noreg og andre land, hadde – i alle fall etter den tidas standard – ganske tett program, og ofte var eit besøk på eit kollektivbruk del av «pakken». Johan Borgen og Hans Jacob Nilsen fortel i sine artiklar i *Frå Leningrad til Armenia* om besøket på eit kollektiv i dei kaukasiske fjella i Georgia, mens Sigurd Evensmo skreiv ein artikkel om sitt besøk på ein *kolkós* sør for Moskva i *Arbeiderbladet*.

Johan Borgen sin artikkel skil seg frå dei andre ved at han er ganske mykje kortare. Borgen bruker mesteparten av artikkelen på å dvela ved det å venta på fly i avgangshallar, og seier eigentleg lite om landet han vitja og folka han må ha møtt på den månadslange delegasjonsreisa. I samtale med Borgens biograf Espen Haavardsholm fortalde Torolf Elster at kameraten var blitt meir og meir anspent og svevnlaus utover i opphaldet, til det toppa seg mens delegasjonen var på nok ei omvisning.

Midt under en offisiell omvisning i Lenin-biblioteket utbryter han hviskende:

- Du, jeg stikker av! Jeg orker ikke dette lenger!

De andre i delegasjonen gjenfinner rømlingen fra den guidede turen i bibliotekskjelleren – der han har greid å gå seg vill i et forsøk på aleine å finne en utgang, og gir uttrykk for sterk lettelse over å møte de andre igjen. En dag mot slutten av oppholdet, utbryter Johan:

¹²⁰ Karl Marx og Friedrich Engels, *Det kommunistiske manifest*, 1848, del 2: “Proletarer og kommunister”. Tilrettelagt for nett av Mathias Bismo, januar 1999, publisert i norsk utgåve på <http://www.marxists.org/norsk/marx-engels/1848/01/manifestet/> [lesedato: 14.10.2014].

- Torolf, jeg tror jeg ser en løsning for meg selv. Jeg har hørt at på Hotell Moskva kan utlendinger gjøre hva de vil, ingen bryr seg. Jeg går dit og skriker. Det trenger ikke være så høyt eller lenge, bare i fem minutter eller så.¹²¹

Men eit avsnitt om inntrykka frå eit vinproduserande kollektivbruk i Georgia har han fått med. Det er ei samling opprimsande synsinntrykk frå kollektivet: Kvinnene som kjem gåande ned frå fjella, berande på krukker, «med sang i strupen og regnbuens alle farger suget inn i klærne,» borger og kloster i fjellandskapet, vinranker, småbruk og «statuer av Stalin, griser, kyr og mange unger og vin,» fortel han, og konkluderer: «Dette er en kolkós etter vårt hode!»

Nilsen fortel om inntrykka frå det same kollektivbruket som Borgen, ettersom dei jo var del av den same delegasjonen. Skildringa er gjeven at i ein del av eit langt reisebrev frå «Grusia», som dei kalla Georgia før. Som Borgen fortel Nilsen om ei strabasjøs reise langt utanfor byen, med buss på bratte, smale og dårlege vegar for å koma fram. Fleire gonger møtte dei oksar som standhaftig sperra vegen for dei. «Et par broer så skrøpelige ut, og vi foretrakk å gå ut av bussen mens den kjørte over,» fortel han, og legg til at bussjåføren deira vart svært fornærma over dette.¹²²

Sjølve kollektivbruket fant han nok langt mindre interessant enn den skumle bussreisa, for skildringa av det er summarisk og kort. På bruket budde det 230 familiar. Det var ikkje eit nytt mønsterbruk, men ein gammal landsby som var gjort om til eit fellesbruk. Med tilgang på moderne maskinar laga dei kaukasisk raudvin som delegasjonen fekk smaka på under ei tilstelling hjå styraren, før den halsbrekkande bussreisa tilbake til Moskva.

Dei to andre reisebrev til Nilsen, også dei publiserte i *Dagbladet*, handla om det kunstnarlege livet i Sovjetunionen. Også Olav Dalgard formidla berre om kunstnarlege opplevingar i sitt bidrag i *Fra Leningrad til Armenia*. Desse skildringane skal eg koma nærmare inn på i kapittel 6 om kunst og kulturliv i Sovjetunionen.

Evensmo skreiv som nemnt ein artikkel om opplevingane sine på kollektivbruket Kjemperen, som var ein programpost på delegasjonsreisa hausten 1947. I journalistens nøkterne, skildrande stil skriv han om det han såg og opplevde på bruket, om den storvokste formannen Ashirkov, som

¹²¹ Espen Haavardsholm, *Øst for Eden. En biografi om Johan Borgen* (Oslo: Gyldendal, 2000), 245.

¹²² Hans Jacob Nilsen, "Fra Leningrad til Erivan," i *Fra Leningrad til Armenia*, 31.

han identifiserer som kjelda til informasjonen han så presenterer om bruket, kor mange hektar, traktorar, kyr, poteter og menneske som høyrde til på kolkósen sør for Moskva.¹²³

Vidare skildrar han reisa ut til bruket i den tidlege russiske vinteren – «denne hvite, kalde og nådeløse uendeligheten, som ble for svær for både Napoleon og Hitler». Reisa ut på landsbygda er som ei reise tilbake til fortida, skriv han. Frå moderne bybygg i Moskva, til små, låge og gammaldagse småhus og stover på landsbygda – etter kvart på svært dårlege vegar. Når dei når fram til kollektivbruket ser det ut til at Evensmo med første augnekast kjenner seg ganske framand: «Vi er ute i en passe kald, fin vinterdag, snøen knirker under støvlene og minner om at nå har vel Nordmarka gjort seg i stand med silkeføre -. Men snart er snøen også det eneste gammelkjente og fortrolige.» Han understrekar også at kvardagen i det vesle jordbrukssamfunnet han vitjar framstår som «vesentlig annerledes enn den vi kjenner fra en norsk bygd».¹²⁴

Samanfatning

Gjennom artiklane Elster, Evensmo, Nilsen og Borgen skreiv i norske aviser og bøker etter at dei kom heim frå Sovjetunionen går det tydeleg fram at dei var imponerte, begeistra og fascinerte av det annleislandet dei fekk høve til å vitja som delegasjonsmedlemmer. Dei la vekt på skilnader mellom Noreg og Sovjetunionen – som kollektivbruk og likestilling, men forsøkte samtidig også å finna likskapstrekk. Det fann dei i den felles vonde opplevinga av krig og okkupasjon. Mange av artiklane hadde ein sarkastisk brodd som tyder på at forfattarane visste at dei skreiv til eit sterkt meiningsdelt publikum: dei som ville tru alt dei skreiv, fordi det handla om Sovjetunionen, og dei som ikkje ville tru eit ord, av nett same grunn. Framgangsmåten dei valde var å begeistra dei første, og harselera med dei siste.

¹²³ Evensmo, “På et kollektivbruk ved Moskva-elva”

¹²⁴ Ibid.

5: Demokrati og samfunn

«Og når vi summerer opp hvor mye som faktisk er gjort i de tredivjette årene siden revolusjonen – og det er utrolig mye – må det slå oss hvilket grenseløst hovmot det er å sitte i land som aldri har hatt disse problemene (...) og foreslå at russerne burde innrette seg som oss, for vi har det jo så bra.»¹²⁵

På 1940-talet, då dei fem venstreintellektuelle det her dreier seg om var i Sovjetunionen, var landet eit totalitært diktatur utan respekt for grunnleggjande menneskerettar. Folk som kritiserte regimet risikerte å bli forfølgde og straffa med alt frå tvangsarbeid til regelrett avretting. Pressa var ikkje fri, det var ikkje forsamlingsfridom, og berre eitt lovleg parti. Samfunnet var gjennomregulert av staten, jordbrukarane hadde mista retten til landet sitt og arbeidde i staden på store kollektivbruk der staten detaljstyrte produksjon og avling. Industrien var styrt av femårsplanar med tidvis umenneskelege krav til arbeidarane. Fritida og privatlivet var også styrt av staten med kollektive underhaldningstilbod og danningssprosjekt i lokalsamfunnet. Forbodet mot abort var innført att og mødrer som fødde mange barn fekk medaljar av staten. Dette samfunnet var det mange nordmenn, og særleg dei som var engasjerte i Sambandet ynskja seg tettare samarbeid med. Hit reiste dei fem venstreintellektuelle fleire gonger på 1930- og 1940-talet. I det følgjande skal eg sjå på kva haldningar dei hadde andsynes styresettet i Sovjetunionen.

Sovjet i 1945: Totalitær stat eller demokrati?

Overskrifta over kan synast noko underleg ut frå eit notidig perspektiv, men i samtida var det ikkje like lett, i alle fall ikkje for alle, å slå fast kva omgrep som høva best på Sovjetunionen. Under den andre verdskrigen var Storbritannia, Sovjetunionen og USA allierte, og alt frå krigsstarten i 1939 vart krigen i britisk og amerikansk presse og politikk framstilt som ein kamp mellom demokratiet og diktaturet.

Omgrepet totalitær var mykje brukt i USA i denne tidlegaste fasen av krigen. Men dette snudde raskt. Det tyske angrepet på Sovjetunionen 22. juni 1941 «stopped a great deal of this talk of totalitarianism,» skriv Abbott Gleason i si bok *Totalitarianism: The Inner Workings of the Cold*

¹²⁵ Torolf Elster skriv om sovjetiske forhold i *Arbeiderbladet*, 28. mai 1947.

War, der han framstiller historia til totalitarismeomgrepet, og ser på korleis og i kva kontekstar det har vore i bruk i Europa og USA frå 1920-talet av.¹²⁶

When Great Britain and then the United States became allies of the Soviet Union, the term that had increasingly seemed to many Americans to sum up the embodiment of evil in the modern world became both ambiguous and embarrassing. The absolute confrontation of 'totalitarian dictators' with 'democracies' was shattered.¹²⁷

Gleason skriv vidare at sjølv om omgrepet ikkje forsvann heilt frå det offentlege ordsiftet vart det no oftast brukt for å referera til fascisme og nazisme, og inkluderte ikkje lenger Sovjetunionen. Det er klart at det av propagandaomsyn var vanskeleg å framleis kalla Sovjetunionen eit totalitært diktatur medan ein kjempa ein verdskrig i demokratiets namn alliert med det same landet. Men kor lenge sat dette i? Ikkje så veldig lenge, i alle fall ikkje i USA, ifølgje Gleason.

In the Summer of 1945, with jubilation over the Allied victory in Europe giving way to concern over Soviet maneuvers in occupied Germany and Eastern Europe, the concept of totalitarianism became markedly more popular again in the United States, and the trend accelerated throughout 1946 with the deterioration of Soviet-American relations. By 1947, it may be said to have entered into its golden age with the proclamation of the Truman Doctrine, in which the term played an essential role in linking America's former Soviet allies with Nazi Germany.¹²⁸

Overgangen til det nye fiendebiletet av Sovjetunionen var meir delt i den norske opinionen enn kva som var tilfellet i USA, men også Torolf Elster understrekar Sovjetunionen var del av det allierte demokratilaget: «Vi deltok i en krig som vi oppfattet som en kamp mellom demokrati og diktatur,» skreiv han i 1948.¹²⁹ Men alt i 1939-1940 snudde partiet hans i synet på Sovjetunionen. Eirik Wig Sundvall har vist at tvilen på det sovjetiske samfunnsprosjektet slo rot i delar av Arbeidarpartiet alt på tida då partiet kapra regjeringsmakta i 1935, men at det store sjokket kom med den tysk-sovjetiske ikkjeangrepspakta og vinterkrigen mot Finland i 1939.¹³⁰ I delar av partiet aksepterte ein frå hausten 1939 ei jamføring av fascismen og kommunismen, og omtalte Sovjetunionen som totalitær.¹³¹

¹²⁶ Abbott Gleason, *Totalitarianism: The Inner Workings of the Cold War* (Oxford: Oxford University Press, 1995), 54.

¹²⁷ Ibid.

¹²⁸ Ibid., 61.

¹²⁹ Torolf Elster, *Øst og vest – etterkrigstidens problemer* (Oslo: Tiden Norsk Forlag, 1948), 15.

¹³⁰ Sundvall, "Nazikommunisme?" 20-23.

¹³¹ Ibid., 80.

Val og demokrati

Og nettopp Torolf Elster er vel den av dei fem som brukte mest tid på å reflektera over demokratiet i samtida, eller i alle fall den som i størst grad publiserte desse refleksjonane. Han skreiv fleire artiklar om val og demokrati medan han var utanriksredaktør i *Arbeiderbladet*, og demokrati og politisk organisering var sjølvsagt ofte oppe i *Kontakt*. Elster skreiv også fleire bøker der han vurderte den internasjonale politiske situasjonen, som *Frihet og demokrati* (1947) og *Øst og vest* (1948). I 1946 skreiv han ein artikkel for *Tidsskriftet Samband* der han gjekk ganske langt i å forsvare at demokratiet enno ikkje hadde fått fotfeste i den sovjetiske arbeidarstaten.

Problemstillingen i diskusjonen om dette nye samfunnet [Sovjetunionen] var i virkeligheten ikke: for eller mot demokratiet. Bare en liten del av jordens folk levte under demokratisk styre, og den internasjonale politikken var preget av alt annet enn demokrati.¹³²

Elster var ein vitenskapleg orientert rasjonalist, men innimellom kunne han også gå litt vel langt i sine rasjonelle forklaringar. Han var ein meister i å sjå saka frå fleire sider, og i sin vilje til å forstå andre politiske system enn vår norske modell. Ingenting er rett eller galt, me er berre ulike. Det var ikkje slik at det sovjetiske samfunnet var beint fram udemokratisk, meinte Elster, dei hadde berre ei anna *forståing* av kva eit demokrati var.

«Russiske valg i morgen»

Desse synspunkta la han også fram i detalj i ein stor artikkel om dei russiske vala i *Arbeiderbladet* 9. februar 1946, trykt over ei heilside i laurdagsavisa truleg, med det siktemål å opplysa norske lesarar om korleis dei innvikla vala i sovjetstaten gjekk føre seg. Det er grunn til å tru at fleire av partikollegaene sette kaffien i vrangstrupen den laurdagsmorgonen, og eg skal gå nært inn på ein del av dei resonnementa han la fram, fordi dei gjev eit ganske klart bilete av demokratioppfatningane til Elster andsynes Sovjetunionen på denne tida.

Artikkelen er skriven under vignetten til Elsters «Verden i dag»-spalte og har tittelen «Russiske valg i morgen». Han er ledsaga av ei kartskeisse over dei ulike republikkane i Sovjetunionen, og ein faktaboks informerer om korleis valet er organisert. Alle russiske borgarar har røysterett når dei er fylt 18 år ifølgje faktaboksen, og skal i hemmelege val velja sine lokale representantar til Nasjonalitetsrådet, eitt av dei to likestilte kammera i det høgste sovjetet (parlamentet). I tillegg vel

¹³² Torolf Elster, «Sovjet-Samveldet i verdenspolitikken», *Tidsskriftet Samband* årgang 1, nr. 3-4 (1946).

dei valrepresentantar frå sin valkrins, som igjen skal velja nokre hundre representantar til Unionsrådet, det andre kammeret. Dette parlamentet vel folkekommissærenes råd (40 medlemmer), som blir omtalt som landets regjering.¹³³

Men kva er så poenget med dette? «Nå er ganske visst valgene bare 'Potemkin-kulisser' beregnet på å kaste utlandet blå i øynene, ifølge en ganske vanlig oppfatning utenfor Sovjet-Samveldet. Hvordan kan man tale om frie valg i en diktaturstat?» skriv Elster, og spør vidare: «Hvilken mening har i det hele tatt valg når man bare har ett parti?» Elster går langt i å antyda at han synest det er tåpeleg å tru at russarane skulle setja saman eit så intrikat valsystem som det han nett har presentert «bare for å gjennomføre en bluff overfor utlandet,» og deduserer seg med det fram til at vala absolutt må ha ei faktisk meining.

Elster unnskyldar vidare eittpartistaten med at kommunistpartiet ikkje er eit «vanleg» parti, «men snarere en oppdragende institusjon som så lenge den sosialistiske oppbygningen pågår skal sørge for at målet holdes klart». Med andre ord er det ifølgje Elster nokon situasjonar der det er i orden at ein har eit eittpartistyre, til dømes at ein ynskjar å fullføra ein draum om eit fullkomment samfunn, eller ein utopi.

Vidare spør Elster igjen korleis folkeviljen kan koma til uttrykk når «de alminnelige borgerlige friheter ikke er anerkjent». Eit verkeleg demokrati kan ikkje realiserast under slike forhold, understrekar han, men går vidare til å spørja om kva eit demokrati eigentleg er. Sjølv definerer han det som «hvert enkelt individs rett til på like fot med alle andre å være med og forme samfunnet slik at han oppnår den rikest mulige livsutfoldelse – velstand, utvikling, frihet – innenfor den samfunnsmessige helheten». Denne definisjonen av demokrati meiner Elster ikkje er gjennomført i noko samfunn i verda, fordi tilgang på arbeid, mat, husvære og utdanning ikkje er noko som alle menneske – sjølv i Noreg – har like moglegheiter til.

«Til tross for vår politiske frihet lever vi ennå i et klassesamfunn hvor herredømmet over vesentlige samfunnsinteresser er unndratt folkeflertallets vilje,» understrekar han. Og når ein ser desse manglane i vårt eige samfunn i ein samanheng, meiner han innskrenkingane i borgarrettane i Sovjetunionen ikkje er så ille som mange skulle ha det til. Uavgrensa ytringsfridom finst ikkje i

¹³³ Torolf Elster, «Russiske valg i morgen,» *Arbeiderbladet*, 9. februar 1946.

noko land, meiner Elster. Og ja, det er lagt band på ytringsfridommen i Sovjetunionen, men «retten til åpen kritikk er ikke på langt nær så begrenset som mange tror, at åndslivet på ingen måte er så ensrettet og meningskontrollen så gjennomført».¹³⁴

Kor Elster har denne informasjonen sin om dei «verkelege» forholda i Sovjetunionen frå er førebels uklart. Artikkelen er skriven eit drygt år før han vitja Sovjetunionen for første gong. Tidlegare i artikkelen viser han likevel til «en rekke beretninger» frå utanlandske journalistar som har rapporter frå nominasjonsmøte undervegs i den sovjetiske valkampen. Ein kan jo spørja seg om det er grunn til å tru at desse var heilt nøytralt innstilte til Sovjetunionen, og om regimet gav dei reell informasjon om forholda for menneskerettane.

Elster understrekar vidare korleis demokratiske rettar, som ytringsfridom (som russarane ikkje har, men ikkje har så lite av som ein har påstått, ifølgje Elster), er viktige – men dei må ikkje gå føre andre og viktigare rettar:

For å si det kort: friheten til å bygge et sosialistisk samfunn må i denne omgang gå foran mange andre friheter (som vi har hatt lenge, men som russerne aldri har hatt) – under den forutsetning at også disse andre frihetene skal få en solid base når oppgavene er løst.

Vidare skriv Elster at dei fleste påstandane om at Sovjetunionen har utvikla seg til eit diktatur fjernt frå revolusjonen for det meste er ein «vev av rykter og propaganda», og meiner at det i staden dreier seg om visse offer ein er nøydd til å gjera i sosialismens namn, og dermed «ofte griper til metoder som ellers bare tolereres i en krig». Desse fråsegna fører gjerne tankane i totalitær retning, som eg var inne på tidlegare. Elster ser ut til å ha akseptert sovjetkommunismens visjon om det fullkomne (klasselause) samfunnet, og går her ikkje av vegen for at det blir brukt ekstreme verkemiddel (som innskrenking i borgarfridommar, eller menneskerettar i moderne språkdrakt; krigsmetodar) for å nå dette målet. På akkurat dette punktet glir han rett inn i dei fleste definisjonar av kva som konstituerer totalitære idear eller tenkjemåtar.¹³⁵

¹³⁴ Ibid.

¹³⁵ Øystein Sørensen, *Drømmen om det fullkomne samfunn. Fire totalitære ideologier – én totalitær mentalitet?* (Oslo: Aschehoug, 2010), 41-42.

Til sist avviser Elster at det i det heile tatt eksisterer noko diktatur i Sovjetunionen, fordi «maktgrunlaget» for eit eventuelt slikt demokrati er altfor svakt. Nei, «de russiske valgene er frie», insisterer han til slutt, og «de gir uttrykk for meningsbrytningar». Dagen etter hadde *Arbeiderbladet* på trykk ein lengre NTB-Reuters-artikkel om vala i Russland. Denne er halden i eit relativt nøytralt språk, og fortel at Stalin og kommunistpartiet får nær 100 prosent av røystene, utan å kommentera konteksten. Avisen ser ikkje ut til å ha fått nokon reaksjonar på artikkelen til Elster, i alle fall ikkje som dei let trykkja, så det er mogleg han ikkje vart oppfatta som så kontroversiell tidleg i 1946. Då var mange i den norske offentlegheita framleis svært positivt innstilte til Sovjetunionen.

Nokre veker seinare var det nemleg eit stort opprop i mellom anna *Dagbladet* der mange kjende nordmenn hadde signert, der dei bad om at folk måtte gi pengar til eit fond. Pengane skulle brukast til å reisa eit minnesmerke over seksti falne, russiske soldatar på Vestre Gravlund i Oslo. Blant dei som skreiv under var i tillegg til Torolf Elster også nyvalt generalsekretær i FN Trygve Lie, biskop Eivind Berggrav, forsvarsminister Jens Chr. Hauge, AFL-leiar Konrad Nordahl, utanriksminister Halvard M. Lange og odelstingspresident C.J. Hambro.¹³⁶

Fridom, demokrati og sosialisme

Sameininga av demokrati og sosialisme heldt fram med å vera eit viktig tema for Elster, og han gav ut debattboka *Frihet og demokrati* i 1947, med siktemål å stimulera til debatt om «sosialismens forhold til de to grunnleggende menneskelige idealer: *personlig frihet* og *folkestyre*». Elsters hovudtese i denne boka var at sjølv om sosialismens syn på demokratiet er relativt enkelt og «logisk uangripelig», vil «den praktiske gjennomføringen av det reise mange vanskeligheter». ¹³⁷

I det første av dei fire kapitla i boka, «Idédebatt», viste Elster korleis alle etter den nyleg avslutta verdskrigen no var blitt demokratiforkjemparar. Frå å vera eit omgrep assosiert med folkefront og antinazisme på venstresida før krigen, var omgrepet demokrati no iferd med «å bli like slitt og utvannet som ordet frihet,» skreiv han.

¹³⁶ *Dagbladet*, 15. mars 1946.

¹³⁷ Torolf Elster, *Frihet og demokrati* (Oslo: Tiden Norsk Forlag, 1947), 10.

Den siste krigen ble av de allierte ført i demokratiets navn – *for* demokratiet. Realiteten i dette var ikke alltid hundre prosent, men alle, fra Stalin til Churchill, fra Tito til de Gaulle, fra kong Haakon til kong Georg av Hellas og Tsjang Kai-sjek til president Vargas, var skjønt enige om at det var demokratiet de sloss for, og at det var verdt selv de største offer.¹³⁸

No var demokratiet blitt allemannseige, meinte Elster. «Kommunistene, som tidligere fordømte det borgerlige demokratiet som et særlig utspekulert redskap for undertrykkelse, hevder i dag at den første oppgaven må være å forsvare nettopp dette demokratiet,» skreiv han.¹³⁹ Elster heldt vidare fram med ein utførleg definisjon av kva demokratiet var og demokratiets historie frå opplysningstida og fram til samtida. Han understreka at berre 12 prosent av folket på jorda levde i eit demokratisk land, og at demokratiets stilling langt frå var så sterk som ein kunne tru. I ein diskusjon om marxismens demokratioppfatning skreiv han om korleis marxismen oppfatta det borgarlege demokratiet som ramma om ei klasseutbytting med den undertrykkjande staten i sentrum. Elster meinte at «den marxistiske lærebygningen på mange måter er foreldet,» men meinte det ikkje var grunn til å avvisa sjølve problemstillinga. Likevel konkluderer han med at sjølv om det ikkje finst perfekte demokrati, er det borgarlege demokratiet «i hvert fall det beste demokrati vi hittil har sett prøvd i praksis».¹⁴⁰

I artikkelen «Demokrati og sosialisme» går Elster i rette med dei som meiner at kronargumentet «Se på Russland» kan brukast til å stadfesta at demokrati og sosialisme ikkje kan sameinast. «Forvirringen skyldes ganske visst også at russerne bruker ordet demokrati (ganske som ordet marxisme) på en annen måte enn vi,» skriv Elster.

Det faktum at det ikke fins politiske partier i Sovjet-Samveldet behøver derfor i og for seg ikke å utelukke at det kan finne sted frie valg. (...) Men det betyr *hverken* at det i Sovjet-Samveldet hersker diktatur – hvis ordet i det hele tatt skal ha noen fast, avgrenset mening – *eller*, og framfor alt ikke, at sosialisme må føre til diktatur.¹⁴¹

Men som tidlegare er Elster fortsatt i 1947 optimist på sosialismens vegner. Det «fins ingen grunn til å oppgi vår overbevisning om at en endring i produksjonsforholdene i sosialistisk retning (...) vil føre til en tilsvarende endring i menneskenes innstilling,» heitte det.¹⁴²

¹³⁸ Ibid., 12-13.

¹³⁹ Ibid., 13

¹⁴⁰ Ibid., 27.

¹⁴¹ Ibid., 42.

¹⁴² Ibid., 48

I 1948 følgde han opp desse idédebattane med boka *Øst og vest – etterkrigstidens problemer* der det er spørsmålet om forholdet mellom sosialisme og fridom som står på agendaen. Bodskapen er på mange måtar den same som tidlegare: sosialisme utan fridom (eller fridom utan sosialisme) er utenkjeleg i *vårt* samfunn, men det betyr ikkje at den same maksimen gjeld i andre samfunn.

For oss står sosialisme uten frihet som en selvmotsigelse. Det betyr ganske visst ikke at det russiske samfunnet ikke langsomt kan utvikle seg mot sosialismen slik vi vil oppfatte den. Men vi kan ikke være trygge på at denne utviklingen vil følge en rett linje; i et samfunn uten demokratisk kontroll vil det alltid være en fare for at makthensyn driver politikken ut av kurs.¹⁴³

Men her har det også kome inn eit nytt krav som ikkje var like uttalt som i dei førre artiklane og bøkene til Elster: eit kompromisslaust krav om demokratisk kontroll i eit samfunn. Grunnhaldninga er likevel positiv og optimistisk: Sovjetunionen kan utvikla seg i demokratisk retning, ein må berre vera positive og tolmodige, ettersom ei slik utviklingslinje ikkje alltid er lineær (med andre ord: ein må tola at det blir verre før det blir betre). Ifølgje Elster må ein stadig ha i bakhovudet at forholda i dag og dei historiske føresetnadene er ganske annleis i Sovjetunionen enn i Vesten.

Retten til arbeid

Desse oppfatningane delte Elster på mange måtar med Olav Dalgard. Dalgard bidrog med fleire artiklar til *Tidsskriftet Samband*, mellom anna ein med tittelen «Sovjet og vi» i 1946 der han tok for seg dette temaet.

Bedre enn noen annen vet de [russarane] at det nytter ikke å eksportere revolusjon. Bedre enn noen annen vet de at de vesteuropeiske demokratier er en forutsetning for deres eget demokrati. Det er en forskjell, det er så, men det er i dag ingen vesentlig og avgjørende motsetning mellom russisk og vesteuropeisk demokrati.¹⁴⁴

Dette skreiv han i ein artikkel der han trekte opp dei lange utviklingslinjene i sivilisasjonens nyare historie, der han såg klare parallellar mellom den franske revolusjonen i opplysingstida og den norske fridomskampen i 1814, eit tema han ofte var innom når han talte eller skreiv om Sovjetunionen. I opningstalen til Sambandets første møte sommaren 1945, vona han mellom anna at borneborna hans ville sjå likskapar mellom kampen til Dalgards samtidige og den russiske revolusjonen i 1917, som ein analogi til den franske revolusjonen og 1814.

¹⁴³ Elster, *Øst og Vest*, 110-111.

¹⁴⁴ Olav Dalgard, "Sovjet og vi," *Tidsskriftet Samband*, årgang 1, nr. 3-4 (1946), 8.

På samme vis vil truleg våre borneborn kunne peike på at vår ættled lærte av den russiske [revolusjonen]: lærte om ein ny fridom, djupare fundert, med større vilje til rettferd for alle som tener samfunnet, enten det nå skjer med ånd eller med hånd. Når vi i dag har fått slått fast offisielt at alle nordmenn har rett og plikt til arbeid, så høyrer ein lett gjenklagen frå Lenins mektige røyst.¹⁴⁵

Det var i denne perioden at retten til arbeid vart rekna som ein grunnleggjande rett for folk i Noreg. I Sovjetunionens grunnlov frå 1936, den såkalla Stalin-grunnlova, var retten til arbeid den første og viktigaste retten for individet. I Noreg vart prinsippet om retten til arbeid for alle fastslege i fellesprogrammet, som eg var inne på i kapittel 3, som partia slutta seg til etter freden i 1945. Denne retten vart først skriven inn i den norske grunnlova ni år seinare, i 1954.¹⁴⁶

Også Torolf Elster var inne på liknande tankar i ein artikkel i *Arbeiderbladet* i oktober 1945. Der gjorde han det klart at ingen ville hevda at ein russisk borgar hadde dei same rettane som ein norsk borgar, «men en russer kan på den andre siden spørre hva det er for et slags demokrati som gir like rett til å stemme, men ikke like rett til arbeid», skreiv han.¹⁴⁷

Russiske arbeidsleirar?

Sigurd Evensmo gjorde seg ikkje like mange refleksjonar rundt det eventuelle demokratiet i Sovjetunionen. Men hausten 1947 skreiv han fleire artiklar i *Arbeiderbladet* om russisk litteratur, der han etter eiga fråsegn tok eit så klart standpunkt for Sovjetunionen at han frykta han ville bli plassert blant «kryptokommunistene».¹⁴⁸ Dette var berre nokre veker før han reiste til Sovjetunionen med Sambandet for å delta på 30-årsjubileet for revolusjonen, ei reise han mellom anna skildra i *Ut i kulda* mange år seinare. «Jubileumsadressen var så visst ingen hyllest til det samfunn Stalin hadde skapt,» skriv han i memoarane sine, men «massetilslutningen fortalte at nordmenn ikke hadde glemt Sovjets innsats i krigen, og mange ville hylle selve revolusjonen i 1917.»¹⁴⁹ Evensmo skriv vidare at han på dette tidspunktet visste at utviklinga i Sovjetunionen var «illevarslende», men at han likevel sa ja til å vera med på reisa, fordi han ville prøva å vurdere utviklinga ved sjølvsyn.

¹⁴⁵ Olav Dalgards tale til Sambandets første møte referert i *Friheten*, 7. juli 1945

¹⁴⁶ Retten til arbeid vart skriven inn i grunnlovens paragraf 110, og fekk ordlyden «Det paaligger Statens Myndigheder at lægge Forholdene til Rette for at ethvert arbejdsdygtigt Menneske kan skaffe sig Udkomme ved sit Arbejde». Under grunnlovsrevisjonen i 2014 fekk § 110 eit tillegg i første ledd: «Den som ikkje sjølv kan forsyte seg, har rett til stønad frå det offentlege.» Kjelde: Store norske leksikon, s.v. «Retten til arbeid».

¹⁴⁷ *Arbeiderbladet*, 5. oktober 1945.

¹⁴⁸ Dagboknotat av Evensmo 19. oktober 1947, sitert i: Evensmo, *Ut i kulda*, 48.

¹⁴⁹ Evensmo, *Ut i kulda*, 58.

Jeg ville prøve å kjenne folket på pulsen så godt det lot seg gjøre for en delegat som daglig – men ikke alltid – ble fulgt av en engelsktalende tolk med spesielle kvalifikasjoner i tillegg til språkkunnskapene.¹⁵⁰

Sjølv om Evensmo trekkjer fram denne «tolken» og fleire gonger omtaler «Stalins diktatur» i *Ut i kulda*, som først kom ut i 1978, er det eit annleis bilete som dannar seg ut frå artikkel og brevveksling i 1947. Evensmo og kulturattaché August Lange var nære vener, og mykje av brevvekslinga deira er gjeven att i biografien om Sigurd Evensmo. Biografane har også hatt tilgang på Evensmos dagbøker og referert fleire utdrag, i tillegg til at Evensmo sjølv har fylt lange passasjar i *Ut i kulda* med utdrag frå dei same dagbøkene. Her uttrykte han eit sterkt tvisyn i utanrikspolitiske spørsmål. 20. august 1946 skreiv han at han nok hadde «svingt en del» sidan krigen var over, men var eigentleg samd i brubyggingspolitikken som regjeringa førte.

Men særlig amerikanernes kyniske maktpolitikk og den Vestblokk-dannelsen som er under oppseiling og i disse dager truer hele fredskonferansen i Paris, har fått meg til å se med større forståelse og sympati på Sovjetunionens linje.¹⁵¹

Sommaren 1947 vart det klart at August Lange skulle slutta i jobben som kulturattaché, og Evensmo vurderte sterkt å ta over stillinga etter han. Han lufta forslaget for Lange under eit opphald på hytta Vangsbu, og venen vart svært entusiastisk. Evensmo vurderte dette karrièbyttet såpass seriøst at han byrja på russiskkurs hausten 1947, og omtalte det som eit nytt kapittel i livet. «Neppe noen gang siden krigen har Sovjetsamveldets aksjer stått så lavt som nå. Under det reaksjonære Amerikas førerskap er den vestlige verden i ferd med å bli sveiset sammen til en sovjetfiendtlig blokk», skreiv han i dagboka.¹⁵²

Men ved årsskiftet hadde August Lange byrja å tvila på sovjetsaka. Dei møttest i Oslo tidleg i januar 1948, og då var Lange deprimert fordi «så mye av det han opplevde i Russland er 'vanskelig å forstå og kanskje umulig å godta etter vestlige tankebaner'. Etter noen få dager hjemme, der Lange havner midt i det Evensmo kaller 'vår fortattede sovjetfiendtlige atmosfære', snur han om,» skriv Bromark og Tretvoll. August Lange sat i Moskva og var så «forbannet lei av dette nå», kjende seg forvirra og jamførte opphaldet med fangetida i tysk konsentrasjonsleir. «Alle mine verste forutanelser er gått i oppfyllelse», skreiv han til Evensmo.¹⁵³ Om stillinga som

¹⁵⁰ Ibid., 59.

¹⁵¹ Ibid., 31.

¹⁵² Bromark og Tretvoll, *Sigurd Evensmo*, 293.

¹⁵³ Ibid., 300-301.

kulturattaché skriv Lange at han ikkje trur ho vil bli vidareført etter at han er ferdig. Og han uttrykkjer uro for innhaldet i fleire av artiklane til Sigurd Evensmo etter reisa til Sovjet, der Evensmo skreiv om årsakene til at nokon nekta å akseptera at det fanst konsentrasjonsleirar i det tredje riket. Hadde venen gått for langt i sovjet-apologetisk retning? «Vet du hva jeg tenkte?» spør August Lange i brev til venen.

Jeg tenkte at nå skulle Sigurd være faen så varsom, for det er en boomerang han holder i hånden – hva ønsker du i dag å vite om konsentrasjonsleirene i SSSR? Gå utenom, sa Bøygen! Hvis du i årevis fortsetter å gå utenom, alt mens du holder din lille del-sannhet i den hule hånd, lik en fuglunge du vil verge mot den iskalde vinden, da tror jeg du blir sliten, og fuglunge vil likevel dø på grunn av mangel på næring og luft.¹⁵⁴

Men Evensmo let seg ikkje affisera nemneverdig av dette. Han svarer Lange at han ikkje endrar syn på grunn av erfaringane hans. «Om du må ruge over dem, så er de nå dine, om de er bitre, så er de nå erfaringer,» skriv han, og vil sjølv halda fram med å skriva artiklar om russisk kultur, ifølgje Bromark og Tretvoll. I brevet til August Lange, datert 27. februar 1948, heitte det:

Jeg vil innbilde meg at det blir annerledes en gang, og så lenge en ikke har noe Paradis å tro på hverken her eller der, får en drive på og lete etter forklaringer og muligheter til en eventuelt ligger med nesa i været.¹⁵⁵

Spaniakomiteen og Haakon Lie

Eit anna spørsmål som engasjerte Sigurd Evensmo i denne perioden, var Spania-spørsmålet – forholdet til landet som var styrt av diktator Franco etter at venstresida hadde lidd nederlag i den blodige borgarkrigen frå 1936 til 1939. Det var eit viktig politisk spørsmål i Noreg og i mange andre land etter krigen. I 1946 vart Den norske Spaniakomiteen skipa med Evensmo som styremedlem og Hans Jacob Nilsen som den første leiaren. For Evensmo sin del var Spania-spørsmålet med på å venda han meir mot Sovjetunionen på denne tida.

Når all kamuflasje feies vekk, vil folk se at det ikke er «realpolitiske» norske interesser som tvinger oss til å akseptere det fascistiske diktaturet i Spania, men USA som ikke ønsker noe bry fra norsk side.¹⁵⁶

Nokre veker seinare, i februar 1947, gjekk det føre seg ein opprivande debatt om Franco-diktaturet i Arbeidarpartiet der Sigurd Evensmo meinte at Noreg heldt på å følgja resten av

¹⁵⁴ Ibid., 301.

¹⁵⁵ Ibid., 302.

¹⁵⁶ Sigurd Evensmos dagbok 18. januar 1947. Sitert i: Evensmo, *Ut i kulda*, 42.

Vesten i «et kynisk forræderi mot det spanske folket».¹⁵⁷ Forholdet hans til partiet og til *Arbeiderbladet* vart dårlegare på denne tida, og våren 1947 tok han eitt års pause frå stillinga som kulturredaktør, mellom anna etter eit kraftig oppgjer med Haakon Lie.

Haakon Lie var den fremste talsmannen for ei aktiv vestvending, og kunne bruka krasse ord og partipisk for å få medlemmene med seg. Sviket mot det spanske folket, slik Evensmo kjende det, hadde «virket sterkere på mange – deriblant meg – enn noen annen politisk begivenhet siden 9. april,» skreiv han i dagboka.¹⁵⁸ Etter eit møte i Arbeidarpartiet om Spaniakomiteen, hadde Haakon Lie gått til angrep på Evensmo personleg. I dagboka skriv Evensmo at Lie sa at «Vi betrakter dette som et slag i trynet».¹⁵⁹ Her la han lite i mellom i skildringa av den mektige partisekretæren:

Like lite som jeg elsker Kommunistpartiet, dets demagogi, dets sentralisme og dets servilitet overfor Sovjet, like lite elsker jeg alt det typen Haakon Lie representerer innenfor Arbeiderpartiet: Meningsterroren, maktsyken, sentralismen, uredeligheten – og bakom disse karaktertrekkene: Det blinde Sovjethatet og den bevisste orienteringen vestover. Haakon Lie er en stor ulykke for partiet, han vil etter mitt skjønn kunne komme til å gjøre større skade for bevegelsen enn noen annen enkeltperson [...]. Jeg tror min stilling i avisen meget snart kan bli vanskelig – først og fremst i forhold til Rolf Gerhardsen som synes å være helt i lommene på Haakon Lie.¹⁶⁰

Spaniakomiteen arrangerte møte og føredrag, dei organiserte kunstutstillingar der inntektene gjekk til å hjelpa spanske flyktningar. Dei samla inn pengar til ein barneheim i Frankrike for foreldrelause spanske barn, og sette i gang fleire andre innsamlingsaksjonar, mellom anna for å hjelpa spanske barn til norgesferie.

Grunnen til at eg har valt å ta med dette avsnittet her er for å visa det ironiske i korleis Evensmo og Nilsen til liks med fleire andre nordmenn kunne kjempa med glødande engasjement mot ein diktator i eitt land, og samstundes unnskylda handlingane til ein diktator i eit anna land. Men det vart neppe opplevd like klart av aktørane i samtida, og det ser heller ikkje ut til at dette ganske effektive retoriske grepet vart brukt mot dei av motstandarane i avisdebattane eg har undersøkt. Jamføring av totalitære regime som forskingsmetode var så vidt komen i gang ved amerikanske universitet. I Noreg var det få – utover Øverland – som trekte parallellar mellom Hitler og Stalin i

¹⁵⁷ Bromark og Tretvoll, *Sigurd Evensmo*, 284.

¹⁵⁸ *Ibid.*

¹⁵⁹ *Ibid.*, 285.

¹⁶⁰ Sigurd Evensmos dagbok, 7. mars 1947. Sitert i: Bromark og Tretvoll, *Sigurd Evensmo*, 286.

dei første etterkrigsåra, men han vart til gjengjeld ganske innbitt i sin motstand mot Sovjetunionen, som me etter kvart skal sjå.

Samanfatning

Gjennom fleire avisartiklar og bøker har eg i dette kapittelet vist at Torolf Elster ikkje meinte at Sovjetunionen var eit demokrati på linje med demokratiske land i Vesten, utan at dette nødvendigvis betydde at styret i Sovjetunionen var dårlegare. Det forsvarte han gjennomgåande, men på ulike måtar: 1) Med at eit demokrati i tydinga styre i folkefleirtalets interesse var vel så bra som eit styre av folkefleirtalet. 2) Med at også vestlege demokrati var feilbarlege, berre på andre måtar. 3) Med at sosialismens utvikling var viktigare enn demokratisk utvikling, som difor kunne setjast til side ein periode. Og endeleg 4) med at den historiske utviklinga i Russland innebar at landet ikkje var modent for eit demokratisk styre etter vestleg modell – enno. Likevel stilte han fleire krav utover i perioden. I *Øst eller vest*, som kom ut etter kuppet i Tsjekkoslovakia, understrekar han at demokratisk kontroll må liggja til grunn i samfunnet. Også Dalgard meinte at spørsmålet om det sovjetiske styresettet var av relativt karakter, og meinte skilnadene mellom norsk og russisk «demokrati» ikkje var vesentlege i 1946.

Sigurd Evensmo vart skulda av August Lange for å gå utanom ubehagelege sanningar om Sovjetunionen, som arbeidsleirane, men let seg ikkje affisera av det. Saman med Hans Jacob Nilsen var han også engasjert i Spania-komiteen, som kritiserte diktaturet i Spania under general Franco. Mens dei samla inn pengar til barn som hadde mista foreldra under Francos forfølgingar, vendte dei det døve øyret til når det var snakk om tilsvarande forfølgingar under Stalin i Sovjetunionen. Dette heng truleg saman med røyntslene frå mellomkrigstida: borgarkrigen i Spania var også ein felleseuropeisk kamp mot fascismen og nazismen som engasjerte tusenvis av intellektuelle på venstresida over heile Europa. Frå Noreg reiste både Lise Lindbæk og Nordahl Grieg til Spania som krigskorrespondentar, og både for dei og for folk heime var ein ting klar: Sovjetunionen var det einaste landet som hjelpte folkefronten, og den sosialistiske staten vart for venstresida det fremste bolverket mot fascismen i Europa. Det er ikkje underleg om slike oppfatningar sat i hjå dei involverte i mange år etterpå.

6: Kunst og kultur i Sovjetunionen

«I Sovjetunionen legger man stor vikt vid ett fritt skapande, en fri utlösning, ohemmat av några stränga krav på programuppfyllelse.»¹⁶¹

Det første Johan Borgen, Olav Dalgard, Torolf Elster, Sigurd Evensmo og Hans Jacob Nilsen hadde til felles, var at dei var kulturarbeidarar. Som forfattarar, filmskaparar, teaterfolk hadde dei ei sterkare interesse for kunst og kultur enn dei fleste nordmenn, og dette var nok mykje av grunnen til at dei valde å engasjera seg i kulturutveksling med Sovjetunionen gjennom Sambandet. Men som kulturarbeidarar må ein også kunne venta av dei at dei orienterte seg grundigare om situasjonen for kulturarbeidarar i land dei samarbeida med. Difor er det vel verdt å sjå nærmare på kva dei faktiske meinte og skreiv om situasjonen for dei russiske kollegaene under det stalinistiske regimet.

Eit riss av kulturpolitikken i Sovjetunionen før og etter andre verdskrig

Sovjet-staten brukte under Stalin mykje pengar på kunst og kulturliv, og behandla kunstnarane som tilpassa seg til regimet godt. Men den viktigaste føresetnaden for å driva med kunst, litteratur eller teater var ikkje til stades: ein var ikkje fri til å uttrykkja seg som ein ville. Under Lenin blanda partiet seg ikkje så ofte inn i kunstlivet, slik norma skulle bli seinare. Men Lenin sine få, men viktige intervensjonar bør ein ha i bakhovudet når ein skal forstå utviklinga som følgde. Det var til dømes Lenin som gjekk inn for nasjonalisering av dei fleste kunstmusea i landet, og stod for salet av enorme kunstrikkdommar til utlandet. Omkring 1100 kunstsamlingar med 200.000 verk vart nasjonaliserte tidleg på 1920-talet, skriv kunsthistorikar og gallerieigar Matthew Cullerne Bown i boka *Art under Stalin* frå 1991.¹⁶²

Partiånd

Men det viktigaste bidraget frå Lenin var ideen om at kunsten var underlagt partiet. I motsetnad til slagordet om *l'art pour l'art* som Théophile Gautier og *les parnassiens* hadde teke hevd på tidleg på 1800-talet, skulle kunsten ifølgje Lenin nettopp vera til for å fremja saka til arbeidarklassen, til

¹⁶¹ Dette skreiv Johan Borgen i ein artikkel i den svenske kommunistavisa *Ny Dag* 1. april 1944. Avisklyppet er funne i arkivet etter Johan og Annemarta Borgen i Nasjonalbiblioteket.

¹⁶² Matthew Cullerne Bown, *Art under Stalin* (Oxford: Phaidon, 1991), 23.

partiet. For at kunsten skulle ha verdi måtte han vera prega av ei partiånd, *partiinnost*. Dette gav Lenin mellom anna uttrykk for i ein artikkel i *Rabotsjeje Djelo* («Arbeidernes sak»), eit månadstidsskrift som kom ut i Genève rundt århundreskiftet.

Litteraturen må bli *en del* av proletariatets felles sak, «et tannhjul og en skrue» i et enhetlig stort sosialdemokratisk maskineri som settes i bevegelse av hele arbeiderklassens hele politisk/bevisste fortrøpp. Litteraturen må bli en komponent i organisert, planlagt og integrert sosialdemokratisk partiarbeid.¹⁶³

Mot slutten av 1920-talet, etter at Stalin hadde stadfesta posisjonen sin som leiar av Sovjetunionen og arvtakar etter Lenin, byrja partiet å ta meir direkte grep for å regulera kultursektoren. Eit dekret frå desember 1928 gjorde det klart at «the sole function of literature (and by interference of the other arts) was to be communist education,» skriv Bown.¹⁶⁴ Dei neste åra tok partiet også fleire grep i kjent sovjetisk sentralistisk stil for å samordna kunstnarane, som var spreidde utover i eit vell av ulike organisasjonar, i éi gruppe. Denne gruppa vart skipa sommaren 1930, og to år seinare var alle andre grupperingar blitt eksplisitt forbodne ved eit dekret.¹⁶⁵

Ingeniør for menneskets sjel

På 1930-talet var difor kunstnarleg fridom i Sovjetunionen ein illusjon, og den sosialistiske realismen gjorde seg gjeldande som den førande, statleg godkjende kunstretninga. Maksim Gorkij gjorde omgrepet kjent med artikkelen «On Socialist Realism» i 1933. Her skildra han «a new direction essential to us – socialist realism, which – it stands to reason – can be created only from the data of socialist experience».¹⁶⁶ Bown meiner at Stalin sjølv var ein viktig pådrivar for å ta i bruk sosialistisk realisme som omgrep, og han skal ha bestemt seg for dette i eit middagsselskap heime hjå nettopp Gorkij i oktober 1932, «while vying with Gorki and others to think up a suitable name for an intrinsically Soviet art».¹⁶⁷ Sosialistisk realisme vart proklamert som grunnlaget for all sovjetisk kunst framover. Stalins definisjon av ein sosialistisk realist, var «an

¹⁶³ Vladimir I. Lenin, «Partiorganisasjonen og partilitteraturen», i *Lenin om litteratur og kunst* (Oslo: Forlaget Ny Dag, 1981), 25-26.

¹⁶⁴ Bown, *Art under Stalin*, 69.

¹⁶⁵ Ibid.

¹⁶⁶ Ibid., 89.

¹⁶⁷ Ibid.

‘engineer of human souls’». ¹⁶⁸ Det var den nådelause kulturpolitikaren Andrei Zhdanov som kom med ein meir utvida definisjon av omgrepet, under den første allunionelle kongressen for sovjetiske forfattarar i 1934:

Comrade Stalin has called our writers the engineers of human souls. What does this mean? What obligations does this title impose on you? It means firstly that you must know life in order to depict it faithfully in artistic productions, to depict it not scholastically, not in a dead fashion, not simply as “objective fact”, but to depict reality in its revolutionary development. At the same time faithfulness and the historical concreteness of the artistic depiction must be combined with the task of the ideologically refashioning and education of the laboring people in the spirit of socialism. Such a method of artistic literature and literary criticism is what we call the method of Socialist Realism. ¹⁶⁹

På den same tida vart det sett i gang ein brutal kampanje mot kunstnarane som hørde til ei anna retning, formalismen. Kunstkritikaren Osip Beskin stod i spissen for dette, og skulda offentleg ei rekkje namngitte kunstnarar for å vera formalistar, noko russarane forbandt med vestleg dekadense. ¹⁷⁰ Vinteren 1936 vart den kjende komponisten Dmitrij Sjostakovitsj kritisert i fleire artiklar i *Pravda*. Ein eigen komité for kunstsaker (KPDI) vart sett opp det same året, og tok over styringa med kampanjen mot formalismen gjennom full kontroll med museum, kunstskular og dei viktigaste tidsskrifta. ¹⁷¹ Blant dei mest kjende offera for denne kulturutreinskinga er teatermannen Vsevolod Mejerhold (1874-1940). Mejerhold var teaterdirektør og tilhørte dei symbolistiske og futuristiske straumdraga. Han vart ein av dei mest entusiastiske aktivistane for det nye sovjetteateret etter revolusjonen i 1917, og gjekk inn i bolsjevikpartiet i 1918. På 1930-talet var Mejerhold kritisk til sosialistisk realisme, og teateret hans i Moskva vart stengt i 1938. Då tok han over Stanislavskijs kunstnarteater, men året etter vart han arrestert i Leningrad. I arresten vart Mejerhold torturert, og han vart dømt til døden og avretta i februar 1940.

Ny bølge av kulturelle pogromar

Som på dei fleste samfunnsområde var også kulturlivet i Sovjetunionen i noko av ein unntakstilstand den første tida etter krigen, men i 1946 sette partiet i gang ein ny runde med det kunsthistorikar Igor Golomstock kallar for «kulturelle pogromar», under leiing av nemnte Andrei Zhdanov. Kampanjen sikta seg inn mot dei formalistane som var att, og eit nytt ‘trugsmål’: Dei

¹⁶⁸ Igor Golomstock, *Totalitarian Art in the Soviet Union, the Third Reich, Fascist Italy and the People’s Republic of China* (London: Collins Harvill, 1990), 84-85.

¹⁶⁹ Ibid., 85-86.

¹⁷⁰ *Oxford Dictionary of Modern and Contemporary Art*, s.v. “formalism”

¹⁷¹ Bown, *Art under Stalin*, 120.

rotlause kosmopolittane, som vart sett på som ein trussel mot russisk nasjonalkjensle og den russiske kulturarven. Sentralkomiteen sende ut fleire dekret om aviser, operaer, filmar og så vidare. Kampanjen kulminerte med dekretet «On the opera *Great Friendship* by Vano Muradeli» 10. februar 1948. Her skulda sentralkomiteen Sergej Prokofjev og Dmitrij Sjostakovitsj for å ha øydelagt språket i musikalske klassikarar og kom med nedsetjande omtale av Muradelis opera.¹⁷² Prokofjev og Sjostakovitsj hadde forbrote seg mot dei viktigaste verdiane for russisk kunst i denne perioden: patriotisme, kjærleik til fedrelandet og hengivenheit til staten. Vestleg kunst vart forsøkt sletta frå russarane sitt minne. I 1947 vart det statlege museet for moderne vestleg kunst i Moskva stengt. Den var den einaste plassen i Sovjetunionen kor ein kunne sjå europeisk måleri, og vart først opna att etter at Stalin var død. Golomstock fortel at «by the fifties only the oldest generation of the intelligentsia could still remember that there had been such artists in nineteenth-century Europe as Turner, Constable, Goya. The country had cut itself off from the whole world of culture.»¹⁷³

Johan Borgen om Sovjetunionen under krigen

Våren 1944 var Johan Borgen i Sverige som flyktning under krigen, og skreiv artiklar til den svenske kommunistiske avisa *Ny Dag*. I ein artikkel som handla om kunstnarane sine problem med samfunnet, og publikums problem med kunsten, trekkjer han fram Charles Dickens som kroneksempelen på dette problemet:

Den store engelske diktaren Charles Dickens betraktas väl idag av de flesta som en småborgerlig idylliker. I sina stora sociala romaner skildrar han bland annat den skändiga behandling som bortlämnade fattiga pojkar hadde att utstå i England för hundra år sedan; han skildrar hur småpojkar utsvältes för att bli lärlingar hos skorstensfejare (för att de skulle få plats inne i skorstenen), hur de blev ficktjuvar i händerna på samvetslösa banditer. (...) Men han gör det i breda och invecklade romaner, som vanlige slutar lyckligt, romaner som är ägnade att underhålla och förströ de rika läsara.¹⁷⁴

Borgen fortel vidare at han hadde snakka med Nordahl Grieg om nettopp dette, korleis kunsten måtte gjera nytte for seg. «Han var en tid helt ensidigt upptagen av att göra nytta för sig. Varje rad hans skrev, varje replik han förmedlade genom skådespelarens mun, skulle vara ett direkt skott mot det som skulle falla». Problemet for «den ansvarskännande» kunstnaren i dag, identifiserte Borgen, var: «På vad sätt kan jag tjäna det som för mig er hovudsaken? **Kan** jag det överhuvud?»

¹⁷² Golomstock, *Totalitarian Art*, 141.

¹⁷³ Ibid., 144

¹⁷⁴ Borgen, «Konstnärernas samhällsproblem – och publikens konstproblem,» *Ny Dag*, 1. april 1944.

Likevel meinte altså Johan Borgen i 1944 at ein i Sovjetunionen la vekt på «ett fritt skapande» utan krav til programoppfylling då han vart intervjuet i *Ny Dag*. Var han åleine om dette synspunktet, eller delte dei andre venstreintellektuelle i denne undersøkinga den same oppfatninga?

«En veldig respekt for kunsten»

Hans Jacob Nilsen skriv i sitt bidrag til *Fra Leningrad til Armenia*: «Vi hadde lest i enkelte aviser at forfatterne i Sovjet skriver etter diktat, at komponistene komponerer etter ordre, at malerne maler på kommando! Kan kunst trives i et slikt land?» Ut frå den oppglødde skildringa som følger av eit besøk i operaen må ein tru at Hans Jacob Nilsen meinte at kunsten treivst svært godt i Russland, og at påstandane om diktat og kommando difor måtte vera tøv. Teatersjefen var også begeistra over å oppdaga at «[d]et er ingen skilnad på dem som sitter på første benk og dem på siste. De likner faktisk en samling norske kvinner og menn fra okkupasjonstiden – den tiden da vi også var like for noen år».¹⁷⁵

I eit intervju i *Friheten* etter heimkomsten var Nilsen begeistra over kvaliteten på det russiske teateret. «Et særtrekk ved teaterlivet derborte er at de bruker år på å øve inn et skuespill, men så var det også et stykke som hadde gått i 40 år,» sa han, og fortalde vidare: «Det er i det hele tatt en veldig respekt for kunsten, og kulturpause går det ikke an å snakke om i Sovjet-Samveldet».¹⁷⁶ Nilsen skreiv fleire reisebrev frå opplevingane sine i Sovjetunionen i *Dagbladet*, der han gav utførlege skildringar av dei ulike teaterstykkane han opplevde, frå dokketeater til Stanislavskij. Han fortalde også om skodespelarutdanninga i Sovjetunionen, som han var svært imponert over – skodespelarane studerte på teaterakademi i minimum fire år før dei var klare for scena.

Etter heimkomsten brevveksla han med kulturattaché August Lange, som hadde lese skildringane hans i *Dagbladet*, «og jeg må si at jeg synes de er overlegent det beste av det jeg hittil har sett av delegatens beretninger,» skreiv han. Lange meinte Nilsen hadde ei imponerende evne til å iakttå og setja om inntrykk til ord, men var ikkje heilt nøgd:

¹⁷⁵ Nilsen, «Fra Leningrad til Erivan,» 13.

¹⁷⁶ *Friheten*, 3. juni 1947.

Min eneste innvending er at du av og til har vært litt for elskverdig mot vårt vertskap – f.eks. i forbindelse med krigsskuespillet om den blinde i Erevan. Forestillingen var jo temmelig spe. – Men jeg innrømmer at jeg selv gjorde akkurat samme feil i mitt foredrag i Oslo i vinter.¹⁷⁷

Lange og Nilsen held fram med ei sporadisk brevveksling dei neste åra, og planlegg mellom anna Nilsens besøk på jubileet for Stanislavskij-teateret i 1948, og drøftar moglegheitene for at Nilsen kan koma til Sovjetunionen og setja opp eit gjestespel ved eit av teaterane der.

Møter med russiske kunstnarar

I *Frå Leningrad til Armenia* skriv filmskapar Olav Dalgard eit kapittel om filmen i Sovjetunionen etter krigen. Han skildrar utviklingsgangen etter at talefilmen kom, og drøftar kvifor USA fekk ei fortrinn føre Sovjetunionen på dette området. Litt seinare fortel han om korleis det var då delegasjonen «fekk æra å helse på» Sergej Eisenstein, den kjende sovjetiske filmregissøren. Ifølgje Dalgard var Eisenstein akkurat slik han hadde førestelt seg etter å ha sett filmene hans: «Ein tettvaksen plugg med jødefysiognomi, talskiva nokre gradar snudd opp, sjøltrygg og fullt medveten om at her er eg!» Dalgard refererer utdrag frå ein samtale dei hadde om korleis skapa god film, og verkar entusiastisk.¹⁷⁸ I memoarane han gav ut rundt 30 år seinare, var omtalen av Eisenstein mindre positiv, han var «nærast avvisande og mutt, særleg da han fekk eit spørsmål om det var så at han ikkje var heilt på linje med sovjetideologien».¹⁷⁹

Året etterpå var Dalgard igjen med Sambandet til Sovjetunionen, og fekk denne gongen moglegheit til å møta Ilja Ehrenburg. I memoarane hugsar han møtet slik at samtalen «utvikla seg pent og pynteleg til ein av delegatane reiste det kontroversielle spørsmålet: Kvifor blir sovjetforfattarane sensurerte, og kvifor har dei ikkje full fridom til å skrive det dei vil, slik som i Vest-Europa?» Dalgard skriv at det følgde dårleg stemning etter dette, og at «Ehrenburg heldt sterkt fram kor mye større fridommen til forfattarane var i Sovjet enn i Vest-Europa og USA».

Eg trur Ehrenburg meinte dette, og sjølvsagt var det lett for han å finne argument for kor bunden forfattaren i røynda er i eit samfunn der kapitalismen har bukta og begge endane. Likevel kunne eg i hans indignasjon ikkje fri meg for å høre ein undertone av sorg og fortvilning over den strenge avgrensing av fridomen som sovjetforfattarane har levd under, og som ikkje minst den vestorienterte Ilja Ehrenburg må ha kjent som noe av ei tvangstrøye.¹⁸⁰

¹⁷⁷ Brev frå August Lange til Hans Jacob Nilsen, 19. august 1947. (NB Teaterarkivet A20 Hans Jacob Nilsen).

¹⁷⁸ Olav Dalgard, «Sovjetfilmen etter krigen», *Frå Leningrad til Armenia*, 75.

¹⁷⁹ Olav Dalgard, *Samtid II. Krig og etterkrigsproblem* (Oslo: Tiden, 1978), 103.

¹⁸⁰ *Ibid.*, 106-107.

Igjen er dette eit døme på korleis Dalgard hugsa mindre positive ting om Sovjet-vitjinga først tretti år seinare. Han nemnde ikkje denne hendinga i artiklar i pressa i samtida. Dalgard nemner i artikkelen også den russiske kampanjen mot formalismen i 1936, men kallar det «striden mellom gamal og ny kunst,» og meiner at denne var «førebils utdebatert i Moskva» i 1936, som einkvan debatt mellom jambyrdige skular og kunstsyn.¹⁸¹

Sigurd Evensmo vart begeistra for russiske forfattarar alt då han byrja å lesa Maksim Gorkij som 18-åring, og skreiv fleire gonger om russisk litteratur både i *Arbeiderbladet* og andre stader. I ein artikkel i *Kvinnen og tiden* i januar 1950 skreiv han ein lang artikkel om Gorkij og mellom anna den sosialistiske realismen: «For den *sosialistiske* realismen er livet handling og skapen, med det mål ustanselig å utvikle menneskets uvurderlige individuelle evner,» heitte det. Om Evensmo var kritisk til at Sovjetunionen hadde ein offisiell kunstideologi eller hadde reservasjonar mot eit kunstuttrykk for «ingeniørar for menneskelege sjelar», nemnte han det i alle fall ikkje. I artikkelen la han fram eit utelukkande positivt syn på den sosialistiske realismen.¹⁸²

Samanfatning

I det føregåande har eg forsøkt å trekkja opp dei viktigaste utviklingslinjene i kunstpolitikken i Sovjetunionen frå revolusjonen og fram til den aktuelle perioden på 1940-talet, for å ha dette som bakteppe når eg vurderer dei venstreintellektuelle sine omtaler av russiske kunstoplevingar både i teatersalen på delegasjonsreise, og i russisk litteratur. Dei er gjennomgåande positive til alle dei sovjetiske kunstuttrykka dei møter på, og stiller ingen kritiske spørsmål eller ytrar nokon form for uvisse rundt arbeidsforholda til dei russiske kunstnarane. I eit kort referat frå eit møte i Sovjetforfattarane si foreining 15. mai 1947, skriv kulturdelegasjonen at dei her fekk svar på «våre spørsmål om det litterære liv i Sovjetsamveldet», og opplyser at den offisielle forfattarforeininga (SSP) har over 2500 medlemmer, der opptakskrava mellom anna er at ein samtykkjer i programmet til sovjetmakta.¹⁸³

¹⁸¹ Dalgard, «Sovjetfilmen etter krigen,» 75.

¹⁸² Sigurd Evensmo, «En dikter og hans liv» i *Ingen fred å finne*, 143.

¹⁸³ Maskinskrive referat signert August Lange, «Møte i Sovjetforfatterne forening 15. mai 1947,» datert Moskva 3. juni 1947. Referatet er eitt av fleire referat frå dei ulike besøka til Kulturdelegasjonen 1947, og ligg i ei mappe i personarkivet etter Harald Hals på Riksarkivet.

7: Meiningsfellane som svikta

«Vet du hvor lenge du er fri,
og hvad du selv vil verne?
Så mange folk – ja også vi,
har trodd på sigd og stjerne.
Nu er det bitterlig forbi!»¹⁸⁴

Sitatet over er eit utdrag frå diktet «Finlands appell» av Arnulf Øverland, skrive i desember 1939 etter den russiske invasjonen av Finland 30. november som sjokkerte den norske venstresida. På det tidspunktet hadde Øverland sitt oppgjær med Sovjetunionen lege og ulma i eit par år allereie, men han hadde for det meste halde tett om det fordi han ynskja å halda venstresida samla utad i front mot fascismen, hovudfiende nummer 1. Etter krigen var ting blitt annleis: Hitler var død, Mussolini var død, Quisling var død. Fascismen var knust. For Øverland var det på tide å ta av silkehanskane. Arthur Koestler, fyrtårnet for mange av Europas eks-marxistiske nyomvendte kommunistkritikarar, hadde stor suksess med bøker som tok oppgjær med Moskva. Etter at den første fredsrusen hadde lagt, seg var villkåra for dei sovjet-begeistra brått blitt langt tøffare enn det hadde vore eit tiår før. Også i Noreg kjende fleire av dei kulturradikale frå 1930-talet seg skuvne ut i kulda, dei som hadde stått skulder ved skulder med Øverland og Hoel i kampen mot fascisme, borgarskap og Haakon Lie.

Å undersøkje korleis dei reagerte på angrepa til Øverland og Koestler på det sovjetiske regimet er interessant fordi det gjev oss eit godt innblikk i kor stor grad dei fem var villige til å forsvare Sovjetunionen. Angrepa dei serverte tilbake seier noko om *kva* det var dei forsvarte. I det følgjande skal eg sjå nærmare på mottakinga dei gav to viktige bøker som begge kom ut i 1946: *Yogien og kommissæren og andre essays* av Arthur Koestler, og *Det har ringt for annen gang. Taler og artikler* av Arnulf Øverland. I tillegg skal eg forfølgja den enorme ordflaumen som følgde i norsk presse etter at Arnulf Øverland reiste Skandinavia rundt på ein føredragsturné med skarpladd sikte mot Sovjetunionen.

¹⁸⁴ Frå diktet “Finlands appell,” skrive av Arnulf Øverland i desember 1939. Det vart framført på eit møte i samvirkebevegelsen og trykt i deira blad, *Kooperatøren*. I februar 1940 stod det også på trykk i *Arbeiderbladet* (10. februar) og *1ste Mai* (15. februar). Det kom første gong på trykk i bokform i 1963, som det aller siste diktet i den aller siste diktsamlinga hans, *Livets minutter*.

Yogien og kommissæren

Den ungarsk-britiske forfatteren og journalisten Arthur Koestler (1905-1983) var blant dei fremste førebileta til mange intellektuelle i Noreg i tida før og etter den andre verdskrigen. Sigurd Hoel gav ut fleire av bøkene hans på Gyldendals gule serie. Fleire forfattarar, blant dei André Bjerke, tok til orde for at Koestler fortente Nobelprisen i litteratur.¹⁸⁵ Hovudverket hans *Darkness at Noon* (norsk tittel: *Mørke midt på dagen*) kom ut i England i 1940, og var eit skarpt oppgjer med Moskva-prosessane og det kommunistiske regimet i Sovjetunionen. Koestler var sjølv ivrig marxist gjennom det meste av 1930-talet, men meldte seg ut av det tyske kommunistpartiet i 1937 eller 1938, og var resten av livet ein kvass kritikar av Sovjetunionen. Men dette kraftoppgjeret ser ikkje ut til å ha nådd den norske offentlegheita før etter krigen. *Mørke midt på dagen* kom ikkje på norsk før i 1948, og då ser den norske debatten ut til å ha gjort seg litt ferdig med Arthur Koestler for ei stund. I mellomtida hadde ordskiftet rast om eit anna viktig Koestler-verk, *Yogien og kommissæren*.

Yogien og kommissæren kom ut i England i 1945, i norsk omsetjing hausten 1946. Her har Koestler samla fleire essays frå før, under og etter krigen. Den siste tredelen av boka er vigd oppgjeret med Moskva i artiklar som «En mytes anatomi» og «Slutten på en illusjon». Johan Borgen var ein av dei første til å omtala boka i norsk presse. Han hadde lese den svenske utgåva, og skreiv om ho i *Dagbladet* i april 1946. Borgen har ein del rosande omtale å koma med til dei første to delane av *Yogien og kommissæren*, og understrekar at sjølv om ein er irritert på mange av standpunkta til Koestler, bør ikkje det føra til «forsøk på helt å likvidere ham på åndslivs-markedet».¹⁸⁶

Vidare skriv Borgen om Koestlers «blinde hat til Sovjet-Samveldet og kommunismen», og kritiserer forfatteren for å gje Komintern og kommunismen skulda for nederlaget i den spanske borgarkrigen utan å nemna «den forferdelige oppdulkede fare fra Tyskland selv, som gjorde at Sovjet-Samveldet måtte samle alle krefter om oppbyggingsarbeidet», eit arbeid som «bidro så meget til å redde oss andre».¹⁸⁷ Etter ein lengre omtale av Koestler-skodespelet *Twilight Bar* (som

¹⁸⁵ *Verdens Gang*, 7. november 1950.

¹⁸⁶ Johan Borgen, «Arthur Koestler. Illusjonist, dramatiker, menighetsforstander», *Dagbladet*, 10. april 1946.

¹⁸⁷ *Ibid.*

nettopp Borgen hadde sett om til norsk for oppsetjing på Studioteatret det same året) kjem han med følgjande åtvaring til avislesarane om Koestler:

Nettopp nå torde det være livsfarlig å la denne profesjonelle tviler bli skoledannende. Ikke fordi vi skal lukke øynene for sannheter. Men vi skal med all energi motsi en fortolker som etter hvert lar den selvnýtende pessimisme fremtre som livsanskuelse gjennom en elskverdig menighet, som finner hans trettthet kledelig og hans velplasererte giftinjeksjoner dulmende som middel mot ubehagelig aktiv erkjennelse.¹⁸⁸

Torolf Elster om *Yogien og kommissæren*

21. og 22. november 1946, etter at *Yogien og kommissæren* var komen i norsk omsetjing, hadde Torolf Elster to artiklar på trykk i *Arbeiderbladet* om verket. I introduksjonen til artikkelen omtaler redaksjonen boka som «en av de mest omtalte bøker i de siste årenes verdenslitteratur,» men legg til at «etter anmelderens mening er Koestler ingen stor politisk tenker».¹⁸⁹ Og det stemmer. Tidleg i artikkelen gjer Elster det klart at han meiner at Koestler i dei tidlegare bøkene sine hadde «vist at han er en betydelig dikter,» men ut frå *Yogien og kommissæren* å dømme, var han «ikke noen betydelig politisk tenker, selv om han også her trer frem som en glimrende skribent.»¹⁹⁰

Elster vedgår at *Yogien og kommissæren* er ei vanskeleg bok å melda fordi han ikkje har plass i artiklane sine til å gå inn på alle resonnementa til Koestler. Det «ville bli en ny, like stor bok – eller enda større», skriv han. Elster gjer det klart at han vil nøya seg med å «gi et inntrykk av de problemer Koestler tumler med, og peke på hvor hovedsvikten i hans resonnement ligger». Dei to problemstillingane i *Yogien og kommissæren* Elster trekkjer fram som sentrale for arbeidarrørsla, er for det første tilhøvet mellom individet og staten i overgangen frå eit kapitalistisk til eit sosialistisk samfunn, «eller med andre ord spørsmålet om det under den materielle omveltning er mulig å hindre en åndelig reaksjon som vil true de grunnleggende menneskerettighetene». Det andre spørsmålet er «forholdet mellom ‘intelligentsiaen’ (hvorfor ikke si ‘de intellektuelle’) og ‘folket’.» Ifølgje Elster er begge desse interessante spørsmål, men «Koestlers resonnement her er ikke alltid like overbevisende, blant annet er mange av hans slutninger tvilsomme når det gjelder Sovjet-Samveldet.» Diverre går ikkje Elster nærmare inn på korleis *han* meiner forholdet mellom individet og staten under innføringa av sosialismen bør vera, men som me har sett i kapittel 5 er

¹⁸⁸ Ibid.

¹⁸⁹ Torolf Elster, “Arthur Koestler og virkeligheten,” *Arbeiderbladet*, 21. november 1946.

¹⁹⁰ Ibid.

han ikkje framand for ei nokså relativ tolking av «demokrati» undervegs i ein slik prosess. Elster viser også til ein ambivalens han finn interessant hjå Koestler som ein kan tru også fekk resonans hjå han sjølv etter kvart som det lysande biletet han hadde av Sovjetunionen byrja å falma.

Yogien og kommissæren avslører imidlertid en intellektuell og følelsesmessig dobbelthet hos Koestler som vi i disse artiklene kan se vokse fra år til år, alt ettersom han føler at han selv mer og mer henger i luften samtidig som han finner verdensutviklingen stadig dystre. Denne dobbeltheten er en konflikt mellom hans gamle idealer: hensynsløst engasjement på venstre fløy i den politiske kamp, og en voksende følelse av at kampen er nytteløs, at sannheten er kompromittert overalt, at den verden han selv føler seg knyttet til, vil ligge i ruiner uten at noen bedre vil vokse fram.¹⁹¹

Men det er når denne dobbeltkjensla etter Elster si meining går for langt, at han verkeleg kritiserer Koestler. Koestler har blitt for pessimistisk etter krigen, han har gjeve opp menneskeslekta heilt, og Elster avskriv han som ein fjern elitist:

Og vi kan ikke følge ham [Koestler] når han spår at vår sivilisasjon helder mot undergangen, at vi er kommet inn i et «interregnum» i verdenshistorien hvor alle menneskehetens idealer vil bli forlatt – bortsett fra et lite brorskap av «aktive pessimister» som skal overvinne med sivilisasjonens «gener» inntil en ny og bedre verden omsider blir født.¹⁹²

Elster går særleg i rette med Koestler i diskusjonen om den materialistiske samfunnsoppfatninga, der Elster hevdar at Koestler set opp eit kunstig skilje «mellom ‘materielle’ og ‘ikke-materielle’ samfunnsdrivkrefter og hevder at revolusjonen i psykologien har motbevist marxismen». Her meiner naturvitaren og den logiske tenkjaren Elster at det ikkje finst noko skilje mellom dei to. I eit naturvitskapleg samfunnssyn er psykologiske krefter rekna som realitetar på linje med dei økonomiske.

Kommissæren og den revolusjonære

I den neste artikkelen, «Koestler og det lovede land», kjem Elster inn på spørsmål som har med Sovjetunionen å gjera. Her går han først til angrep på sjølve grunnpremisset for boka til Koestler, at det finst to mennesketypar: Yogien, som for å seia det med Elster er «den indiske ‘hellige’ som tror han kan fri seg fra den materielle verdens innflytelse ved askese og kontemplasjon,»¹⁹³ og kommissæren, som representerer det russiske byråkratiet og trur at, ifølgje Koestler, «alle menneskehetens plager, iberegnet forstoppelse og Ødipus-komplekset, kan og må helbredes ved

¹⁹¹ Ibid.

¹⁹² Ibid.

¹⁹³ Elster, “Koestler og det lovede land,” *Arbeiderbladet*, 22. november 1946.

revolusjon, det vil si ved en radikal omlegging av produksjonssystemet og varefordelingen».¹⁹⁴ Elster er særleg kritisk til Koestlers definisjon av kommissæren, der han meiner Koestler gjer ein grov feil når han inkluderer både dei revolusjonære, og dei faktiske kommissærane, «lederkadrene i et samfunn hvor revolusjonen er gjennomført». Elster meiner det er tale om to heilt ulike mennesketypar her: Den opposisjonelle, opprørske revolusjonære som lever eit liv i kamp, og den andre kommissæren som kjem inn etter at revolusjonen er over, og som har heilt andre oppgåver, nemleg, ifølgje Elster «i første omgang å bevare det som er vunnet, mot de saboterende og destruktive krefter som er overtatt fra det gamle samfunnet».¹⁹⁵

Vidare kjem han inn på sjølve Sovjetunionen, det mest omtalte temaet i *Yogien og kommissæren*. «Nesten halvparten av 'Yogien og kommissæren' behandler Sovjet-Samveldet med en kritisk lidenskap som er forståelig hos en mann som føler en indre trang til å gjøre opp med sin egen fortid som kommunist,» skriv Elster. Han vidarebringar hovudpåstanden til Koestler, at dei fleste menneske ikkje kan leva utan å tru, og at når trua blir teken frå dei søkjer dei ei ny – i nazismen, eller i «sovjet-myten», som Koestler kallar det.

Etter den første verdenskrig eksploderte all den akkumulerte følelsen av håpløshet. Den forsømte lengselen etter noe å tro på, noe absolutt og uimotsigelig å tro på, feide over hele Europa. (...) Denne tilbakevending til troen utkrystalliserte seg i to fenomener som har historisk betydning: fascismen og sovjet-myten.¹⁹⁶

Elster gjev faktisk Koestler delvis rett her. Han innrømmer at «ingen av oss kan helt avvise Koestlers påstand om at vi har ligget under for en magisk betraktning av Sovjet-Samveldet,» skriv han, og seier òg at mange har lete realitetane vika for «ønskedrømmer». Men det finst likevel eit men for Elster: «De fleste av oss er imidlertid kommet over dette stadiet. Vi har under kjensgjerningenes trykk måttet bøye oss for det som burde ha vært selvsagt fra første stund: at den russiske utviklingen må sees på Russlands sosiale og historiske bakgrunn, og at sosialismens problem i Norge er et helt annet.»¹⁹⁷

Elster meiner at Koestler eigentleg berre går i rette med nokre einskilde, dogmatiske og nesten religiøst overtydde kommunistar, som meiner at alt som skjer i Russland er objektivt rett. Han

¹⁹⁴ Arthur Koestler, "Yogien og kommissæren" i *Yogien og kommissæren og andre essays*, omsett av Trygve Width (Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, 1946), 7.

¹⁹⁵ Elster, "Koestler og det lovede land."

¹⁹⁶ Arthur Koestler, "En mytes anatomi," i *Yogien og kommissæren*, 133.

¹⁹⁷ Elster, "Koestler og det lovede land."

gløymer, ifølgje Elster, det som er hovudsaka: at når ein skal vurdera Sovjetunionen må ein fri seg frå ei kvar førehandsinnstilling om at ei sosialistisk utvikling i Russland må skje på den og den måten. «Det dreier seg om et helt nytt fenomen i folkenes historie og det må ikke vurderes i forhold til et teoretisk forhåndsskjema,» er beskjeden frå Elster.¹⁹⁸

Borgens manus om Yogien

I eit maskinskrive manus i privatarkivet etter Johan Borgen som handlar om ei krise i skjønnlitteraturen, har han også vigd ein del av teksten til eit oppgjer med Arthur Koestler. Her nemner han «Arthur Koestlers upålitelighet når det gjelder hans anførsler om Sovjetsamveldet og den kommunistiske ideologi,» som Borgen meiner er for kjent blant publikum til at det er noko poeng å ta det opp att i artikkelen. «Det som interesserer er: kva kommer det av at Koestlers pessimistiske filosofi har hatt så lett for å slå rot i våre dager, blant skribenter i mange land?»¹⁹⁹ Borgen diskuterer i mindre grad påverknadskrafta til den pessimistiske filosofien, men er oppteken av kva det er med Arthur Koestler som fenger, og har gjort følgjande vurdering av det:

Han e er en ganske blendende skribent, han har opplevd meget av det sentrale stoff som de aller fleste skribenter bare kjenner annenhånds, en del av Sovjetsamveldet, den spanske borgerkrig, konsentrasjonsleir og tortur; han er kort sagt hva man kaller sannhetsvitne, hvilket er noe av det farligste som finnes; for sannhetsvitner kan lyve så friskt de vil uten at de fleste tør angripe dem; de kan nemlig bli spurt: har du opplevd kommunismen, har du vært dømt til døden osv osv.²⁰⁰

«Det har ringt for annen gang»

Tidleg i 1937, etter at dei første dommane i Moskva-prosessane hadde falle, var marxisten og motdagisten Arnulf Øverland ein av fleire forfattarar som underteikna eit opprop mot prosessane i form av eit ope brev til den tysk-jødiske forfattaren Lion Feuchtwanger.²⁰¹ Feuchtwanger var blant dei intellektuelle som vart rekna som eit trugsmål mot det tyske naziregimet som kom til makta i 1933, og vart difor ført opp på *Erste Ausbürgerungsliste* og mista statsborgarskapen sommaren 1933. Han flykta til Sør-Frankrike med kona Marta, kor han etter kvart vart svært skuffa over mangelen på anti-nazistiske haldningar hjå dei vestlege landa, og orienterte seg difor mot Stalins kommunistregime. Frå november 1936 til februar 1937 besøkte han Sovjetunionen,

¹⁹⁸ Ibid.

¹⁹⁹ Manus i Nasjonalbibliotekets arkiv etter Johan og Annemarta Borgen (Eske nr. 3, bok XXII).

²⁰⁰ Ibid.

²⁰¹ Arnulf Øverland, «Moskva-prosessene,» *Det har ringt for annen gang* (Oslo: Aschehoug, 1946), 10.

og gav ut boka *Moskau 1937* om opplevingane sine der. Boka vart kritisert frå fleire hald fordi ho ikkje tok avstand frå Moskva-prosessane. Feuchtwangers biograf, Wilhelm von Sternburg, skriv mellom anna at Feuchtwanger, som tidlegare hadde vore ein distansert iakttakar, såg ut til heilt å ha mista avstanden i *Moskau 1937*, som han omtaler som den svakaste boka hans.²⁰² Dette var også bakgrunnen for protestbrevet frå Arnulf Øverland med kollegaer.

Sjølv om Øverland «fordømte prosessene fra første stund», vart det med det eine offentleggjorte oppropet før krigen. Borgarkrigen raste samstundes i Spania, og det gjaldt å halda venstresida samla i kampen mot anti-fascismen, skriv Øverland-biograf Willy Dahl.²⁰³ Likevel tok Øverland eit kraftig oppgjær med Moskva-prosessane på eit lukka møte i Oslo NKP våren 1937. Innlegget han heldt der, let han trykka nesten ti år seinare i samlinga *Det har ringt for annen gang*, som kom ut til intens debatt før jul i 1946.

Torolf Elster meldte *Det har ringt for annen gang* i *Arbeiderbladet* på sjølvaste julafta, og var ikkje så veldig imponert over oppgjeret til den tidlegare meiningsfellen. «Mange vil kjøpe den med gysninger av spenning og sensasjon for å lese hvordan Øverland taler Moskva midt imot. Den gamle revolusjonære sosialist har jo ‘omvendt seg’,» skreiv han. Elster kunne avsløra at folk nok ville bli skuffa: Det står ikkje så mykje om Russland i boka, hevdar han. Rett nok er det debattinnlegget om Moskva-prosessane frå 1937, og også nokre nye krasse innlegg. «Stalin betegnes som en krigsforbryter og det settes (indirekte) likhetstegn mellom det nazistiske Tyskland og Sovjet-Samveldet i dag.»

Elster kjem ikkje med ein direkte kommentar om denne påstanden frå Øverland med det same, men seinare i artikkelen tek han opp russlandkritikken som kjem fram i boka meir inngående, og då átvarar han forfattaren mot å diskutera Russland og russarane og det dei til ei kvar tid gjer ut frå ein grunntanke om korleis tilsvarande handlingar eller framgangsmåtar ville verka heime i Noreg: «Da diskuterer vi ikke lenger Sovjet-Samveldet, men lures av sosialismens motstandere her hjemme inn i en diskusjon som i realiteten er rent innenrikspolitisk.» Han er også krystallklar på kva han meiner om å samanlikna Hitler og Stalin: «Den eldgamle sammenlikningen mellom

²⁰² Wilhelm von Sternburg, *Lion Feuchtwanger: Ein deutsches Schriftstellerleben* (1994), 413.

²⁰³ Willy Dahl, *Arnulf Øverland. En biografi* (1989), 185.

Hitler og Stalin er ikke bare fra ethvert synspunkt meningsløs, men den bidrar også til å dekke over helt vesentlige ting ved verdenssituasjonen i dag.»²⁰⁴

Elster grunngir ikkje denne påstanden spesifikt, men igjen er han oppteken av at det må gå an å vera sosialist utan nødvendigvis å forsvare Sovjetunionen i eitt og alt, men at ein, når ein skal omtala Sovjetunionen må gjera det ut frå eit premiss om at det er ein spesiell stat i ein spesiell kontekst, og erfaringar og røynsler frå Sovjetunionen bør ein ikkje overføra til andre land, ikkje ein gong som tankeeksperiment. Det er nesten så ein skulle tru han var ein slags ekstremhermeneutikar. Den som alltid skal forklara og forstå ut frå ei relativ verdsopfatning vil til slutt oppdaga at han står og forsvare noko som han eigentleg meiner er feil. Forskarane diskuterer enno i dag om det i det heile tatt mogleg å samanlikna Hitler og Stalin, og dei blir neppe samde om nokon konklusjon med det første. Eg meiner at dei heilt spesielle likskapane mellom dei som ansvarlege for nokon av dei verste folkemorda i det tjuande århundret er viktigare enn skilnadene mellom dei, og at ei jamføring difor *kan* vera fruktbar.

Frihetens nekrolog over Øverland

Våren 1946 hadde Arnulf Øverland ein del lengre artiklar på trykk i vekebladet *Aktuell*. Fleire av dei handla om forholdet til Sovjetunionen. Blant dei tinga Øverland meinte me hadde lært etter krigen var å aldri meir bli tekne på senga slik Noreg vart 9. april 1940. «Vi må holde oss underrettet om, hvad der foregår, og vi må i samarbeide med andre små nasjoner prøver å gjøre gjeldende vår innflytelse på utviklingen av et internasjonalt rettsvesen,» skreiv han mellom anna. Øverland meinte at det var i «de opne eller latente spenningsforhold mellem de tre store, mellem øst og vest» at faren for ein ny krig låg, ikkje hjå små nasjonar, som derimot hadde sjansen til å koma saman og arbeida for fred.²⁰⁵

Desse artiklane fekk etter kvart redaksjonen i *Friheten* til å sjå raudt, og 24. mai 1946 publiserte dei ein nekrolog over Arnulf Øverland. Dette stuntet fekk fleire til å heva augebryna, og Sigurd Evensmo kommenterte «nekrologen» i *Arbeiderbladet* i den faste kunst- og kulturspalta si dagen etterpå. Evensmo skriv at etter Øverlands artiklar i *Aktuell* «er han altså åndelig død, for ifølge

²⁰⁴ Torolf Elster, "Den 'nye' Øverland," *Arbeiderbladet*, 24. desember 1946.

²⁰⁵ Arnulf Øverland, "Vi vil leve vårt frie liv," *Aktuell* nr. 10 (18. mai 1946).

‘Friheten’ er han blitt et ‘ekko fra de døde agitatorene fra Hitlers Berlin’.²⁰⁶ Evensmo kritiserte *Friheten* for å ikkje tillate andre å meina det same som dei sjølve.

Undertegnede hører til dem som ikke er enig i Øverlands vurdering av Sovjet-Samveldet, men jeg tror han vil nekte bestemt å være død og at han vil ha nokså mange bak seg når han nekter, mange som er uenige med ham. Hvis ikke, ville det være noe ganske annet enn Øverland som var i ferd med å gå til grunne. Det budskapet ville lyde slik: «For norsk arbeiderbevegelse er yringsfriheten i dag død.»²⁰⁷

«Lørdagssmell» for Øverland

Samtidig med at *Det har ringt for annen gang* kom ut på Aschehoug, var Arnulf Øverland i hardt vêr i delar av norsk presse etter det *Verdens Gang* kalla for ein «lørdagssmell» på den nordiske forfattarkongressen i Stockholm i slutten av november. «Utfordrende utenrikspolitisk tale på festmøtet for den nordiske forfatterkongress. Fikk motbør fra den finske delegasjonen og skriftlig protest fra kollegene,» oppsummerte *Verdens Gang* på førstesida måndagen etterpå. Den kalde krigen var på denne tida godt i gang og dagleg nyheitsstoff i avisene (ved sida av referatet frå Stockholm står det til dømes ein artikkel som vurderer om det kan koma til tilnærming mellom USA og Sovjetunionen i nær framtid).

Sigurd Evensmo har teke med ei levande skildring av denne konferansen i *Ut i kulda*. Han skriv at han på førehand var spent fordi dette var den første store samlinga av dei nordiske forfattarane sidan krigen, der dei nordiske landa som kjent hadde hatt svært ulike roller og røynsler. Hovuddebatten på konferansen handla om «pessimismen i den moderne litteraturen,» noko det ifølgje Evensmo vart ein spanande og brei debatt ut av, som gjekk langt ut over ramma av litterære tendensar. Han var i tillegg imponert over «viljen til nøktern analyse og vurdering av drivkreftene i samfunn og diktning» som gjorde seg gjeldande på konferansen. På Saltsjöbaden var det samla forfattarar frå heile det politiske spekteret, frå

en fanatisk antikommunistisk Arnulf Øverland, over en Harry Martinson, sterkt opptatt av buddhismen, og den milde, kristne dansken Martin A. Hansen til marxister som Erik Blomberg og Arnold Ljungdal, og finske folkedemokrater med sterk sympati for Sovjet.²⁰⁸

Evensmo skriv vidare at han merka seg at både Øverland og Hoel hadde latt vera å koma med angrep på Sovjetunionen undervegs på Saltsjöbaden. Det var først etter at konferansen var over at

²⁰⁶ *Arbeiderbladet*, 25. mai 1946.

²⁰⁷ Ibid.

²⁰⁸ Evensmo, *Ut i kulda*, 34-35

Øverland forårsaka eit «etterspill som virker så sterkt over hele Norden at selve konferansen mister enhver interesse».²⁰⁹ I regi av Foreningen Norden var det ein stor fest for forfattarane frå dei fem landa på Stockholms Stadhus etter at konferansen var slutt. Der hadde ein representant frå kvart land ein tale til festdeltakarane. Noreg var representert ved Arnulf Øverland, som «i motsetning til de andre talerne (...) holdt et politisk innlegg, så utfordrende for mange at det virker som et gnistregn over kruttlageret foran ham i Stadshusets 'Blå salen',» skreiv Evensmo.²¹⁰ Øverlands tale handla om kva følgjene ville vera for Norden om det braut ut krig mellom dei to supermaktene. Han gjorde det klart at han meinte dei nordiske landa måtte stå saman, og ikkje la seg okkupera på nytt (men heller «dø med våpen i hånd»), og då kom problemet med Finland inn i biletet. *Verdens Gang* skreiv:

Vårt forhold til Finnland er uklart, fortsatte Øverland, så lenge Finnland ikke kan føre sin egen utenrikspolitikk. Vi håper at den tid kommer da de kan. Vi har kjempet på hver vår side av fronten, men vi har allikevel ført samme kamp. Vi har kjempet for vår frihet og vårt liv og for de små nasjoners rett til å leve i fred.²¹¹

Ifølgje avisa sa Øverland vidare at han frykta Norden skulle bli mindre, noko som ville vera leit fordi våre «samlivsformer er rommeligere og meir humane». Finnane på møtet var kraftig fornærma. Ein av dei, Atos Virtanen, tok ordet etter at Øverland hadde talt og protesterte på vegner av den finske delegasjonen.

Dagen etter talen leverte fleire av forfattarane på konferansen inn ein protest mot fråsegnene til Øverland til den svenske avisa *Dagens Nyheter*. Der heitte det, igjen ifølgje *Verdens Gang*, at «undertegnede forfattere som ennå er igjen i Stockholm ønsker å støtte Atos Virtanen i den protest som han fant det nødvendig å komme med mot Arnulf Øverlands uttalelse». Blant dei norske forfattarane som underteikna denne protesten var Tarjei Vesaas, Halldis Moren Vesaas, Inge Krokann, Alex Brinchmann, Paul Gjesdahl, Sigurd Evensmo og Torolf Elster.²¹² Evensmo følgde opp protesten med ein kronikk i *Arbeiderbladet* der det mellom anna heitte at «[u]ansett hvilket syn en har på Sovjetunionen, vil mange betvile verdien av innlegg som i all enkelhet plaserer Hitler og Stalin side om side.»²¹³

²⁰⁹ Ibid., 35

²¹⁰ Ibid.

²¹¹ *Verdens Gang*, 2. desember 1946.

²¹² Ibid.

²¹³ Sigurd Evensmo, "80 forfattere holder oppgjør," *Arbeiderbladet*, 6. desember 1946.

Ein «forrådt revolusjon»

På nyåret 1947 var Øverland ute på ein skandinavisk føredragsturné for å promotera *Det har ringt for annen gang* og setja radikale sinn i nabolanda. I eit intervju med *Göteborgs Handels- och Sjöfartstidning* avviste han kommunismen og meinte kong Haakon hadde gjort seg ypperleg som president i ein republikk. Delar av intervjuet vart publisert i *Dagbladet*:

- Er De kommunist?
- Jeg har vært marxist
- Hvorfor har De forandret mening?
- Fordi jeg tror det er en fundamental feil med marxismen som teori. Jeg mener at Marx overbetoner de økonomiske lovene og legger for liten vekt på de psykologiske faktorene i samfunnslivet. Jeg tror hverken på ønskeligheten eller nødvendigheten av en revolusjon, men håper at man kan nå fram til en fornuftig samfunnsordning på fredelig vis. Videre er jeg mot teorien om proletariatets diktatur, fordi den av praktiske grunner ikke kan gjennomføres. Det man kaller proletariatets diktatur, blir i virkeligheten et funksjonærenes diktatur, og i Russland er det blitt despoti, fordi den psykologiske faktoren er sterkere enn de økonomiske.
- (...)
- Er De tilhenger av noen politisk ideologi?
- Jeg regner meg som sosialist, men ikke revolusjonær.²¹⁴

Oppmodingane i Arbeiderbladet var samtidig krystallklare. Den russiske revolusjonen var ein «forrådt revolusjon», og det sovjetiske samfunnet var utan spor av demokrati. «Det er så altfor bittert, at hele vårt århundredes sociale kamp skulde ha vært ført forgjeves,» skreiv han, men tilrår likevel folk til å sjå røynda i augo og akseptera Sovjetunionen for kva det er: eit iskaldt, fascistisk diktatur.²¹⁵

Nokre dagar seinare kom det faktisk ein reaksjon heilt frå Moskva på Øverlands hissige tale i Stockholm før jul, den finnane hadde reagert slik på. «Grovt russisk språk mot Øverland,» heitte det i ei melding frå Associated Press som vart sendt frå Moskva 12. januar og trykt i *Arbeiderbladet*.

«Den norske dikteren Arnulf Øverland er en lakei for de anti-russiske kretser rundt i verden,» heter det i en artikkel i Sovjet-Samveldets litterære tidsskrift i dag. Artikkelen dreier seg om Øverlands uttalelser på den skandinaviske forfatterkongressen før jul, der han talte om Finnlands stilling til Sovjet-Samveldet. Artikkelen er skrevet av Nina Krymova, som var med i den gruppen sovjet-russiske kunstnere som besøkte Norge i 1946.²¹⁶

²¹⁴ *Dagbladet*, 9. januar 1947.

²¹⁵ Arnulf Øverland, «Selvstendig eller servil nøytralitet,» *Arbeiderbladet*, 8. januar 1947.

²¹⁶ *Arbeiderbladet*, 13. januar 1947.

Samtidig var det heftig møteverksemd. 13. januar heldt Arnulf Øverland sjølv eit føredrag i Sosialistisk ungdomslag referert i *Aftenposten*, mens Norsk-Sovjetrussisk Samband hadde fått både Øverland og Koestler langt opp i halsen, og arrangerte møte om dei to sovjet-kritikarane same kveld. Her beklaga Olav Dalgard i sitt innlegg å måtta avskrive Øverland som revolusjonær, sidan han «nu er gått over til å hevde synsmåter som bare hørte hjemme i den mest konservative presse før krigen».²¹⁷ Dette meiner eg er rimeleg å tolka som at Olav Dalgard oppfattar seg sjølv som revolusjonær på dette tidspunktet.

I slutten av denne travle veka var Arnulf Øverland på talarstolen i Bøndenes hus i Oslo, med føredraget «Demokrati kontra diktatur». Øverland heldt dette føredraget fleire gonger, og det vekte stor harme fleire plassar, mellom anna i Studentersamfundet i Oslo i slutten av månaden. Ifølgje *Dagbladet* teikna det seg raskt 20 debattantar til føredraget, og avisa har publisert utdrag frå det fleire av dei sa. Kommunisten Ivar Holm var kritisk til Øverlands kjelder, mens redaktør Torolf Elster ikkje likte forma på innhaldet.

Det er riktig at Sovjet-Samveldet ikke er et politisk demokrati i dag. En sosialistisk maktbevegelse har vært nødt til å verne om industriens oppbygging og holde de reaksjonære krefter nede. Et demokrati i vesteuropéisk mening var ikke mulig uten en sterk industri, mente Elster.²¹⁸

Vidare utover denne seinvinteren og våren hadde Øverland eit nytt føredrag, «Norden mellom øst og vest», der han snakka om nordisk samarbeid og om røynslene med å bryta med Sovjet. «Det er vanskelig å bryte med sitt gamle parti og sine gamle kamerater, men man er stundom nødt til det hvis man ikke vil opptre som en svindler overfor seg selv,» sa Øverland i føredraget, som vart trykt i *Aftenposten*.²¹⁹

«Hvis der ikke er anden Udvej, saa kast den!»

Utover på 1940-talet og byrjinga av 1950-talet vart Øverlands angrep på kommunismen og dens medløparar meir og meir intense, og han tok klart side med USA i den kalde krigen. Eit høgdepunkt vart nådd i februar 1950, drygt tre år etter *Det har ringt for annen gang*. Øverland vart intervjuet om den politiske situasjonen av den danske avisa *Berlingske Tidende*, eit intervju som hadde følgjande tittel: «HVIS IKKE ANDEN UDVEJ, KAST BRINTBOMBEN, SIGER

²¹⁷ *Aftenposten*, 14. januar 1947.

²¹⁸ *Dagbladet*, 27. januar 1947.

²¹⁹ *Aftenposten*, 30. januar 1947.

NORGES ARNULF ØVERLAND». I teksten kjem det fram at journalisten faktisk hadde dekning for denne ganske dryge overskrifta. Her er eit utdrag frå intervjuet, slik det er gjeve att i Dahls biografi:

- Er Russerne i Besiddelse af menneskelig Reaktionsevne?
- Svaret falder prompte: – Den eneste Ting, Russerne reagerer paa, er Sempelthen Magt.
- Amerikanernes Brintbombe . . .
- Hvis der ikke er anden Udvej, saa kast den!²²⁰

Samanfatning

I dette kapitlet har eg sett nærmare på korleis dei venstreintellektuelle reagerte på at tidlegare forbundsfeller som Arthur Koestler og Arnulf Øverland vende Sovjetunionen ryggen. Både Koestler og Øverland snudde på grunn av Moskva-prosessane og den store terroren på slutten av 1930-talet, men i anrepa sine på dei to forfattarane nemner korkje Borgen, Dalgard, Elster eller Evensmo desse med eit ord, noko som er litt påfallande. Det tolkar eg som at dei nok ikkje blankt forneakta desse hendingane, men heller ikkje ville forsvare dei. For å kunna halda fram med å støtta opp om Sovjetunionen måtte dei meir eller mindre fortrenge at dei hadde hendt. Å konkludera med at det er *faktisk* det dei tenkte og det som skjedde er ikkje mogleg, men det er slik eg ser det den mest plausible forklaringa. I staden dreidde angrepa på Øverland og Koestler seg for det meste om å finna feil og misforståingar og andre ting som «trygt» kunne angripast. Øverland vart etter kvart også så sovjet-fiendtleg at det ikkje berre var dei kulturradikale på venstre fløy som reagerte. Då han ynskja å bomba Sovjetunionen i 1950 meinte dei fleste at den gamle radikalarane hadde gått for langt.

²²⁰ *Berlingske Tidende*, 12. februar 1950, referert etter Dahl, *Arnulf Øverland*, 250.

8: Kuppet i Tsjekkoslovakia

«Omveltningen i Tsjekkoslovakia i februar 1948 var ingen revolusjon i egentlig forstand, det var et systemskifte foretatt av det parti – kommunistene – som allerede hadde den reelle makten i samfunnet.»²²¹

I dette kapitlet skal eg sjå på korleis dei fem kulturarbeidarane reagerte på kommunistkuppet i Tsjekkoslovakia i 1948, spikaren i kista for brubyggingstankegangen i Noreg. Som me har sett, gjekk dei fram til dette tidspunktet svært langt i si «forståing» av Sovjetunionen, og var villige til å akseptera at den nye supermakta gjorde mange overgrep. Vart kommunistkuppet eit *turning point* også for dei?

Over heile Europa stod kommunistpartia sterkt etter den andre verdskrigen, og Tsjekkoslovakia var langt frå noko unntak. Her hadde kommunistpartiet hatt gjennomslagskraft i politikken sidan 1920-talet, men fekk likevel eit kraftig hopp i dei første etterkrigsåra. Partileiar Klement Gottwald hevda i 1945 at partiet i denne nye positive situasjonen ikkje hadde som mål å etablere sovjet i Tsjekkoslovakia, men heller gjennomføra ein demokratisk, nasjonal revolusjon. I 1946 fekk kommunistpartiet 38 prosent av røystene, det beste resultatet for noko kommunistparti i Europa i eit fritt val nokon gong. President Edvard Beneš inviterte kommunistane med i styret og spurte Gottwald om han ville vera statsminister. Men etter den første bølga var over gjekk populariteten til kommunistpartiet raskt over, i Tsjekkoslovakia som i resten av Europa. Ved det føreståande valet i mai 1948 var det venta at kommunistpartiet ville tapa. I februar det same året var kommunistkuppet eit faktum.

Innanriksminister og kommunist Václav Nosek hadde i kraft av posisjonen sin kontroll med politistyrkane, og brukte dei til å forsøka å reinska ut ikkje-kommunistiske element i den nasjonale politistyrken. 12. februar ba ikkje-kommunistane i regjeringa om at dette måtte straffast, men Nosek nekta å gje seg, og vart støtta av Gottwald. Kommunistane truga med å bruka makt. 21. februar valde tolv av dei sytten ikkje-kommunistiske ministrane å seia opp i protest mot Nosek. Dei rekna med at Beneš ikkje ville akseptera oppsigelsane deira og at

²²¹ Elster, *Øst og vest*, 178.

kommunistane ville bli flau nok til å gje seg, men Beneš var engsteleg for at dei kommunistiske demonstrasjonane landet over kunne bryta ut i eit opprør som ville gje den raude armeen påskot til å invadere landet, og gjorde ingenting. Dermed fekk kommunistane moglegheit til å etablere ei rein kommunistisk regjering då Beneš kapitulerte 25. februar. Den nye regjeringa bestod kun av kommunistar og den uavhengige Jan Masaryk som utanriksminister, men han vart funnen død to veker seinare. 9. mai vart det kunngjort ein ny grunnlov, og 2. juni trekte Beneš seg som president. Klement Gottwald overtok.

Norske reaksjonar på kuppet

Ifølgje Jakob Sverdrup var kuppet i Tsjekkoslovakia blant dei hendingane «som for alvor satte fart i den utenrikspolitiske omvurderingen i Norge.» Omveltningane i Tsjekkoslovakia betydde ikkje så mykje utanrikspolitisk og strategisk, skriv Sverdrup, «men den fikk en sterk politisk og psykologisk virkning.²²² I tillegg til kuppet skapte det også mykje otte i Noreg at Stalin berre eit par dagar etter at den kommunistiske maktovertakinga var eit faktum, sende eit brev til den finske presidenten, Paasikivi, og føreslo at dei to landa skulle forhandla om ein militæravtale. «Det fortalte at Sovjetunionen var opptatt av å sikre seg militært på sin nordflanke, og spørsmålet reiste seg hvor langt det ville gå,» skriv Sverdrup. Mange i Noreg lurte på om tryggingssbehovet til russarane ville avgrensa seg til Finland, eller om også Noreg ville få tilsvarande brev.

I Noreg vart raskt spørsmålet om kommunistane som ein potensiell indre trussel for tryggleiken viktig. Statsminister Einar Gerhardsen heldt berre nokre dagar etter kuppet og forslaget om den finsk-russiske militærpakta ein av dei viktigaste talane sine, på Kråkerøy utanfor Fredrikstad. Talen vart eit vendepunkt fordi Gerhardsen stod fram som klar motstandar av NKP, med formuleringar som at «det som kan true det norske folks frihet og demokrati, det er den fare det norske kommunistpartiet til enhver tid representerer. Den viktigste oppgaven i kampen for Norges selvstendighet, for demokratiet og rettssikkerheten, er å redusere kommunistpartiet og kommunistenes innflytelse mest mulig».²²³

Sverdrup oppsummerer dei viktigaste konsekvensane av denne utviklinga med at Stortinget vedtok å auka forsvarsbudsjettet med 50 prosent, og oppretta ein eigen spesialkomité for

²²² Sverdrup, *Inn i storpolitikken*, 293.

²²³ *Ibid.*, 294n

tryggingpolitiske saker kor kommunistane ikkje fekk vera med, slik at regjeringa kunne halda Stortinget oppdatert med fortrulege opplysingar. Noreg fekk også eit nytt politikkområde: «I denne situasjonen opphørte skillet mellom utenrikspolitikk og forsvarspolitikk: de to smeltet saman til det som kom til å bli kalt *sikkerhetspolitikk*.»²²⁴

Evensmo: Åleine blant alle andre

Sigurd Evensmo gjorde eit av sitt livs skup då han tilfeldigvis var i Praha dei dramatiske dagane i 1938 då landet «ble forrådt av sine ‘forbundsfeller’ Frankrike og Storbritannia og var dømt til undergang», som han mange år seinare skreiv i *Ut i kulda*.²²⁵ Han trekkjer linjene herifrå, til kommunistkuppet ti år seinare, og trur det har påverka synsmåten hans. «Fordi jeg levde med i Tsjekkoslovakias undergang i 1938 og kjente dette folket med dets demokratiske tradisjoner under Thomas Mazaryk og Eduard Benes,» skriv han, «tok eg kanskje dypere inntrykk av kommunistkuppet enn nordmenn flest. Raseriet i Vestens land var allment, men bestemt av hatet mot Sovjet. Den nære fortiden var glemt.»²²⁶

Han legg ein del av skulda for hendingsgangen i 1948 på vestmaktene sin oppførsel ti år tidlegare: «Kanskje ville kommunistenes maktovertagelse og særlig stabiliseringen etterpå vært atskillig vanskeligere, om ikke det demokratiske flertallet i folket bar på en lammende bitterhet og resignasjon, ribbet for illusjoner om Vestmaktens solidaritet?»²²⁷

Ifølgje Bromark og Tretvoll hadde kuppet i Tsjekkoslovakia verka sterkt på Evensmo, men han «fant bare ikke de adekvate reaksjonsmåtene, og falt ned på at han ikke ville skrive eller holde foredrag om kunsten i Sovjetsamveldet på en stund. Ikke det at han hadde endret syn. Han orket bare ikke,» skriv dei.²²⁸ «Enten får en tro på at det skal bli annerledes, eller også får en tro og innstille seg på at det blir krig,» skreiv han i brev til kulturattaché Lange, som ikkje lenge etterpå kom tilbake til Noreg. «Jeg hører til de første fremdeles, selv om jeg villig innrømmer at det virker tåpeligere for hver uke.»²²⁹ Han var på denne tida framleis sjukmeldt frå stillinga som kultureddaktør i *Arbeiderbladet*, og stod i det offentlege ordsiftet ganske åleine om å ikkje gå ut

²²⁴ Ibid., 295

²²⁵ Evensmo, *Ut i kulda*, 71.

²²⁶ Ibid., 72

²²⁷ Ibid.

²²⁸ Bromark og Tretvoll, *Sigurd Evensmo*, 309-310.

²²⁹ Sigurd Evensmo i brev til August Lange 27. februar 1948. Sitert i Bromark og Tretvoll, *Sigurd Evensmo*, 310.

og svartmala dei tsjekkosllovakiske kommunistane. Nokre månader seinare, i april 1948, vart det bråk.

Forfattarprotesten

5. april sendte rundt hundre norske forfattarar eit opprop til fleire norske aviser kor dei protesterte mot kuppet. «Kneblingen av ytringsfriheten i Tsjekkoslovakia – Samlet protest fra 98 norske forfattere,» skreiv Aftenposten. Torolf Elster, Arnulf Øverland og Sigurd Hoel var blant dei som signerte på at

underteignede forfattere har med stor uro sett hvordan det frie ord i den senere tid er blitt krenket i land etter land. (...) I disse dager ser vi hvordan diktatur med ensretting og utrensning av annerledes tenkende blir påtvunget et demokratisk freds- og frihetselskende folk som det tsjekkosllovakiske.²³⁰

Blant dei som *ikkje* signerte, var Sigurd Evensmo, og det vart det bråk av. 6. april hadde han eit innlegg på trykk i *Arbeiderbladet* om saka: «Jeg deler det syn som kommer til uttrykk i forfatternes resolusjon om Tsjekkoslovakia. Men jeg har ikke skrevet under,» byrja han.

Årsaka til dette var ifølgje Evensmo at forfattarane ikkje hadde skrive eit tilsvarende opprop for åndsfriheten etter at Representanthuset i USA vedtok å gje Franco-Spania Marshall-hjelp. At vedtaket vart stroke under 48 timar seinare fordi president Harry Truman ikkje ville gå med på det, «endrer ikke den prinsipielle holdning som ble tatt av Representantenes hus,» meinte Evensmo.

I denne situasjon å underskrive en resolusjon som i åndsfrihetens og demokratiets navn *ensidig* vender oppmerksomheten og harmen mot overgrepet i Tsjekkoslovakia – hvor ille det enn er – står for meg som en meningsløshet. Og det er min dypeste overbevisning at dette standpunktet ikke harmonerer dårligere med et demokratisk grunnsyn enn det som er kommet til uttrykk i forfatterresolusjonen.²³¹

Evensmo avslutta det vesle inseratet med å hevda at ein «vesentlig setning manglet i resolusjonen – denne: ‘Med dyp harme ser vi også at Representantenes hus i De forente stater forneker en hjertesak for alle demokratiske krefter i Europa ved å støtte fascismen i Spania.’ Først då kunne han ha signert oppropet, om angrepa vart delte ut «rettferdig», både mot aust og vest.²³²

²³⁰ *Morgenbladet*, 5. april 1948.

²³¹ Sigurd Evensmo, «Forfatterne og Tsjekkoslovakia», *Arbeiderbladet*, 6. april 1948.

²³² *Ibid.*

«Naturlig å stå på kommunistenes side»

Men heller ikkje Johan Borgen underteikna forfattar-protesten etter kuppet, og det fekk ikkje like stor merksemd. Kanskje var det fordi ingen egentleg venta at han skulle gjera det på denne tida? I motsetning til Evensmo var han ikkje medlem av Arbeidarpartiet, og då kuppet skjedde var han tilknytta *Friheten* som teater- og litteraturmeldar, og vart nok rekna for å vera kommunist av mange. Men han var ikkje medlem av NKP, og understreka at «[p]ersonlig er jeg ikke kommunist, men den front av arrogant uvitenhet og tankeløshet som har sveiset alle partier sammen mot kommunistene i det tsjekkoslaviske spørsmål (...) faller [det] i alle fall meg naturlig å stå på kommunistenes side,» som han skreiv i eit udatert manus som dukka opp i arkiveskene på Nasjonalbiblioteket.²³³

Eg har ikkje funne att nokon liknande tekst i norske digitaliserte aviser frå denne perioden, men teksten kan ha stått på trykk i ein publikasjon som ikkje er digitalisert, eller i ei dansk avis, som Borgen ofte skreiv i. I manuset går han skarpt i rette med dei norske forfattarane som underskreiv protesten mot diktaturet i Tsjekkoslovakia. Borgen meiner at dei norske forfattarane ikkje «vet om noen forfattere i det land de er så bekymret for som har lidt noen overlast,» og med det ikkje egentleg har noko grunnlag for å skriva oppropet sitt. Han meiner også at dei tsjekkoslaviske forfattarane er forundra og krenka over protesten. «For de tar det som en direkte insinuasjon, og ingen kan fortenke dem i det.»²³⁴

Borgen vart også intervjuet i den danske avisa *Land og folk* om synspunkta sine på forfattaropporet mot Tsjekkoslovakia, og intervjuet vart trykt i *Friheten* under tittelen «Domsavgivelse uten rettergang». Journalisten spurte først om kva Borgen meinte om protesten, og han svarte:

Ja, den var meget fikst formet. En merket det var fagfolk som var ute. Innledningsvis holdt den seg i alminnelige vendinger, så man tenkte: Aha! denne protesten er rettet mot utrenskningene i Amerika! Men når en fikk plukket av skallet, kom kjernen, og den het altså Tsjekkoslovakia. (...) Dertil var den et uttrykk for tåreblendende medfølelse med de stakkars tsjekkiske forfattere. Det var virkelig rørende.

Journalisten følgjer opp med spørsmål om forfattarprotesten har fått mykje merksemd heime i Noreg, og Borgen svarar – igjen utan omsvøp:

²³³ Johan Borgen, udatert manus i Nasjonalbiblioteket, Ubehandlet arkiv nr. 117 (Johan og Annemarta Borgen). Eske nr. 6, utklippsbok LVXI.

²³⁴ Ibid.

Naturligvis! Jeg tror at disse vage og alminnelige vendinger om frihet har fristet mange tankeløse og uvitende til å skrive under. Etter hva jeg har hørt, skulle det ha vært på tale å invitere formannen for den tsjekkosllovakiske forening til Norge for å få nærmere opplysninger. Det hadde vært en tanke å gjøre det først! Når en tenker på hvilken krenkelse især denne malplasserte medlidenhetserklæring er, ville det være forståelig om formannen var tilbakeholdende.²³⁵

Ein ser altså at Borgen og Evensmo tenkte ganske likt her: det var feil å kritisera hendingane i Tsjekkoslovakia utan å retta tilsvarende skyts mot kritikkverdige forhold USA var ansvarleg for.

Elster og Tsjekkoslovakia

Som eg viste i kapittel 5 hadde Torolf Elster ut året 1947 ei litt svevande og relativiserande oppfatning av ord som folkestyre og fridom, og ynskja nok i det lengste å tru på ei positiv utvikling for Sovjetunionen og verdsordninga etter krigen. Føremålet her er å undersøkje kva som skjedde då kommunistkuppet i Praha var eit faktum i februar 1948. Dette spørsmålet er for Elsters vedkommande behandla i litteraturen eit par gonger tidlegare.

Peter Christopher Aam, som skreiv hovudoppgåve ved NTNU i Trondheim i 1997, har undersøkt kva haldningar til Sovjetunionen som kom til uttrykk i *Arbeiderbladet* frå 1945 til 1948. Torolf Elster var utanrikskommentator her frå 1945 til 1946, før han som nemnt gjekk over til *Kontakt*. *Kontakt* var også knytt til Arbeidarpartiet, om enn ikkje så tett som *Arbeiderbladet*, så han har teke med Elster sine ytringar om temaet i dette organet. I tillegg har han brukt Torolf Elster som munnleg kjelde.²³⁶ I 2011 kom Sindre Hovdenakk sin biografi over Torolf Elster. Til liks med Aam bruker også Hovdenakk artikkelar i *Arbeiderbladet* og *Kontakt* for å vurdera Elsters haldningar.

Aam fortel at Elster måtte tola sterk kritikk, både frå eigne rekkjer og frå borgarleg hald, etter ein artikkel i marsnummeret av *Kontakt*, kor han mellom anna trekte i tvil Sovjetunionens involvering i kuppet. Ifølgje professor Knut Einar Eriksen var det berre Elster i *Kontakt* som inntok ei slik haldning i Noreg.²³⁷ Dette leier Aam til å konkludera: «Hos Elster kan vi våren

²³⁵ *Fribeten*, 24. april 1948.

²³⁶ Aam, "Arbeiderbladet og synet på Sovjet," 1.

²³⁷ *Ibid.*, 75

1948 fortsatt ikke tale om noe klart skifte i synet på Sovjet og Sovjets øst-europapolitikk etter Praha.»²³⁸

Hovdenakk bruker også artiklane i *Kontakt*, som eg snart kjem til, og vurderer Tsjekkoslovakia i 1948 som «synonymt med hans [Elsters] hittil største politiske nederlag. Gamle venner som Trygve Bull tok sterkt avstand fra holdningene hans, og som om ikke det var nok, ble han også innrapportert til Arbeiderbladets sentralstyre».²³⁹ Ifølgje Hovdenakk vart Elster isolert og ståande åleine etter desse utspela. *Arbeiderbladet* ved Martin Tranmæl tok avstand på leiarplass, *Dagbladet* meinte Elster hadde mista kontakten med røynda. Hovdenakk lanserer to moglege tolkingar av dette:

Det at Torolf Elster ble stående så isolert i Arbeiderpartiet, kan tolkes på to måter: som et uttrykk for sterk integritet og uvilje mot å bygge et eget politisk nettverk rundt seg selv og tidsskriftet, eller som et uttrykk for manglende evne til å tenke strategisk og langsiktig. Uansett svar viser debatten om Tsjekkoslovakia i 1948 at Elster først og fremst var en prinsipiell resonnør og i liten grad en handlende politiker.²⁴⁰

Særleg mykje meir seier han ikkje om Tsjekkoslovakia-saka, men han gjev etter mitt syn lesaren eit inntrykk av at Elster står på Sovjets side også etter at Tsjekkoslovakia-kuppet. Han viser i alle fall ikkje til ein artikkel, bok, eller fråsegn som kan tyda på at Elster har snudd.

Artiklane i Kontakt

Marsnummeret av *Kontakt* var i stor grad vigd hendingane i Tsjekkoslovakia veka før. Elster tok i ein leiarartikkel eit harmdirrande oppgjer med fordøminga av kuppet i norsk presse. I ein meir vurderande kommentar, «Det tsjekkosllovakiske folkedemokratiet», prøver han å forklara nøkternt, men utan å ha så mange konkrete fakta å leggja til grunn, kva krisa *kan* bety. Også her legg han moglegheita open for at det *kan* koma noko positivt ut av kommunistkuppet. Det liten grunn til å «tvile på at utviklingen i Tsjekkoslovakia vil føre til øket sosialisering, planøkonomi og større inntektsutjevning,» skriv han, og held fram med å meina at det «er på ingen måte sikkert at flertallet av det jevne tsjekkiske folk vil føle det som har skjedd, som en frihetsberøvelse.»²⁴¹

²³⁸ Ibid., 79

²³⁹ Hovdenakk, *Balansekunstneren*, 95. Det var Gunnar Sand, redaktør i *Telemark Arbeiderblad*, som rapporterte inn Elster. Sand hadde ynskja ei avklaring når det gjaldt *Kontakt*, fordi han som A-presseredaktør ikkje kunne tilrå eit tidsskrift «... som på vesentlige punkter tar standpunkt avvikende fra partiets».

²⁴⁰ Ibid.

²⁴¹ Torolf Elster, «Det tsjekkosllovakiske folkedemokratiet,» *Kontakt* nr. 3 (1948), 37.

Leiarartikkelen i *Kontakt*, som både Aam og Hovdenakk refererte til, stod fremst i marsutgåva av bladet, som altså var på gata 1. mars, ei veker tid etter kuppet. I leiaren gjekk Elster til eit knallhardt angrep på pressa si dekning av av kuppet. «Noen går ut fra at folk ikke kan tenke selv. Andre ønsker å hindre dem i det,» startar han med adresse til avisene, og held fram.

En møter ikke en trusel mot demokratiet ved andre former for masseoppheisselse, men hjelper til med å undergrave det. Her er historiens lære utvetydig. Fram for alt gjelder dette pressen med dens dominerende rolle i samfunnslivet. På denne bakgrunnen må en si at norsk presse behandlet hendelsene i Tsjekkoslovakia rystende ansvarsløst og det gjaldt en alvorlig sak.²⁴²

Elster kritiserer korleis avisene «i sine meldinger blander sammen i et håpløst virvar fakta, grove uriktigheter, hårreisende usannsynligheter, ville selvmotsigelser og rent barnesnakk», og lurar på korleis folk då skal kunna setja seg inn i kva det er som har skjedd.

Brevet frå Elster

Til hovudoppgåva si gjorde Aam som nemnt også eit intervju med Elster, om lag eit halvt år før han leverte oppgåva. I intervjuet fortalde Elster mellom anna om bakgrunnen for artiklane i marsnummeret av *Kontakt*. Aam skriv:

I et intervju for denne hovedoppgaven har Elster nå fortalt at han handlet i samforstand med utenriksminister Lange i denne saken. Det var Lange som kom til kontoret hans i *Kontakt* og spurte om han kunne skrive en artikkel hvor det sterke og negative inntrykket av Sovjet ble dempet. De var begge enige om at man hadde vært for raske til å se Sovjet bak hendelsene i Tsjekkoslovakia og at kritikken av sovjet under alle omstendigheter hadde gått for langt.²⁴³

Dette avsnittet har Aam basert på eit intervju med Torolf Elster gjort 19. september 1996. Eit drygt halvår seinare, 3. april 1997, sendte han hovudoppgåva si i trykken. Truleg sendte han eit eksemplar til Torolf Elster, som i alle høve las avhandlinga kort tid etter at ho var publisert. No, 17 år seinare, har eg fått tilgang til eit brev som Elster sendte til Aam mindre enn to veker etter innleveringa, som kan endra den oppfatninga Aam og Hovdenakk hadde av han. 3. oktober 2014 fekk eg tilsendt ein kopi av brevet frå sonen til Torolf, Jon Elster. Brevet er datert 14. april 1997, og i det kjem Elster med ei faktisk retting av opplysningar Aam ifølgje han hadde misforstått i intervjuet.

²⁴² Torolf Elsters leiar i *Kontakt* nr. 3 (1. mars 1948).

²⁴³ Aam, "Arbeiderbladet og synet på Sovjet," 75.

«Bare på ett punkt kan jeg peke på en direkte og nokså viktig misforståelse når det gjelder min egen virksomhet: kommentarene til Praha-kuppet 1948. Dette må jeg be om blir rettet,» skreiv han.²⁴⁴ Når det gjeld rettinga av informasjonen om kuppet i Tsjekkoslovakia, skriv Elster følgjande:

I omtalen av de første reaksjonene på Praha-kuppet 1948 skriver forfatteren: «Det var Lange (utenriksministeren) som kom til kontoret hans (mitt) i *Kontakt* og spurte om han (jeg) kunne skrive en artikkel hvor det sterke og negative inntrykket av Sovjet ble dempet. De var begge enige om AT MAN HADDE VÆRT FOR RASKE TIL Å SE Sovjet bak hendelsene i Tsjekkoslovakia og at kritikken av Sovjet under alle omstendigheter hadde gått for langt.»

Dette har jeg ikke sagt. Det som skjedde var dette: Dagen etter at kuppet i Praha hadde funnet sted, møtte jeg Lange på hans kontor – jeg husker ikke foranledningen, men det var jo naturlig at vi snakket om dagens store nyhet, og jeg uttalte at jeg syntes avisene hadde kommet med for sterke, kategoriske uttalelser før man hadde sikre, konkrete opplysninger om hva som hadde skjedd. Lange, som jo var historiker, sa seg enig i dette og han foreslo at jeg burde skrive noe om det, altså om nødvendigheten av en kildekritisk holdning til den informasjon som var tilgjengelig på et gitt tidspunkt. Ingen av oss uttalte oss om begivenhetene selv, det fikk vente en dag eller to.

Jeg skrev noe om dette. Og det var dumt av meg. Jeg skrev en lederartikkel i *Kontakt*, det var ingen forklaring eller noe «forsvar» på det som hadde hendt, men bare om hvordan norske aviser hadde kommentert dette, med sterke ord, før en ennå ikke visste så mye. Men allerede en dag eller to etter var jeg klar over at jeg hadde brukt så sterke ord at de kunne oppfattes som en realitetsvurdering av kuppet (slik Aam har gjort). Jeg burde ha tatt artikkelen ut (som alle lederartikkel [sic] i *Kontakt* trykt med klisjé av skrivemaskinskrift, det ville ha tatt et par dager å få laget en klisjé av en ny leder og det var viktig å komme ut fortest mulig). I stedet skrev jeg en ny artikkel med en vurdering av selve kuppet til samme nummer av bladet – «Det tsjekkosllovakiske folkedemokratiet»²⁴⁵

Når det tok en dag eller to før jeg med sikkerhet kunne skrive dette, skyldtes det blant annet at et par ledende tsjekkosllovakiske sosialdemokrater, som var mine gode venner og som jeg hadde tillit til, i første omgang ikke så på dette som et rent kupp. I virkeligheten var jeg selv nærmest ikke i tvil. Halvard Langes reaksjon gikk bare på avisenes formuleringer før de kunne dokumenteres. Fra min side var artikkelen likevel en ubetenksomhet, men når det i manuskriptet tales om min «unnskyldende artikkel» og at jeg «selv etter Praha-kuppet holdt en sovjetvennlig profil», tror jeg det skal bli vanskelig å dokumentere. Og selvsagt heller ikke et «forståelsesfullt» ord fra Halvard Lange om Praha-regimet.²⁴⁶

Leiaren fremst i *Kontakt* er med andre ord skriven «i kampens hete» få dagar etter kuppet, mens «Det tsjekkosllovakiske folkedemokrati» er skriven nokre dagar seinare. Elster innrømte altså at det var dumt av han å skriva den første leiaren, men at den andre artikkelen syner at han ikkje hadde ein sovjetvenleg profil etter kuppet. Eg er nokså samd med han. I artikkelen om det

²⁴⁴ Torolf Elster i brev til Peter Christopher Aam, 14. april 1997, 1

²⁴⁵ Ibid., 2-3

²⁴⁶ Ibid.

tsjekkosllovakiske folkedemokratiet er han ganske kritisk til kommunistane og måten dei har teke makta på, og skriv mellom anna at ein «ganske sterk opposisjon blir nå tvunget under jorden (...) og det er svindel å si at det nye styre har hele det tsjekkiske folk bak seg».²⁴⁷ Slik eg ser det endra Torolf Elster haldningane sine til Sovjetunionen som ein direkte konsekvens av det kommunistiske kuppet i Tsjekkoslovakia.

Samanfatning

I dette kapitlet har eg vurdert reaksjonane til tre av dei fem på det kommunistiske kuppet i Tsjekkoslovakia i februar 1948. Eg har vist korleis to av dei, Sigurd Evensmo og Johan Borgen, ikkje endra haldningane sine til Sovjetunionen som følge av kuppet og ryktene om eit mogleg forsvarspaktilbod. I staden let dei vera å signera ei støtteerklæring for tsjekkiske forfattarar i norske aviser, som fungerte som ein protest mot kuppet. Begge to var ute i avisene og kritiserte oppropet.

For Torolf Elsters vedkommande har eg vist at han snudde i synet på Sovjetunionen som ein følge av kuppet, noko tidlegare forskning ikkje har dokumentert. Med hjelp av eit brev frå Elster til Aam som Jon Elster først nyleg vart gjort merksam på har eg påvist at Elster var feilsitert i hovudoppgåva til Aam.

²⁴⁷ Elster, "Det tsjekkosllovakiske folkedemokratiet," 37.

9: Avslutning

«Ferdig er jeg også med alt som heter ideologier. Det var jeg før femtitallet rant ut. Og når jeg først har sjansen: La meg enda en gang få avsnne det rykte som er blitt hengende ved meg, nemlig at jeg noen gang skulle ha sagt at sosialisme er den politikk Det Norske Arbeiderparti til enhver tid fører.»²⁴⁸

I denne avhandlninga har eg gjennom aviser og arkivmateriale forsøkt å klarleggja kva haldningar Borgen, Dalgard, Elster, Evensmo og Nilsen hadde til Sovjetunionen. I det følgjande skal eg trekkja saman trådane og nå fram til ein konklusjon. Gjennom bakgrunnskapitla om kulturradikalismen og Norsk-Sovjetrussisk Samband har eg forsøkt å skissera opp eit samanhengande bakteppe for hendingane frå 1945 til 1948. Kulturradikalismen var eit viktig straumdrag i mellomkrigstida som prega kvardagen og oppfatningane til Dalgard, Elster og Evensmo i denne perioden. Gjennom Mot Dag og «tilliggende herligheter» fekk dei røynsle med kulturelt organisasjonsarbeid på den radikale venstresida.

Etter krigen gjekk mykje av kulturarbeidet føre seg i Norsk-Sovjetrussisk Samband, som organiserte aktivitetane sine gjennom ulike arbeidsgrupper etter modell av Sosialistisk Kulturfront. Både Dalgard, Elster og Nilsen var med i desse gruppene. Delegasjonsreisene til Sovjetunionen var blant dei viktigaste aktivitetane til Sambandet, og gjennom desse reisene fekk dei fem høve til å vitja Sovjetunionen fleire gonger, og samla materiale til avisartiklar og bøker om opplevingane.

I kapittel 4 såg eg på korleis dei presenterte reiseskildringane sine frå desse reisene, og viste at dei la fram ei positiv haldning til Sovjetunionen gjennom desse reisebrev og artiklane. Både Borgen, Elster og Evensmo gjorde ofte bruk av ein sarkastiske tone i tekstane sine for å harselera med og avfeia meiningsmotstandarar. Men samtidig uttrykte dei fleire gonger frustrasjon over dei harde linjene og den nærmast hatefulle omtalen av motstandarane i den offentlege debatten om aust og vest. Her meinte eg at dei sjølve nok måtte ta på seg ein del av ansvaret for den krasse tonen i

²⁴⁸ Torolf Elster i intervju med *Aftenposten*, 4. april 1993.

debatten på grunn av dei sarkastiske kommentarane også dei kom med mot meiningsmotstandarane.

I kapittel 5 såg eg nærmare på kva oppfatningar dei hadde om det sovjetiske styresettet, særleg jamført med det norske demokratiet. Her såg eg særleg på ein del artiklar og bøker av Torolf Elster, som gjerne ynskja at Sovjetunionen var eit demokrati, og dei første etterkrigsåra gjorde mykje for å framstilla det som eitt. Om mangel på frie val, yringsfridom og andre grunnleggjande rettar kontra han anten med at ting var like ille i Noreg, berre på ein annan måte. Til dømes partisystemet som like gjerne førte til massesuggesjon, og kven kunne eigentleg vera nøgd med å ha yringsfridom når ein ikkje hadde rett til arbeid. Men utover i perioden kom han etter kvart inn med krav om demokratisk kontroll i samfunnet, og frå 1948 anerkjente han ikkje sosialisme utan demokrati – sjølv om han tidlegare ofte hadde gjort unntak for Sovjetunionen, fordi landet var i ein sosialistisk oppbygningsfase, og då var det i orden å setja grunnleggjande rettar til side for ei stund.

Evensmo og Dalgard skreiv ikkje om desse spørsmåla like ofte som Elster, men Dalgard vedgjekk til dømes at det «er en forskjell» på styreformene i Noreg og Sovjetunionen, men såg likevel ingen «vesentlig motsetning». Sigurd Evensmo skreiv i dagbøkene sine at det var framferda til amerikanarane som fekk han til å få større sympati for Sovjetunionen etter krigen, men han avviste kritikken frå August Lange om at han hadde gått for langt i sovjet-apologetisk retning ved å visa til at Lange fekk ha sine erfaringar, og Evensmo hadde sine. Mange år seinare, i *Ut i kulda* frå 1978, var han langt meir kritisk, og skriv at begeistringa ikkje kom av «det samfunn Stalin hadde skapt», men at han og mange andre nordmenn var takksame for den russiske krigs-innsatsen. Han skreiv i 1978 at han hadde vore klar over at utviklinga i Sovjetunionen var «illeværslende», men reiste på delegasjonsreise i 1947 likevel, fordi han ville sjå korleis det var med egne auge. Men desse oppfatningane eller mistankane heldt han for seg sjølv og nemnte ikkje i pressa eller i dagboka på den tida.

I kapittel 6 viste eg at dei fem var grunnleggjande begeistra for det sovjetiske kulturlivet. I *Fra Leningrad til Armenia* gav dei uttrykk for sterk begeistring over korleis russarane hadde organisert kunstlivet, med enorme statlege overføringar og gode løner og bustader til kunstnarane. Dei var like begeistra for samtidsdramatikken – hyllingar av den russiske arbeidaren og folket sin heroiske

krigsinnsats – som dei var for den klassiske dramatikken frå tsartida, og stilte ingen spørsmål ved arbeidsforholda til dramatikarane, trass i at fleire av dei sjølv hadde teateret som arbeidsplass.

I kapittel 7 såg eg nærmare på korleis dei venstreintellektuelle reagerte då dei tidlegare meiningsfellane deira «svikta» saka og gjekk ut og angreip Sovjetunionen offentleg. Mellom anna såg eg nærmare på mottakinga av *Yogien og kommissæren* i norsk presse, og på reaksjonane som kom etter krigen då Arnulf Øverland tok eit svært høglydt farvel med Sovjetunionen.

Endeleg i kapittel 8 drøfta eg det moglege vendepunktet. Kuppet i Tsjekkoslovakia vart eit vasskilje for mange i Noreg, og blant dei var også Torolf Elster. Sjølv om dei første par artiklane han skreiv om kuppet i *Kontakt* ikkje akkurat tok avstand frå det, var han blant dei rundt hundre norske forfattarane som signerte avisoppropet til støtte for dei tsjekkosllovakiske kollegaene eit par månader seinare. Elster hadde snudd. Evensmo og Borgen var også forfattarar, men ingen av dei signerte oppropet. Evensmo fordi han meinte oppropet var ubalansert utan eit tilsvarende spark mot USA si framferd andsynes Franco-Spania. Borgen fordi han meinte han ikkje hadde noko bevis for at forfattarane i Tsjekkoslovakia hadde fått det ille etter kuppet, og truleg også fordi han neppe vart spurt.

På denne tida var han teatermeldar i *Friheten* og av mange rekna som ein kommunist, sjølv om han aldri oppfatta seg som det sjølv. Kva med Dalgard og Nilsen? Dalgard tok over formannsvervet i Sambandet, som han hadde til 1950, skreiv i *Tidsskriftet Samband*, og reiste på ny tur til Sovjetunionen den hausten. Han ser ikkje ut til å ha blitt mindre venleg stemt overfor Sovjetunionen. Hans Jacob Nilsen vart på denne tida nekta innreise til USA, truleg fordi han deltok på fleire internasjonale fredskonferansar som vart rekna som kommunistiske, men også han bedyra i fleire brev og lesarinnlegg at han ikkje var kommunist. Dei siste åra han levde tok likevel Folketeateret, som omsider opna i 1952, det meste av tida hans. Han var også mykje sjuk dei siste åra han levde, og døydde i 1955.

Sovjetbegeistringa

Den fremste likskapen ein etter mi meining ser mellom dei fem når ein analyserer tekstane deira, er den påfallande begeistringa for Sovjetunionen, og den grunnleggjande positive tonen. Dei hadde nesten ingenting negativt å seia om landet. Dei var begeistra for utvikling og

bustadbygging, for alle dei venlege menneska dei møtte. Dei vart imponerte av den russiske patriotismen og begeistra over kollektivbruk og kunst. Der dei såg manglar og liding forklarte dei det med éin gong med krigsherjingane, og sjølv dét vart gjort til noko positivt: sjå kor mykje russarane har måtta tola – for vår skuld.

Dei fremste angrepa frå sovjetkritikarane – at Sovjetunionen var eit totalitært diktatur med likskapstrekk med Hitler-Tyskland – avviste dei. Ingen av dei aksepterte merkelappen «diktatur», men særleg Elster brukte mykje tid og plass på å tilbakevisa desse skuldingane. Han aksepterte til dømes at demokratiet vart sett til side for ein periode når det var spørsmål om oppbygging av den sosialistiske staten. Han utfordra heller den vestlege demokratioppfatninga enn å vurderer kva merkelapp ein kan setja på ein stat som ikkje var demokratisk – i sosialismens namn. Demokrati kunne like gjerne vera styre i folkefleirtalets interesse, som styre av folkefleirtalet, meinte han.

Ingen av dei fem nemnde nokon gong Moskva-prosessane eller Den store terroren på 1930-talet, sjølv om dei må ha vore klar over desse utreinskingane eit tiår seinare. Ettersom dei aldri tok det opp, er det vanskeleg å vurderer om dei ikkje trudde på det som vart fortalt, eller om dei ikkje ville ta det innover seg fordi det braut med førestellingane dei hadde om Sovjetunionen i desse åra. Men som eg nemnde i kapittel 7 om korleis dei argumenterte mot Øverland framstår det som den mest plausible forklaringa at dei ignorerte desse hendingane med vilje for å kunna oppretthalda eit positivt syn på Sovjetunionen.

Debattklimaet

Dei fem deltok i det til tider harde, offentlege ordsiftet om aust-vest som gjekk føre seg i norsk debatt i denne perioden, og dei gav uttrykk for at dei harde frontane i debatten hindra at ein faktisk kunne snakka saman og koma fram til ny kunnskap. Samtidig er det mykje som tydar på at dei sjølve var med bidrog til det same harde debattklimaet, med til tider harselerande fråsegn mot meiningsmotstandarane, så *så* ille kan dei ikkje ha syntest at det var.

I dag kan ein kanskje sjå noko liknande i den norske debatten om Israel-Palestina-konflikten, der begge sider på førehand har avgjort kva dei meiner er rett, ikkje lyttar til synspunkta til den andre sida, og aktivt undergrev informasjon som ein kjenner kan svekka eiga sak. Også her har ein ei

klar oppfatning av kven ein reknar som dei «gode», og kven som er dei «onde». Utover det vil eg ikkje seia at ein kan jamføra desse to konfliktane i særleg grad.

Etter Tsjekkoslovakia-kuppet

Den viktigaste skilnaden mellom dei fem kjem etter mi meining fram i korleis dei reagerte på kuppet i Tsjekkoslovakia i 1948. For Torolf Elster verka det som ein vekkjar, men han er den einaste av dei fem som tydeleg viser ei haldningsendring som følgje av kuppet. Etter litt forvirring dei første dagane, var han klar då støvet la seg, og signerte til dømes forfatarprotesten i starten av april 1948 saman med mellom andre Arnulf Øverland. Elster heldt også fram som medlem av Arbeidarpartiet etter at partiet gjekk inn for norsk NATO-medlemskap våren 1949. Sjølv om han hørde til på venstresida i partiet, var det aldri aktuelt å bryta ut, og i ettertida er han trekt fram som ein av dei viktigaste partiideologane i Arbeidarpartiet.

Med Sigurd Evensmo og Johan Borgen var det annleis. Borgen var aldri medlem av Arbeidarpartiet, mens Evensmo som nemnt meldte seg ut etter NATO-vedtaket i 1949. Frå då av kom han med i den litt famlande, intellektuelle opposisjonen mot regjeringas utanriks- og forsvarspolitik, frå rundt 1950 ført an av helsedirektør Karl Evang. I 1952-53 munna dette arbeidet ut i avisa *Orientering*, som eg kjem tilbake til om litt.

I Tsjekkoslovakia-spørsmålet er det som nemnt mindre å seia om Dalgard og Nilsen. Eg har ikkje funne kjelder der dei kommenterer eller nemner invasjonen i desse åra. I memoarboka *Samtid II. Krig og etterkrigsproblem* er Dalgard så vidt inne på Tsjekkoslovakia, som eitt av fleire land der kommunistane gjorde kupp «utan at desse folka fekk høve til å seie si meining ved folkeavrøysting», og han gir Sovjetunionen skulda for å stå bak – og gi «den kalde krigen vind i segla». Dalgard kommenterer NATO-spørsmålet, og skriv at det vart ein «sprengkile som skulle ete seg lenger og lenger inn i partiorganismen, for å resultere i ei sprenging». Resultatet vart som kjent SF. Dalgard meiner at det nye partiet fekk «truleg viktigaste tilsiget – i Norge som i Danmark – frå dei som hadde slutta seg til kommunistpartiet etter krigen, men av ymse grunnar hadde mist trua på NKP som samlingsparti for arbeidarrørsla».

Dalgard skriv at han for det meste var samd med SF-opposisjonen, men ynskja å bli ståande i det gamle partiet likevel. «Einaste gongen etter krigen eg har vore aktiv på noe partimøte var da

Orienterings-flokken vedtok å starte Sosialistisk Folkeparti,» skriv han.²⁴⁹ Han vart kritisert fleire gonger i avisene for å ha for nære band til Sovjetunionen sist på 1940-talet, og då han i 1949 vart stilt åtte spørsmål om Sovjetunionen av journalisten Tryggve B. Steen, svarte han med ein lang artikkel der han ikkje i særleg grad svarte direkte på spørsmåla til Steen, skriv Jan Olav Gatland i biografien om Dalgard. «Alle statssamskipnader har sine sterke og sine veike sider», skreiv Dalgard i svaret, og trekte fram Nordahl Grieg som ein som «har stelt seg kritisk, men samstundes positivt erkjennande» til systemet i Sovjetunionen.²⁵⁰

Hans Jacob Nilsen var då kuppet skjedd i slutten av februar svært travelt oppteken med dei siste prøvane på *Peer Gynt*, som vart sett opp på Det Norske Teatret – på nynorsk, og med nyskriven musikk av Harald Sæverud, noko som skapte mykje debatt og hets. Nilsen spelte hovudrolla som Peer Gynt og var også instruktør. Dottera Sidsel Marie Nilsen skriv i biografien om faren at det var mykje debatt i avisene, men at folk også ringte heim til dei.

Hjemme var anonyme telefonoppringningar med påfølgende æresskjelling daglig (og nattlig) kost. Jeg tok selv telefonen enkelte ganger når jeg våknet om natten av at den ringte, og for en fjorten år gammel jente var det et sjokk å høre kva folk kunne få seg til å si. Også sympatien for Sovjetunionen ble blandet inn i debatten (...).²⁵¹

I biografien er Tsjekkoslovakia ikkje nemnt, men dottera skriv om faren at «[h]ans beundring for og tro på Sovjetunionens fremtid kan virke naiv i dag. Men de sykdommer som ødela Sovjetunionen innenfra som en kreftbyll, hadde ennå ikke vist seg i sin fulle bredde».²⁵²

Eit endeleg oppgjer?

Sjølv om Borgen, Dalgard, Elster og Evensmo slutta å arbeida aktivt for å fremja sovjetsaka i den norske debatten i åra etter Tsjekkoslovakia-kuppet, var det ingen av dei tok eit endeleg, offentleg oppgjer med standpunkta sine, så langt eg har undersøkt. Elster vart meir vestvendt etter kuppet, og var til dømes for norsk tilslutning til fellesmarknaden. I 1993 sa han i eit intervju i *Aftenposten* at han var «ferdig (...) med alt som heter ideologier. Det var jeg før femtitallet rant ut».²⁵³

²⁴⁹ Dalgard, *Samtid II*, 204-205.

²⁵⁰ Jan Olav Gatland. *Olav Dalgard - ein biografi* (Oslo: Samlaget, 2013), 163-164.

²⁵¹ Nilsen, *Helst mot urolig vær*, 239-240.

²⁵² *Ibid.*, 263.

²⁵³ *Aftenposten*, 4. april 1993.

Tydelegare enn dette var han ikkje i spørsmålet, og kva ideologiar det er han siktar til, er ikkje heilt visst, sjølv om det godt kan tenkjast at han snakkar om den radikale sosialismen.

Sigurd Evensmo viste ei meir kritiserande haldning til Sovjetunionen i *Ut i kulda* enn han gjorde i den aktuelle perioden, men skreiv ikkje ting som at han hadde teke feil eller vore for naiv. Det kom heller ikkje fram i intervju eller kommentarar i pressa. Noko offentleg oppgjer utover det han skreiv i memoarbøkene, kom det ikkje frå Sigurd Evensmo.

Til liks med Sigurd Evensmo hadde også Olav Dalgard ei noko meir kritisk haldning til Sovjetunionen på 1970-talet enn han viste på slutten av 1940-talet. Men heller ikkje han tok noko skikkeleg oppgjer med den tidlegare begeistringa for Stalins regime. Biografen Gatland nemner heller ikkje noko slikt i *Olav Dalgard. Ein biografi*, som kom ut i 2013. Så seint som i desember 1962 reiste Dalgard igjen til Sovjetunionen som del av ein større delegasjon med over førti deltakarar i regi av Norsk-Sovjetrussisk Samband.²⁵⁴

Johan Borgen gjekk etter kvart med Sigurd Evensmo i Orientering-krinsen, men var ikkje like politisk oppteken som kollegaen, sjølv om han var engasjert. Biograf Espen Haavardsholm skriv at Borgen la større avstand mellom seg sjølv og kommunistane etter partistriden i 1949, då Peder Furubotn vart ekskludert.

Han bestemmer seg for ikke å fornye avtalen verken med Falken eller med Friheten. Kanskje ville han ha blitt sparket dersom han ikke hadde sluttet på egen hånd; for det fins folk både blant Peder Furubotns og Emil Løvliens mest trofaste kadre som alltid har ansett denne Johan Collett Müller Borgen som et fremmedelement i en bevegelse av 'rene og ranke'.²⁵⁵

I 1950 gjekk Borgen tilbake til *Dagbladet*, og i 1954 vart han redaktør i *Vinduet*. I 1962 fylte han 60 år, men var framleis ein radikal mann. «Den frie verden? Det er en floskel (...). Jeg er sosialist. Orientering er den eneste avis jeg er helt enig med ideologisk», sa han i eit intervju med Kjell Cordtsen i nettopp *Orientering* i 1964.²⁵⁶ Men nokre år seinare, i 1972, fortalde han at «[j]eg har aldri greidd å være marxist, har aldri nådd til det,» og forklarte vidare at entusiasmen for Sovjetunionen i tidlegare år hadde vore både halvhjerta og demonstrativ, «man kan si at det var et

²⁵⁴ *Verdens Gang*, 27. desember 1962.

²⁵⁵ Haavardsholm, *Øst for Eden*, 255.

²⁵⁶ *Ibid.*, 355.

falskspill fra min side å være så utpreget venstreradikal. Jeg ble det på faenskap! – fordi jeg så så mye følt omkring meg, som jeg ikke kunne finne meg i – etter at Sovjetunionen tross alt var en av de stater som reddet vår eksistens,» sa han i intervjuet, men han la også til at han ikkje angra.²⁵⁷

Hans Jacob Nilsen døydde som nemnt allereie i 1955, og det går ikkje fram av avisene eller av biografien som dottera skreiv om han mange år seinare at han endra synspunkt på Sovjetunionen eller tok noko offentleg «oppgjær» med haldningane sine.

Orientering og «det tredje standpunktet»

Orientering kom med det første prøvenummeret i desember 1952, med Evensmo som redaktør frå den første ordinære utgåva i februar 1953. Krinsen rundt avisa bestod den første tida for det meste av DNA-medlemmer, blant dei Karl Evang og Finn Gustavsen, som var kritiske til partiet si utanrikspolitiske linje og særskilt til NATO-medlemskapen. *Orientering* forsøkte – og lukkast i stor grad med – å staka ut ein annan kurs for norsk utanrikspolitikk, det såkalla tredje standpunktet, «et politisk syn som skulle ta avstand fra begge maktblokkene, fra maktmisbruk både i øst og vest, som la seg godt til venstre for Arbeiderpartiet (...), men som var beinhardt på et punkt: Demokratiet måtte ligge i bunnen,» skriv Birgitte Kjos Fonn i *Orientering. Rebellenes avis*.²⁵⁸

Finn Gustavsen skriv at det var Sigurd Evensmo som var «den ivrigste vokteren av vår tredjestandpunkts dyd». Han hadde ført retningslinjene til *Orientering* i pennen, der det mellom anna heitte at «Sovjetsamveldet befester diktaturet istedet for å avvikle det, ikke bare innenfor samveldet selv, men også i tilstøtende 'interesseområder', samtidig som kommunistpartiene i vest nyttes som brikker i stormaktsspillet».²⁵⁹ Finn Gustavsen skreiv i *Rett på sak* at Evensmo nærmast ville gi seg i *Orientering* før bladet var kome skikkeleg i gang, fordi han syntes prøvenummeret frå desember 1952, med Jakob Friis som redaktør, var altfor austvendt.

Men Fonn viser også at *Orientering* i praksis ikkje var så god til å følgja opp sitt eige standpunkt. «Fra første stund var det et påfallende misforhold mellom både fokus og omtale når det gjaldt de

²⁵⁷ Haagen Ringnes, *Johan Borgen, har vi ham nå? Bruddstykker av et portrett* (Oslo: Cappelen, 1993), 130.

²⁵⁸ Birgitte Kjos Fonn, *Orientering. Rebellenes avis*, (Oslo: Pax, 2011), 10.

²⁵⁹ Finn Gustavsen, *Rett på sak* (Oslo: Pax, 1968), 27-29.

to maktblokkene,» skriv ho. I avisa hadde USA ein dominerande plass, «og omtalene var svært ofte kritisk og negativt vinklet».²⁶⁰ Omtalen av Sovjetunionen var tilsvarande positivt vinkla. Ifølgje Fonn tok Evensmo prinsipielt avstand frå totalitære regime, men han «var svært fascinert av det sosialistiske eksperimentet i Jugoslavia – som til tross for sitt ‘menneskelige’ ansikt hadde klare totalitære trekk». Ho konkluderer med at «både Evang og Evensmo må også til tider ha valgt å lukke øynene for ubehagelige forhold».²⁶¹I *Orientering*-krinsen fekk Evensmo etter kvart også selskap av Johan Borgen, som vart fast skribent for avisa. I 1959 vart dei i krinsen som framleis var medlemmer av Arbeidarpartiet ekskluderte, og under to år seinare såg partiet Sosialistisk Folkeparti (SF) dagens lys.

Vidare forskning?

Desse fem som eg har undersøkt haldningane til utgjorde eit lite sjikt av ei større gruppe intellektuelle på venstresida. Haldningane i denne gruppa i perioden fram mot den norske tilslutninga til Atlanterhavspakta har ikkje vore gjenstand for meir djuptgåande undersøkingar tidlegare. Sjølv om eg med denne oppgåva har vist at dei som stod på utsida av DNA i liten grad let seg påverka til å revurdera i sitt utanrikspolitiske syn etter kuppet i Tsjekkoslovakia, er det vanskeleg å konkludera med at det var det same for andre i denne gruppa. Til det er dei intellektuelle ei for ueinsarta gruppe, og mitt utval av dei for lite.

Å undersøkje haldningane frå 1945 og fram til etableringa av *Orientering* for ein breiare krets, trur eg kan gje interessante perspektiv rundt opprettinga av avisa og den utanriks- og forsvarspolitiske opposisjonen i desse åra, og truleg gi eit betre grunnlag for å forklara kvifor avisa slik Fonn framstiller det i dei første åra hadde vanskar med å halda seg til prinsippa bak sitt eige tredje standpunkt. Andre undersøkingar kan også bidra til å avdekkja samanhengar mellom dei kulturradikale i mellomkrigstida og framveksten av den nyradikale tradisjonen på 1950- og 1960-talet, med *Orientering* som eit viktig sentrum i eit sjikt i den offentlege debatten som engasjerte seg sterkt i mellom anna kampen mot NATO og mot atomvåpen.

²⁶⁰ Ibid., 58.

²⁶¹ Ibid., 64-65

Konklusjon

Gjennom denne avhandlingen har eg dokumentert korleis eit lite, men viktig sjikt i norsk offentleg liv på den aktuelle tida hadde svært positive haldningar til Sovjetunionen. For dei fleste av dei endra ikkje dette seg nemneverdig i perioden, sjølv etter at kuppet i Tsjekkoslovakia og frykta i det norske utanriksdepartementet for at Noreg skulle vera «neste land ut» var eit faktum. Eg har vist at dei positive haldningane gjekk djupare og varte lenger i tid enn mange i ettertid kanskje har trudd, og har på den måten bidrege med ny kunnskap til ein flik av venstresidas historie som ikkje er blitt så godt undersøkt. Historia til *Orientering* er skildra godt av Birgitte Kjos Fonn, men eg meiner mine funn bidreg til å kasta ytterlegare lys over haldningane til Sigurd Evensmo, som var redaktør eller medlem av redaksjonsrådet gjennom heile 1950-talet. Også Johan Borgen, som var fast bidragsytar i *Orientering*, framstod som svært Sovjet-venleg, sjølv om han seinare i livet meinte det var «på faenskap».

Eg stilte i sjølve tittelen på oppgåva mi spørsmål om desse fem venstreintellektuelle kunne reknast som kommunismens medløparar. I den grad ein ynskjer å bruka ord som «medløpar» om folk som sympatiserte sterkt med det eine eller andre ideologiske straumdraget, kan det vera fruktbart å nytta det her. I avisdebattane i denne perioden viste alle fem tidvis medløpar-tendensar gjennom å til dømes unnlata å fortelja om negative trekk og mistenksame haldningar dei hadde til Sovjetunionen, og ein kan forsvare ein slik merkelapp. Samtidig er det klart at haldningane til alle fem var godt forankra i det norske demokratiet. Dei ville neppe importert sovjetiske samfunnsløysingar hit om dei hadde fått høvet. Dei var først og fremst begeistra for kunsten og kulturen i Sovjetunionen, og sjølv om dei tidvis unnlet å kritisera han, var det heller ingen av dei som hylla Sovjetunionens diktatoriske leiar Josef Stalin.

Kjelder og litteratur

Aviser og tidsskrift

Aftenposten, 26.6.1946, 14.1.1947, 30.1.1947, 4.4.1993.

Aktuell, 6.4.1946, 18.5.1946.

Arbeiderbladet, 5.10.1945, 9.2.1946, 25.5.1946, 29.6.1946, 21.11.1946, 22.11.1946, 6.12.1946, 24.12.1946, 8.1.1947, 13.1.1947, 28.5.1947, 31.5.1947, 4.6.1947, 13.12.1947, 6.4.1948.

Christianssands Tidende, 9.1.1948.

Dagbladet, 15.3.1946, 10.4.1946, 9.1.1947, 27.1.1947, 3.4.1948, 5.4.1948.

Friheten, 26.6.1945, 7.7.1945, 3.6.1947, 10.4.1948, 24.4.1948.

Kontakt, 2. årgang, 1948.

Morgenbladet, 5.4.1948.

Tidsskriftet Samband, årgang 1-2 (1946 og 1950), Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek

Verdens Gang, 25.8.1945, 2.12.1946, 7.11.1950, 27.12.1962.

Arkivmateriale

Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek (AAB), Norsk-Sovjetrussisk Sambands arkiv, informasjonsskriv til fagforeiningar om Sambandet (AAB-ARK-1741).

Nasjonalbiblioteket (NB), Teatersamlinga, A20. Hans Jacob Nilsen.

NB, Ubehandlet 127. Johan og Annemarta Borgens arkiv, eske 1-6.

NB, Ubehandlet 315. Torolf og Magli Elsters arkiv.

Riksarkivet, Privatarkivet etter Harald Hals: RA/PA-0311/F/L0010. Om Sovjetunionen: Innberetning, foredrag, avisartikler. Kulturdelegasjonens reiserapport, manuskript.

Brev

Brev frå Torolf Elster til Peter Christopher Aam, 14. april 1997. Tilsendt frå Jon Elster via Jarle Simensen.

Trykte kjelder

- Dalgard, Olav. *Samtid I: Politikk, kunstliv og kulturkamp i mellomkrigstida*. Oslo: Tiden Norsk Forlag, 1973.
- Dalgard, Olav. *Samtid II: Krig og etterkrigsproblem*. Oslo: Tiden Norsk Forlag, 1978.
- Det norske Arbeiderpartis forlag, *En dokumentasjon. Forhandlingene om samling av Det norske arbeiderparti og Norges kommunistiske parti*. Oslo: Det norske Arbeiderpartis forlag, 1945.
- Elster, Torolf. *Frihet og demokrati*. Oslo: Tiden Norsk Forlag, 1947.
- Elster, Torolf. *Øst og vest. Etterkrigstidens problemer*. Oslo: Tiden Norsk Forlag, 1948.
- Evensmo, Sigurd. *Ut i kulda*. Oslo: Gyldendal, 1978.
- Evensmo, Sigurd. *Ingen fred å finne. Artikler, essays, innlegg 1935-1977. Utvalg og forord ved Thorleif Skjævesland*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, 1982.
- Koestler, Arthur. *Yogien og kommissæren og andre essays*, omsett av Trygve Width. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, 1946.
- Norsk-Sovjetrussisk Samband. *Fra Leningrad til Armenia. Inntrykk og opplevelser fra den norske kulturdelegasjons reise i Sovjetsamveldet 1947*. Oslo: Falken Forlag, 1947.
- Øverland, Arnulf. *Det har ringt for annen gang. Taler og artikler*. Oslo: H. Aschehoug & Co, 1946.

Litteratur

- Bentzen, Geir. "En tid for begeistring – nordmenn og Sovjetunionen i 1945." *Arbeiderhistorie* (2002): 121-137.
- Bown, Matthew Cullerne. *Art under Stalin*. Oxford: Phaidon, 1991.
- Bromark, Stian og Halvor Finnes Tretvoll. *Sigurd Evensmo. Alene blant de mange. En biografi* Oslo: Cappelen Damm, 2009.
- Bull, Trygve. *Mot Dag og Erling Falk*. Trondheim: J.W. Cappelens Forlag, 4. utgåve, 1987.
- Caute, David. *The Fellow-Travelers. Intellectual Friends of Communism*. New Haven: Yale University Press, 1988.
- Dahl, Hans Fredrik. "Knut Hamsun og Nordahl Grieg – norske intellektuelle i totalitære bevegelser," i *Intellektuelle og det totalitære – pervertert idealisme?* redigert av Øystein Sørensen, Bernt Hagtvet og Nik. Brandal, 16-30. Oslo: Dreyers forlag, 2014.
- Dahl, Hans Fredrik og Øystein Sørensen. *Et rettferdig oppgjør? Rettsoppgjøret i Norge etter 1945*. Oslo: Pax Forlag, 2004.
- Dahl, Willy. *Arnulf Øverland. En biografi*. Oslo: Aschehoug, 1989
- David-Fox, Michael. "The Fellow Travelers Revisited: The 'Cultured West' through Soviet Eyes." *Journal of Modern History* 75 (juni 2003): 300-335.
- Egge, Åsmund og Sven G. Holtmark. "Soviet diplomats and the Norwegian left, 1921-1939," I *Caution & Compliance. Norwegian-Russian Diplomatic Relations 1814-2014*, redigert av Kari Aga Myklebost og Stian Bones, 101-112. Stamsund: Orkana akademisk, 2012.
- Evensmo, Sigurd. "Kulturfronten som raknet. Et glemt kapittel om kunstnerne og arbeiderbevegelsen – og et perspektiv," i *Injurier*, redigert av Odd Eidem, 74-86. Oslo: J.W. Cappelens forlag, 1965.
- Fonn, Birgitte Kjos. *Orientering. Rebellenes avis*. Oslo: Pax Forlag, 2011.
- Furre, Berge. *Vårt hundreår. Norsk historie 1905-1990*. Oslo: Det Norske Samlaget, 1991.
- Gatland, Jan Olav. *Olav Dalgard - ein biografi*. Oslo: Samlaget, 2013.
- Gleason, Abbott. *Totalitarianism: The Inner Workings of the Cold War*. Oxford: Oxford University Press, 1995.
- Golomstock, Igor. *Totalitarian Art in the Soviet Union, the Third Reich, Fascist Italy and the People's Republic of China*. London: Collins Harvill, 1990.
- Gustavsen, Finn. *Rett på sak*. Oslo: Pax Forlag, 1968.

- Hoel, Oddmund L. "Mellom venstrestaten og arbeidarpartistaten," i *Studentar i målstrid. Studentmållaget i Oslo 1900-2000*, redigert av Olaf Almenningen, Oddmund L. Hoel, Geir Martin Pilskog og Håvard Tangen, 93-103. Oslo: Det Norske Samlaget, 2003.
- Hollander, Paul. *Political Pilgrims. Travels of Western intellectuals to the Soviet Union, China, and Cuba 1928-1978*. New York: Oxford University Press, 1981.
- Hovdenakk, Sindre. *Torolf Elster. Balansekunstneren*. Oslo: Pax Forlag, 2011.
- Haakonsen, Daniel. *Arnulf Øverland og den etiske realisme 1905-40*. Oslo: H. Aschehoug & co. (W. Nygaard), 1966.
- Haavardsholm, Espen. *Øst for Eden. En biografi om Johan Borgen*. Oslo: Gyldendal, 2000.
- Knarlag, Kjetil A. "Orientering og synet på Sovjetunionen 1952-1964." Hovudoppgåve i historie, NTNU, 1999.
- Kostiainen, Auvo. "The Soviet Tourist Industry as seen by the Western Tourists of the late Soviet Period," paper presentert på XIII International Congress of Economic Historians (Buenos Aires, Argentina, 22-26. juli 2002), på nett: <http://users.utu.fi/aukosti/Soviet%20Tourism.html>. [lesedato: 4.11.2014]
- Lahlum, Hans Olav. "Arbeiderpartiet i norsk politikk 1945-57." Upublisert førelesing (Universitetet i Oslo 30. januar 2012).
- Lenin, Vladimir Ilitsj. *Om litteratur og kunst*. Oslo: Forlaget Ny Dag, 1981.
- Longum, Leif. *Drømmen om det frie menneske. Norsk kulturradikalisme og mellomkrigstidens radikale trekløver: Hoel — Krog — Øverland*. Oslo: Universitetsforlaget, 1986.
- Lund, Kathrine. *Kunst og kamp. Sosialistisk kulturfront*. Oslo: Orfeus, 2012.
- Marx, Karl og Friedrich Engels. *Det kommunistiske manifest*. 1848.
- Meling, Halvor. "'En ny verden'. Mot Dags syn på Sovjetunionen 1930-1936." Masteroppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 2013.
- Nilsen, Sidsel Marie. *Helst mot urolig vær. Teatermannen Hans Jacob Nilsen*. Oslo: Aschehoug, 1997.
- Olstad, Finn. *Frihetens århundre. Norsk historie gjennom de siste hundre år*. Oslo: Pax Forlag, 2010.
- Palmowski, Jan. *Oxford Dictionary of Twentieth-Century World History*. Oxford: Oxford University Press, 1997.
- Racine, Nicole. "The Clarté Movement in France, 1919-21." *Journal of Contemporary History* 2, nr. 2 (april 1967): 195-208.
- Ringnes, Haagen. *Johan Borgen, har vi ham nå? Bruddstykker av et portrett*. Oslo: Cappelen, 1993.

- Roslyng-Jensen, Palle. "From World War to Cold War. Scandinavian media attitudes to the Soviet Union 1945-1948." *Scandinavian Journal of History* 37, nr. 4 (2012): 526-548.
- Rotihaug, Ingunn. "Sambandet Norge-Sovjetunionen 1945-1970. Kulturambassadør eller politisk reiskap?" Hovedoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 1998.
- Rønning, Ole Martin. "Norsk-russiske forbindelser i mellomkrigstiden. Noen trekk ved den norske virksomheten i Russland." *Arbeiderhistorie* (2002): 33-51.
- Rønning, Ole Martin. "Stalins elever. Kominterns kaderskoler og Norges Kommunistiske Parti 1926-1949." Doktorgradsavhandling i historie, Universitetet i Oslo, 2010.
- Sahr, Erling Tore. "Norske pressereaksjoner på Sovjets politikk i Øst-Europa i perioden 1948-1968." Hovedoppgåve i historie, Universitetet i Bergen, 1974.
- Skre, Arnhild. «'En kostbar og farlig tid.' Vestvendingen i norsk presse 1947-1949», *Pressehistorisk tidsskrift* nr. 14 (november 2010): 40-106.
- Sternburg, Wilhelm von. *Lion Feuchtwanger. Ein deutsches Schriftstellerleben*. Berlin: Aufbau, 1994.
- Sundvall, Eirik Wig. "Nazikommunisme? Arbeiderpartiets syn på Sovjetunionen 1939-1940." Masteroppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 2013.
- Sverdrup, Jakob. *Inn i storpolitikken 1940-1949*, bind 4 av *Norsk utenrikspolitikkens historie*, redigert av Olav Riste. Oslo: Universitetsforlaget, 1996.
- Sørensen, Øystein. *Drømmen om det fullkomne samfunn. Fire totalitære ideologier – én totalitær mentalitet?* Oslo: Aschehoug, 2011.
- Sørensen, Øystein. "Intellektuelle og det totalitære – en trist historie," i *Intellektuelle og det totalitære – pervertert idealisme?* redigert av Øystein Sørensen, Bernt Hagtvet og Nik. Brandal, 9-15. Oslo: Dreyers forlag, 2014.
- Sørensen, Øystein. "Venstreekstremismen og dens omland," i *Venstreekstremisme. Ideer og bevegelser*, redigert av Øystein Sørensen, Bernt Hagtvet og Nik. Brandal, 7-33. Oslo: Dreyers forlag, 2013.
- Tubaas, Eli Irene. "Holdninger i norsk arbeiderbevegelse til den russiske revolusjon og det nye sovjetstyret. En analyse av Adam Egede-Nissens, Arvid G. Hansens, Emil Stangs, Edvard Bull (d.e.)s og Michael Puntervolds holdninger til den russiske revolusjon og det nye sovjetstyret." Hovedoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 2000.
- Øverland, Arnulf. *Livets minutter*. Oslo: Aschehoug, 1963.
- Aam, Peter Christopher. "Arbeiderbladet og synet på Sovjet 14. mai 1945 – 21. juli 1948." Hovedoppgåve i historie, NTNU, 1997.

Vedlegg

- a. Lista over dei som underteikna oppropet som vart publisert i fleire norske aviser 29. juni 1945. Denne namnelista er henta frå oppropet slik det stod trykt i *Friheten*.
- b. Lista over kulturdelegasjonane frå Noreg til Sovjetunionen i regi av Sambandet i perioden 1947-1952.

A: Lista over dei som signerte oppropet for å skipa Sambandet i 1945

Rolf Andvord, ambassadør
Sven Arntzen, riksadvokat
Reidar Aulie, kunstmaler
Paal Berg, høyesterettsjustitiarius
Birger Bergersen, rektor
Trygve Bratteli, sekretær
Alex Brinchmann
A. W. Brøgger, professor
Gunnar Bråthen, sekretær
Chr. A. R. Christensen, redaktør
Chr. Christiansen, fabrikkfører
Olav Dalgard, magister
A. Egede-Nissen, postmester
Ørnulf Egge, sekretær
Reidar Enger, kunstmaler
Karl Evang, medisinaldirektør
Arne Falk, redaktør
Kolbjørn Fjeld, forlagsbokhandler
P. Furubotn
Arne Gallis, magister
Einar Gerhardsen, statsminister
Claes Gill, teatersjef
Ellen Gleditsch, professor
Sigurd Grieg, underbestyrer
Henrik Groth, forlagssjef
Johs. Hansen, kontorsjef
W.A. Hartmann, disponent
Kåre Haugen, journalist
Harald Hals, reguleringsjef
Arne Halvorsen, dr.
Asbjørn Halvorsen, generalsekretær
Kirsten Hansteen, statsråd
Rolf Hofmo, sekretær
Gustav Heiberg, h.r.-advokat
Olaf Helset, oberst
Knut Hergel, teatersjef
Chr. Hilt, journalist
Henrik Hjartøy, bibliotekar
Nils Hjelmteit, statsråd
Odd Hølaas, forfatter
Trond Hegna, redaktør
Sverre Iversen, rådmann
Gunnar Janson, billedhogger
Arne Johnsen, sekretær
Stein Johnsen, sekretær
Wilh. Keilhau, professor
Jacob Christie Kielland, arkitekt
Per Krogh, kunstmaler
Olav Kvalheim, lærer
Kjell Grude Kviberg, redaktør
Per Kviberg, overlærer
August Lange, lektor
Halvard Lange, skolestyrer
Fr. Lange-Nielsen, direktør
Gunnar Larsen, redaktør
Olaf Larsen, redaktør
Trygve Lie, utenriksminister
Adolf Lindvik, professor
Aase Lionæs, sekretær
Frits von der Lippe, forlagssekretær
Diderich H. Lund, ingeniør
Karl C. Lyche, kaptein
Georg Løkkeberg, skuespiller
Tordis Maurstad, skuespillerinne
Willi Midelfart, kunstmaler
Finn Moe, redaktør
Thorv. L. Moe, direktør
Agnes Mowinckel
Aksel Njå, sekretær
Konrad Nordahl, forretningsfører
Adam Pettersen, direktør
Gerda Ring, skuespillerinne
Alf Rolfsen, kunstmaler
Olav Røgeberg, redaktør
Otto Ruge, kommanderende general
Olav Rytter, programsekretær
Ferdinand Schjelderup, h.r.dommer
Harald Schelderup, professor
Didrik Arup Seip, rektor
Gustav Sjaastad, h.r.advokat
O. Solumsmoen, redaktør
Alf Sommerfelt, professor
Chr. S. Stang, professor
Emil Stang, h.r.dommer
Nic. Stang, cand.philol
Erling Steen, direktør
Sverre Steen, professor
Aksel Strøm, professor
Johan Grundt Tanum, forlegger
Thina Thorleifsen, sekretær
Rolv Thesen, dr. philos
Martin Tranmæl, redaktør
Fredrik Vogt, rektor
Hans Vogt, prosektor
J.H. Vogt, dr.med
Aslaug Vaa, forfatterinne
Sigurd Winge, kunstmaler
Kalmar Øksnes, byråsjef
Rolf Aakervik, sekretær
Solveig Aakervik, husmor
Kr. Aamodt, kinodirektør

B: Lista over kulturdelegasjonar til Sovjetunionen i regi av Sambandet 1947-1952

April-mai 1947:

Kaare Fostervoll, kultur og undervisningsminister
Harald Hals, arkitekt og leiar av Sambandet
Kirsten Hansteen, politikar
Hans Jacob Nilsen, teatersjef
Olav Dalgard, dramaturg
Christian Hilt, sekretær
Aksel Njø, sekretær
Klaus Egge, komponist
Harald Sæverud, komponist
Johan Borgen, forfattar
Torolf Elster, forfattar
Olav Rytter, journalist

November 1947: «7. november-delegasjonen»

Just Lippe, journalist
Sigurd Evensmo, journalist
Andreas Søvik, tillitsvald i Oslo Stein-, Jord- og Cementarbeideres forening

November-desember 1948:

Birger Næss
Johan Ring, forfattar
Torborg Nedreaas, forfattar
Olav Dalgard, dramaturg
Helga Evang
Einar Gahnstrøm
Rolf Hansen
Odd Hilt, bilethoggar
L. Braseth

Hausten 1950:

Christian Astrup, lege
Per Bergan, realist
Jon Bjørnson, medisinalråd
Alf Bie Christiansen, journalist
Henrik Finne, målar
Lise Lindbæk, journalist
Kaare Stokke, landssekretær i Sambandet
Øivind Bolstad, forfattar
Einar Ravnbo, bygningsarbeidar
Kåre Selnes, lektor
K. S. Størseth, ingeniør

1952:

Eilif Armand, skodespelar
Sverre Bergh, komponist
Odd Eidem, forfattar
Finn Faaborg, målar
Anton Jakhelln, magister
John Nielsen, redaktør
Harald Ofstad, universitetsstipendiat
Thomas Tostrup, arkitekt
Solveig Bradland, lærarinne
Alf Bakken, brannformann
Gunnar Lunner, sporvognsførar
V. Lund Olsen, karosserimakar
Charles Trondsen, kommunearbeidar
Sverre Vestvik, småbrukar